



**Høgskolen  
i Innlandet**

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

**Lise Ingebrigtsen og Jostein Øgård**

## **Masteroppgåve**

***Korleis fungerer det alkoholførebyggjande  
arbeidet knytt til ungdom på Stord, slik  
sentrale fagpersonar vurderer det?***

How does the prevention of alcohol among youth  
in Stord work, as perceived by key professionals  
working within that area?

Master i tverrfaglig arbeid med barn, unge og familier

TBU4901

**2022**

## **Forord**

Me vil særleg takke deltakarane i studien, som bidrog med sine refleksjonar og erfaringar i intervju. Utan dykk hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre prosjektet.

Takk til rettleiar, Jan Andersen, for god rettleiing og konstruktive tilbakemeldinga frå start til slutt.

Takk til familie og vener for god støtte og tolmod. Særleg takk til Hilde for ditt engasjement i oppgåva.

## Samandrag

Målsetjinga med studien er å få fram sentrale element ved alkoholførebyggjande arbeid ovanfor ungdom. Problemstillinga er difor som fylgjande: *Korleis fungerer det alkoholførebyggjande arbeidet knytt til ungdom på Stord, slik sentrale fagpersonar vurderer det?* Studien kan bidra til at offentleg tilsette som arbeider med ungdom, får auka si forståing og kunnskap om korleis dei kan bidra til at unge får ei trygg og god oppvekst. Me har nytta teori om tverrfagleg samarbeid, transaksjonsmodellen, i tillegg til risiko- og beskyttelsesfaktorar i tilnærminga av oppgåva. Me har også vist til nasjonal og internasjonal forskning på feltet, for å styrkje den faglege drøftinga. Me har gjort eit casestudie, og nytta kvalitativt intervju for å samle inn data. Me har intervjuar åtte respondentar med ulike roller i det alkoholførebyggjande arbeidet på Stord. I tolking av intervjuar har me latt oss inspirere av ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming.

Studien konkluderer med ein stor samanheng mellom respondentane sine vurderingar og teori på feltet, angående heilskapleg førebyggjande arbeid. Respondentane vektlegg i større grad samanhengen mellom kunnskap, haldningar og handlingar, enn settingen ungdommen tek vala sine i. Dette samsvara ikkje med teori og forskning på feltet, som seier at for mykje fokus på kunnskap, kan gå på kostnad av førebyggjande tiltak i miljøet (Burkhart et al., 2022). Respondentane oppgir at det tverrfaglege samarbeidet er godt på Stord, og at samarbeid mellom instansane er viktig for godt førebyggjande arbeid. Det finn støtte i rundskrivet *førebyggjande innsats for born og unge* (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). Ruspolitisk handlingsplan er eit godt styringsdokument, som kan bidra til ei auka heilskapleg tenking ved at alle tiltaka er samla og vedteke politisk. Det føreset at dei tilsette er kjende med planen, og kva tiltak som kjem fram der. Ungdom sin trivnad i skulen, heimen og på fritida er beskyttande faktorar i høve bruk av alkohol (Øia, 2013; Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Det gir stor grunn til å tru at dersom ungdom har aktivitetar dei trivast med på fritida, ein positiv skulekvardag og tillit til foreldra, vil det spegle seg att i mindre bruk av alkohol. Ut frå Ungdata (2021) ser ein at ungdom på Stord stort sett har det bra på alle arenaane, som styrkar vårt inntrykk av at ei heilskapleg tilnærming kan ha ei positiv effekt på ungdom sine oppvekstvilkår, som igjen påverkar deira alkoholbruk.

## **Abstract**

The goal of this study is to highlight key elements in working with alcohol prevention amongst youth. Thus, the main question is: *How does the prevention of alcohol among youth in Stord work, as perceived by key professionals working within that area?* The study may contribute to increased understanding and knowledge on how youth workers in the public sector can help young people get a safe and good upbringing. We have approached the study through theories on interdisciplinary collaboration, the transaction model, as well as through risk and protection factors. We have also referred to national and international research to strengthen the professional discussion within the field. The research design builds on a case study, and we have used qualitative interviews to collect data. We have interviewed eight respondents with different roles within alcohol prevention work in Stord. When analyzing the data, we have been inspired by a hermeneutical-phenomenological approach.

The study finds a strong correlation between the input from the respondents and the theory within the field, when it comes to holistically framed prevention work. The respondents emphasize the link between knowledge, attitudes and actions more than the actual setting in which the youth make their choices. This does not correlate with theory and research in the field, which claims that too much focus on knowledge may compromise prevention work in the environment (Burkhart et al., 2022). The respondents state that the interdisciplinary collaboration in Stord is good, and that is vital in the prevention work. This is supported by the circular *Preventive efforts for children and youth* (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). A substance policy action plan is a good managing assisting document. Since all the measures in it are collected and adopted politically, it can contribute to increased holistic thinking. A premise for that is that the employees are familiar with the plan and its measures. The well-being of youth in school, at home and in their spare time, are protective factors when it comes to use of alcohol (Øia, 2013; Nasjonal alkoholstrategi, 2021).

It is likely that if the youth have activities that they are comfortable with, a positive school experience and have trust with/from their parents, it will mirror less use of alcohol. Based on the Ungdata study (2021), youth in Stord are more or less feeling good in all areas. This strengthens our impression that a holistic approach may have a positive effect on the environment of the youth's upbringing, in turn influencing their use of alcohol.

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>INTRODUKSJON .....</b>	<b>1</b>
1.1	BEHOVET FOR STUDIEN .....	2
1.2	PROBLEMSTILLING .....	2
1.3	AVGRENSING .....	3
1.4	OPPBYGGING AV STUDIEN .....	3
<b>2</b>	<b>KUNNSKAPSGRUNNLAG OG TEORI .....</b>	<b>5</b>
2.1	FØREBYGGJANDE ARBEID .....	5
2.1.1	<i>Kvifor førebyggje?</i> .....	6
2.1.2	<i>Kommunalt alkoholførebyggjande arbeid</i> .....	8
2.1.3	<i>Førebygging på tre nivå</i> .....	10
2.2	RISIKO- OG BESKYTTELSESAKTORAR .....	10
2.2.1	<i>Påverknadsfaktorar i familien</i> .....	11
2.2.2	<i>Påverknadsfaktorar ved ungdommen</i> .....	12
2.2.3	<i>Påverknadsfaktorar i ungdommen sin fritidsarena</i> .....	13
2.2.4	<i>Påverknadsfaktorar i skulen</i> .....	14
2.3	TRANSAKSJONSMODELLEN .....	17
2.3.1	<i>Gjensidige påverknadsprosessar</i> .....	17
2.3.2	<i>Samspel mellom biologi og miljø</i> .....	17
2.3.3	<i>Ulike system i den bioøkologiske modellen</i> .....	18
2.4	TVERRPROFESJONELT SAMARBEID .....	20
2.4.1	<i>Samarbeidsprosessen</i> .....	20
2.4.2	<i>Utfordringar i tverrprofesjonelt samarbeid</i> .....	21
2.5	UNGDOMSKULTUR OG DRIKKEVANAR. ....	22
2.5.1	<i>Ungdata 2021</i> .....	23
2.5.2	<i>Tal frå Stord</i> .....	23
2.6	RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2020 - 2024 .....	26
2.6.1	<i>Mål og tiltak</i> .....	27
2.6.2	<i>SLT - modellen og politiråd</i> .....	27
2.6.3	<i>Utekontaken</i> .....	28
2.6.4	<i>BTI</i> .....	28
<b>3</b>	<b>METODE .....</b>	<b>30</b>
3.1	CASESTUDIE .....	30
3.2	KVALITATIV INTERVJU .....	31
3.3	UTVAL .....	31
3.4	FØREBUING TIL INTERVJU .....	33
3.5	GJENNOMFØRING AV INTERVJU .....	33
3.6	HERMENEUTISK - FENOMENOLOGISK TILNÆRMING. ....	34
3.7	ANALYSE .....	35
3.8	ETISKE VURDERINGAR .....	37
3.9	TRUVERD, GYLDIGHEIT OG GENERALISERING .....	37
<b>4</b>	<b>PRESENTASJON OG DRØFTING AV FUNN .....</b>	<b>40</b>
4.1	HALDNINGSARBEID BLANT UNGDOM. ....	40
4.1.1	<i>Drøfting</i> .....	42
4.2	FØREBYGGING PÅ ULIKE ARENAAR .....	45
4.2.1	<i>Heim</i> .....	46
4.2.2	<i>Skule</i> .....	48
4.2.3	<i>Fritid</i> .....	50
4.2.4	<i>Drøfting</i> .....	51
4.3	TVERRFAGLEG SAMARBEID .....	59
4.3.1	<i>Drøfting</i> .....	62

4.4	KVA NYTTE HAR DEN RUSPOLITISKE HANDLINGSPLANEN I STORD KOMMUNE? .....	65
4.4.1	<i>Drøfting</i> .....	67
<b>5</b>	<b>AVSLUTNING</b> .....	<b>71</b>
	<b>LITTERATURLISTE</b> .....	<b>75</b>
	<b>VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE</b> .....	<b>82</b>
	<b>VEDLEGG 2: INFORMASJONSSKRIV OG SAMTYKKEERKLÆRING</b> .....	<b>83</b>
	<b>VEDLEGG 3: GODKJENNING AV NSD</b> .....	<b>86</b>
	<b>VEDLEGG 4: DATABEHANDLERAVTALE</b> .....	<b>89</b>

## 1 Introduksjon

Det er ei rekkje negative konsekvensar ved bruk av alkohol generelt, og særleg for ungdommar. Vald, kriminalitet og overgrep skjer oftare blant ungdom som er påverka av alkohol, enn andre ungdommar (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Sjølv om mange kan ha eit uproblematisk forhold til alkohol, er likevel alkoholbruk ein av dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidleg død i befolkninga. Bruken av alkohol hjå ungdom har endra seg dei siste 15 åra. I dag nyttar ungdom alkohol i mindre grad enn tidlegare, samstundes ser ein at bruken har stabilisert seg tidsrommet mellom 2015 og 2019. I 2019 hadde om lag 50% av 15-16 åringar drukke alkohol det siste året (Helsedirektoratet, 2021). Det gjer at alkohol er det mest brukte rusmiddelet blant ungdom me har i dag, dette gjeld både i Stord kommune og på landsbasis (Ungdata senteret, 2021a). Ifylgje Ungdata (2021a) kan ein også sjå ei auke i ungdom sin bruk av alkohol frå 2019 til 2021. Auken kan kome av svinging i trend, eller vere ein konsekvens av pandemien som har ramma verda dei siste åra. På noverande tidspunkt kan ein ikkje seie at det er ein generell aukande trend, som vil halde fram.

Ei ny rusreform vart drøfta i Stortinget våren 2021 ([Prop. 92 L \(2020-2021\)](#)). Hovudfokuset var straffeansvaret for bruk av narkotika, og den påfylgjande samfunnsdebatten om rus omhandla bruk av illegale rusmidlar der alkohol ikkje vart nemnd. Etersom alkohol er det mest nytta rusmiddelet blant ungdom, ser me trong for eit auka fokus på det alkoholførebyggjande arbeidet. I studien har me fokusert på alkoholbruk generelt, og difor ikkje teke omsyn til nyansar som alkoholmisbruk og problematisk bruk.

Me har arbeidserfaring frå kommunal rusteneste, barneverninstitusjon og kommunal barnevernteneste. Ein av forfattarane er no tilsett i Utekontakten i Stord kommune, som gjer at vedkommande har god kjennskap til fleire av respondentane. Det kan påverke intervjuet i negativ og positiv retning, og er difor ein viktig diskusjon å gå inn i. Tema vil bli nærare belyst i metodedelen. Me har valt å ikkje anonymisere kva kommune me har forska i. Det handlar om at studien lettare kan overførast til andre kommunar, fordi lesaren då kan hente lokal informasjon som me ikkje har inkludert i oppgåva. Det kan til dømes handle om korleis kommunen er organisert, og andre parameterar me ikkje har teke omsyn til i studien. Det at me ikkje har anonymisert kommunen gjer at respondentane kan vegre seg for å kritisere det førebyggjande arbeidet, likevel vil det som fungerer kome fram. Me har valt å forske i eigen

kommune, ettersom det var mest praktisk med tanke på tilgang på respondentar og forkunnskap i organisering av tenester. I tillegg vonar me at oppgåva kan vere eit positivt bidrag til ungdom sine oppvekstvilkår på Stord. Me ynskjer også at andre kommunar kan dra nytte av studien, og vurderer difor at dei positive sidene veg opp for dei negative.

## 1.1 Behovet for studien

Alkohol er det mest nytta rusmiddelet i vår kultur (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Sannsynet for at alkoholbruk og etterfylgjande konsekvensar alltid vil eksistere i samfunnet, er stor. Dagens bruk av alkohol hjå ungdom er låg samanlikna med tidlegare periodar, likevel er alkohol framleis det rusmiddelet som flest ungdommar tek i bruk (Ungdata senteret, 2021a). Sjølv om det fleire faktorar som spelar inn på bruken som kommunen ikkje rår over, har det offentlege eit stort ansvar for å førebyggje (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). Det kan difor ha ei etisk og ei økonomisk betydning å vere i forkant av mogleg auke, slik at ein i større grad klarar å førebyggje negative konsekvensar ved alkoholbruk (Garsjø, 2018). Å få fram kva som er sentralt ved alkoholførebygging kan vere relevant både no, og dersom bruken skulle auke. Offentlege tilsette som arbeider med born og unge har ansvar for å gjennomføre ein del av det offentlege førebyggjande arbeidet. Det gjer at det vil nytte å gjere dei tilsette medvitne på korleis ein førebyggjer alkoholbruk. Foreldreinvolvering, trivnad i skulen og på fritidsarenaen er faktorar som verkar alkoholførebyggjande, og kan i tillegg førebyggje for andre vanskar (Storvoll & Pape, 2007; Øia, 2013; Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013)). Viktige moment innan alkoholførebygging kan difor ha ein overføringsverdi, og dermed betre ungdommar si heilskaplege oppvekstforhold. Oppgåva kan difor bidra til at offentleg tilsette som arbeider med ungdom får auka forståing og kunnskap, om korleis dei kan bidra til at unge får ei trygg og god oppvekst.

## 1.2 Problemstilling

Temaet for oppgåva er alkoholførebyggjande arbeid i Stord kommune. Ut frå det har me formulert fylgjande problemstilling:

*Korleis fungerer det alkoholførebyggjande arbeidet knytt til ungdom på Stord, slik sentrale fagpersonar vurderer det?*



For å belyse problemstillinga vurderer me at det er naudsynt å setje seg inn i korleis Stord kommune arbeider førebyggjande, og i kva omfang ungdom drikk alkohol. Førebygging skjer på ulike arenaar. Me er interesserte i å undersøkje korleis dei ulike instansane arbeider førebyggjande, og samhandlar med kvarandre. Me har difor formulert fire forskingsspørsmål:

- *Korleis kan kunnskap bidra til at ungdom tek medvetne val?*
- *Kva vektlegg respondentane i alkoholførebyggjande arbeid?*
- *Korleis kan tverrfagleg samarbeid verke førebyggjande for ungdom sin bruk av alkohol?*
- *Kva nytte har den ruspolitiske handlingsplanen i Stord kommune?*

### 1.3 Avgrensing

Ettersom mange av dei alkoholførebyggjande tiltaka kan sjåast i samband med førebygging generelt, er det naudsynt å avgrense oppgåva grunna omfang og tidsbruk.

Me er kjend med at buplanlegging og utjamning av sosiale skilnadar er viktige førebyggjande tiltak (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021; Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Me har likevel vurdert å ikkje ta omsyn til dette i oppgåva, då me heller er interesserte i korleis fagpersonar som er i kontakt med ungdom vurderer situasjonen.

Oppgåva vil ha fokus på alkoholførebyggjande arbeid knytt til unge i aldersgruppa 12 – 18 år, fordi elevar i 7.klasse går gjennom skuleprogrammet *Ung på Stord*. Me har også gjort ei avgrensing på tema, ved at prosjektet omhandlar spesifikt alkohol og ikkje rusmidlar generelt. Dette fordi alkohol er det mest nytta rusmiddelet (Ungdata, 2021; Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Foreldre og heim er ein viktig arena for førebygging (Kompetansesenter rus region Midt-Norge, 2018). Me har valt å avgrense oppgåva til å omhandle fagpersonar si erfaring med det førebyggjande arbeidet. Foreldre vil difor ikkje får uttale seg, eventuelle erfaringar med foreldresamarbeid vil kome frå respondentane sine utsegn. Me vil nytte tal frå Ungdata (2021) for å få fram korleis ungdommen sjølv opplev sin situasjon.

### 1.4 Oppbygging av studien

Studien består av fem hovudkapittel. Innleiingsvis er tema og bakgrunn for studien presentert, og i kapittel to vert kunnskapsgrunnlaget og teori lagt fram. Kapittelet består av fagteori,

politiske og offentlege retningslinjer, i tillegg til nasjonal og internasjonal forskning på feltet. Me har valt å kombinere desse kapittele slik at det ikkje vert for mykje gjentakning i oppgåva, ettersom dei ulike dokumenta i stor grad har samanheng med kvarandre.

Førebygging er eit sentralt omgrep, og me har nytta Garsjø (2018) og Befring og Moen (2011a) for å definere førebygging. Ut frå deira skildring handlar førebygging om å hindre uønskte og negative hendingar eller fenomen. I denne oppgåva forstår me førebygging som eit forsøk på å avgrensa ei uønskt utvikling, som i dette tilfellet er ungdom sin bruk av alkohol. Vidare vert det greia ut om risiko- og beskyttelsesfaktorar, og transaksjonsmodellen for å skildre korleis dei ulike førebyggingsarenaane påverkar kvarandre (Kvelling, 2008). I kombinasjon med at førebyggjande arbeid er eit offentleg ansvar, som krev samarbeid på tvers av fagområde, vurderer me at det er viktig å belyse teori om tverrfagleg samarbeid (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013).

Ettersom Stord sin ruspolitiske handlingsplan skildrar ei rekkje tiltak med målsetjing om å utsette alkoholdebut og å redusere alkoholbruken hjå ungdom, har dokumentet fått eit eige underkapittel. Dei fleste tiltaka vert gjennomført i skulen, som også er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka med støtte frå andre tenester (Stord kommune, 2020).

Avslutningsvis viser me til Ungdata (2021) for å gje eit bilete av ungdom sin bruk av alkohol i dag.

I kapittel tre grunnlegg me val av metode for oppgåva. Me har gjort eit casestudium, der me har nytta kvalitativt forskingsintervju for å innhente data. Deltakarane er sentrale fagpersonar som arbeider alkoholførebyggjande på Stord. Me har gjennomført åtte individuelle intervju, og respondentane er tilsette både kommunalt, fylkeskommunalt og statleg. Vidare gjer me greie for kva forskningsetiske vurderingar som er gjort undervegs og kva vitenskapsteoretisk perspektiv oppgåva tek utgangspunkt i.

I kapittel fire vert innsamla data presentert, samstundes som me gjer ei drøfting opp mot kunnskapsgrunnlaget vårt. Her vil me søkje å få eit breiast mogleg bilete av korleis fagpersonar erfarer det alkoholførebyggjande arbeidet knytt til ungdom. I kapittel fem vil me avslutningsvis gje ei oppsummering av funna og trekkje fram viktige refleksjonar frå drøftinga.

## 2 Kunnskapsgrunnlag og teori

I dette kapittelet vil me presentere kunnskapsgrunnlaget til oppgåva. Me har nytta fage teori, nasjonal og internasjonal forskning, offentlege og politiske retningslinjer for å danne oss det grunnlaget me vurderer som naudsynt for å svare på problemstillinga. Hovudtema i oppgåva er alkoholførebyggjande arbeid, som er eit komplekst tema. Som ved generell førebygging, heng alkoholførebygging saman med risiko- og beskyttande faktorar, i tillegg til korleis ungdom og miljø står i gjensidig påverknad til kvarandre (Befring & Moen, 2011a; Kvello, 2008). For å skildre dette samspelet vil me nytte transaksjonsmodellen (Kvello, 2008, 2012). Tverrfagleg samarbeid vert trekt fram som sentralt for å lukkast med førebyggjande arbeid, som gjer at me også vil vie eit underkapittel til temaet. Me vurderer at omfanget av alkoholbruk blant ungdom er relevant for korleis det førebyggjande arbeidet vert utført. Det gjer at me vil vise til data frå Ungdata (2021). Her vil me presentere ungdom sitt alkoholbruk, i tillegg til trivnad heime, skule og oppvekstmiljø, då dette er sentrale faktorar som spelar inn på ungdomen sitt alkoholbruk (Bronfenbrenner, 1979; Øia, 2013).

Det at Ungdata (2021) har høg svarprosent aukar undersøkinga si troverd, og bidreg dermed til ei nyttig oversikt over ungdommar sin situasjon på Stord (Jacobsen, 2016). Ungdata (2021) inkluderer ikkje spørsmål angående påverknad frå jamgamle, som me vurderer som ein svakheit ved undersøkinga. Etersom me har gjort ei avgrensing på ungdom på 12 år og over, har me berre sett på data frå ungdomsskulen. Me har dermed ikkje teke med data frå Ungdata jr., som er ein spørjeundersøking retta mot mellomtrinnet, der dei ikkje skil mellom klassetrinna («Ungdata junior», u.å.). Avslutningsvis oppsummerer me den lokale rusmiddelpolitiske handlingsplanen (2020) på Stord, ettersom den gjev ei oversikt over kva målsetjingar Stord kommune har for alkoholførebygging. Dokumentet gjev også ei skildring av sentrale førebyggingstiltak som vert nytta i kommunen, som er viktig for den heilskaplege forståinga av oppgåva.

### 2.1 Førebyggjande arbeid

Førebygging stammar frå omgrepet profylakse, som tyder å beskytte mot sjukdom eller lidingar. Likeins handlar førebygging om å hindre at ulykker og andre negative hendingar inntreffer, parallelt som det også set fokus på å støtte opp om det som er positivt (Befring & Moen, 2011; Garsjø, 2018). Ved å kunne sjå negative konsekvensar før dei oppstår får ein høve til å gripe inn, slik at dei ikkje utviklar seg til vedvarande problem. I tillegg inneber

førebygging også at ein set inn tiltak for å redusere sannsynet for, omfanget av og konsekvens av ei åtferd (Befring & Moen, 2011b). Ifylgje Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2013) handlar førebyggjande arbeid fyrst og fremst om å fremje gode oppvekstvilkår for alle born og unge. Her er både informasjons- og haldningsskapande arbeid relevant, så vel som det å skape gode, trygge lokalsamfunn (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013). Førebyggjande arbeid retta mot ungdom handlar om å styrke dei positive føresetnadane for læring og utvikling, og å setje inn støtte- og kontrolltiltak ved behov. Sentralt er det å fremje motstandsdyktigheit, og å svekke faktorar som kan bidra til å vedlikehalde og styrkje ein problemtilstand. Førebyggjande tiltak byggjer på kunnskap om kva som kjenneteiknar støttande og positive oppvekstvilkår, i tillegg til moglege risiko- og beskyttelsefaktorar (Befring & Moen, 2011b). Eit godt oppvekstmiljø handlar om gode familierelasjonar, eit trygt nærmiljø og positive krefter i lokalmiljøet (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013).

Førebygging av alkoholbruk har tradisjonelt sett vore retta mot enkeltindivid, sosiale grupper og heile populasjonar. Nokre av metodane har gått ut på å gje informasjon, skremme, åtvare, eller gje målgruppa høve til å ta val basert på kunnskap. Dei seinare åra har ein gått i retning av å gje ungdom sosial-, sjølvkontroll- og livsmeistringstrening i tillegg til å gje informasjon som skal gje ungdomen høve til å ta gode val (Burkhart et al., 2022). Likskapen ved dei tradisjonelle tilnærmingane er at dei baserer seg på å hjelpe individ til å gjere tilsikta, medvetne og motiverte val. Ifylgje Burkhart et al. (2022) vert konteksten handlingar vert gjort i, og at dei kan bli gjort på impuls, vane, eller automatisk, i lita grad teke omsyn til. Innan tradisjonell førebygging vert vaksne og ungdom sett på som rasjonelle, som kan resonnerer og moderere seg sjølv, uavhengig av om konteksten kan vere spennande og engasjerande. Burkhart et al., (2022) viser vidare til Faries (2016) når dei forklarar at fylgjene vert eit gap mellom *intensjonen* til eit menneske, og kva menneske *faktisk* gjer. Ein måte å respondere på desse utfordringane med tradisjonell førebygging, er å nytte eit miljøførebyggjande perspektiv som tek omsyn til samspelet mellom kontekst, åtferd og intensjon (Burkhart et al., 2022).

### 2.1.1 Kvifor førebyggje?

Førebyggjande arbeid er festa i fleire lovverk, og inkluderer ulike aktørar og offentlege instansar. Alle kommunar har ansvar for at born og unge skal ha gode oppvekstvilkår, i tillegg til førebygging av psykiske og sosiale utfordringar (likestillings- og

inkluderingsdepartementet, 2013). Det finst fleire grunnar til kvifor samfunnet bør ha fokus på førebyggjande arbeid. Ikkje alle problem kan behandlast og løysast. Førebyggjande arbeid basera seg på eit elementært resonnement, som seier noko om at det er betre å hindre eit problem før det oppstår, enn å behandle i etterkant. Dette vert ofte omtala som føre-var prinsippet, der ein heller set fokus på å gjere noko med årsaka til eit problem enn med verknadane (Befring og Moen, 2011). Godt førebyggjande arbeid konsentrerer seg ikkje om enkeltsymptom, men arbeider for å fremje sunne born, og høva deira til å ta gode val for seg sjølv, og handtere framtidig risiko. Det vil krevje samordna planar som vert sette i verk i praksis (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013).

Verdas helseorganisasjon (WHO) har vedteke eit globalt mål om å redusere skadeleg alkoholinntak med minimum 10% frå 2010 – 2025 (WHO, 2013, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Noreg er bunden til dette målet, og i den *Nasjonale alkoholstrategien* (2021) vert alkohol trekt fram som ein av dei mest sentrale risikofaktorane for at friske leveår i befolkninga kan bli redusert. Kostnadar knytt til behandling av sjukdom og skadar, til rettsvesenet og hjelpeapparatet gjer at alkoholinntak får økonomiske konsekvensar for andre enn brukaren sjølv. I 2011 vart dei samfunnsmessige kostnadane knytt til bruk av alkohol rekna til å vere over 22 milliardar kroner (Oslo Economics, 2013, Sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Førebyggjande arbeid har også sin kostnad, men kostnadane er langt lågare enn reparasjonsarbeid. Mange førebyggjande tiltak fører også med seg andre helsegevinstar, som kan spare samfunnet for store kostnadar (Garsjø, 2018; Rund skriv Q-16/2007, s. 1).

Argumentasjon for det førebyggjande arbeidet kan også grunngjevast ut frå eit etisk perspektiv. Ifylgje Stortingsmelding nr. 37 (1993 - 1994) er det uetisk å la menneske bli sjuke, dersom ein veit at det kan hindrast gjennom førebyggjande tiltak. Menneskelege kostnadar som omsorgssvikt, vald, redsel, rusrelatert kriminalitet og fosterskadar er kjente moglege konsekvensar av alkoholbruk. Dei fleste menneske har eit lågt forbruk av alkohol, som ikkje inneber markant risiko. Den tiandedelen som drikk mest alkohol i befolkninga, konsumerer omlag halvparten av forbruket (Folkehelseinstituttet, 2019, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). I aldersgruppa 15-49 år er bruk av alkohol den mest sentrale risikofaktoren for dødsfall og tap av friske leveår (Shield, Et al., 2020, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Dei menneska med det høgste alkoholinntaket har størst sannsyn for å utvikle sjukdom eller skadar, knytt til bruken av alkohol. Samstundes viser forskning at også

lågt inntak av alkohol aukar risikoen for alkoholrelaterte problem (Rossow & Mäkela, 2020, sitert i nasjonal alkoholstrategi, 2021). Ein stor del av dei helseplagene som kjem frå alkoholinntak, kan tilleggast dei som ikkje har eit særskild høgt inntak av alkohol (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Såleis vil reduksjon av alkohol ha ein helsefremjande effekt også for dei som ikkje har eit høgt inntak. På samfunnsnivå kan ein sjå at når totalkonsumet i befolkninga aukar, aukar også omfanget av helseproblem. På same måte kan ein sjå at nedgang i totalinntaket vil verke førebyggjande for sjukdomar og død knytt til bruk av alkohol (Rossow & Mäkela, 2020, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021).

Vidare hevdar Garsjø (2018) at samfunnet har ein normativ plikt til å unngå at folk påførast sjukdom, eller får sosiale utfordringar. Det at ein har kunnskap om konsekvensar av alkoholbruk blant ungdom, gjev samfunnet ei normativ plikt til å setje i gong tiltak som gjer at fleire ungdommar vel å motstå alkoholbruk.

### 2.1.2 Kommunalt alkoholførebyggjande arbeid

Det er i ungdomstida ein skal utvikle sin identitet, og i denne perioden av livet er det særskild viktig at unge får tilbakemelding og stadfesting på seg sjølv, i tillegg at dei har gode relasjonar til foreldre og andre vaksne. Gjennom heile oppveksten har born og unge trong for trygge rollemodellar, og anerkjenning for den ein er. Dette er eit felles ansvar alle som arbeider med born og unge (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018).

Kompetansesenter rus region midt-Norge (2018) viser til Henriksen (1994) som understrekar at overføring og danning av haldningar skjer mellom menneske som har stor betydning for kvarandre. Det gjer at ein del av det alkoholførebyggjande arbeidet også handlar om at born og unge skal ha tilgang til vaksne som er viktige for dei på arenaar som til dømes skule, fritid og heim (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018).

Gjennom alkohollova skal kommunane sitt arbeid med førebygging av bruk av alkohol, ikkje innskrenkast av alkohollova sine verkemiddel (alkoholloven, 1989, §1-7). Sentralt i kommunalt alkoholførebyggjande arbeid er at førebygginga er systematisk og kunnskapsbasert (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021; Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Ifylgje *Kompetansesenter rus region Midt-Norge* (2018) er det mest effektive tiltaket for å utsette alkoholdebut og redusere det generelle inntaket av alkohol, å setje inn tiltak som gjeld heile befolkninga. Tiltak som omhandlar heile familien, og som dermed reduserer store sosioøkonomiske skilnadar, vert trekt fram som avgjerande i

førebyggjande arbeid. Dette kan til dømes vere bustadplanlegging i kommunen og fritidstilbod til born og unge. I likskap med vaksne gjer ikkje alltid ungdom fornuftige eller rasjonelle val og kan heller ikkje til ein kvar tid sjå konsekvensar av eiga risikoåtfærd ((Burkhart et al., 2022). Det gjer at førebyggjande tiltak med mål om at enkeltungdom gjer tilsikta, medvetne og motiverte val for seg sjølv ikkje er tilstrekkeleg. Miljøa som ungdom er tilknytt, som skule og fritidsarenaar bør difor også inkluderast i alkoholførebygginga. Ovanfor dei ulike miljøa kan førebyggjande tiltak vere retta mot å endre haldingar og å gjera sunn åtfærd enklare enn skadeleg åtfærd (Burkhart et al., 2022).

For at rusmiddelførebygging skal integrerast i folkehelsearbeidet, må den enkelte kommune ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar til innbyggjarane (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Dette vert også trekt fram i den nasjonale alkoholstrategien (2021), som siktar til at det er den einskilde kommune som har best kjennskap til dei utfordringane som finst innanfor eigne kommunegrenser, og dermed er best eigna til å setje inn rett førebyggjande tiltak. Kvar enkelt kommune får tilgang til oppvekstprofilar, som kan nyttast når dei planlegg oppvekstmiljøa til born og unge. I tillegg bidreg dei regionale kompetansesentera Korus med kommunale kartleggings- og oversiktsarbeid, blant anna Ungdata og brukarplankartlegging. Resultat frå Ungdata, Ungdata jr og brukarplan gjev eit viktig grunnlag blant anna for den kommunale rusmiddelpolitiske handlingsplanen (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Vidare vil informasjon frå fylkeskommunen og lokale tenesteytarar, i tillegg til dialog og befolkninga også vere nyttig for oversikt over den lokale situasjonen i kommunane (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Sentralt er at kommunane kartlegg beskyttelsesfaktorar i lokalsamfunnet, og at dei vert inkludert når det skal utarbeidast mål og tiltak (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018).

I den *Nasjonale alkoholstrategien* (2021) kjem det fram at ein av hovudprioriteringane til regjeringa er å støtte opp under eksisterande, og nye lokale samarbeidsstrukturar. Kommunane er også oppfordra til å samarbeide med politiet, i det førebyggjande arbeidet kring langing til mindreårige. I alkoholførebyggjande arbeid på lokalt nivå er ofte ungdommar ei sentral målgruppe, då dei sjølv kan seie noko om forholda dei lev under. Brukarmedverknad er difor viktig, slik at kommunen får meir kunnskap om ungdommen sine behov og ynskjer (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Verdens helseorganisasjon (WHO) vektlegg også å auke kompetansen om risiko for sjukdom og skade knytt til bruk av alkohol. Regjeringa har difor fokus på at oppdatert og kvalitetssikra opplysingar om negative

konsekvensar ved bruk av alkohol skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga (Nasjonal alkoholstrategi, 2021). I tillegg er kommunane oppmoda til å kople lokal informasjon til nasjonale haldningsskapande kampanjar mot rus. Informasjonen må opplevast som relevant for mottakaren, og ein må difor ta omsyn til både positive og negative sider ved alkoholinntak (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018).

### 2.1.3 Førebygging på tre nivå

Ein kan skilje mellom universal, selektiv og indisert førebygging. Universelt førebyggjande tiltak rettar seg mot heile befolkninga, og har som føremål å hindre at problem oppstår. Selektiv førebygging tek sikte på å redusere sjansen for at problem vidareutviklar seg, ved å identifisere risikofaktorane til det aktuelle problemområdet. Indisert førebygging har som føremål å redusere, og hindre konsekvensar av problem som allereie har utvikla seg. Indisert førebygging er den strategien som må nyttast dersom ein ikkje har lukkast med universal eller selektive tiltak (Killén, 2013). Tidleg førebyggjande innsats kan setjast inn på alle tre nivåa, men ein føresetnad er at ein har kunnskap om risiko- og beskyttelsefaktorar, slik at ein i større grad klarer å setje inn tiltak før problem utviklar seg ( likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). I den nasjonale alkoholstrategien (2021) vert det også trekt fram at kombinasjon av fleire tiltak kan auke sannsynet for å lukkast med førebygging (Burdzovic, et al., 2018, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021).

## 2.2 Risiko- og beskyttelsesfaktorar.

Risikofaktorar er element som kan auke faren for utvikling av vanskar, medan beskyttande faktorar kan redusere sannsynet for at vanskar oppstår (Kvelling, 2015). Kvelling (2015) peikar på at det er vanskeleg å føresjå eit born si vidare utvikling, mellom anna fordi bornet og omgivnadane kan endre seg, og med det også risiko- og beskyttelsefaktorane. Det gjer at ein ikkje med tryggleik kan predikere utviklinga til bornet. Risiko- og beskyttelsesfaktorar inkluderer genetiske, biologiske, mentale, miljømessige og sosiale faktorar (Kvelling, 2015). Det gjer at ein må ha ei heilskapleg tilnærming i vurdering av bornet si utvikling. Ein må ta omsyn til varigheit av vanskane, og kor alvorlege og intense dei er. Både beskyttande- og risikofaktorar kan grupperast innan områda ungdommen, familien og oppvekstmiljøet. Me har valt å skilje mellom påverknadsfaktorar i familien, hjå ungdommen, i tillegg til fritid og skule. For å ha ei oversiktleg struktur i oppgåva har me delt oppvekstmiljø opp i underkapittela fritid og skule. Dei mest sentrale faktorane gjeld både som risiko- og



beskyttelse, og er relatert til familien. Nokre risikofaktorar kan vere knytt til utvikling av spesifikke vanskar, medan andre til grupper av vanskar (Kvelling, 2015).

### 2.2.1 Påverknadsfaktorar i familien

Korleis foreldre utøvar si rolle, relasjon innad i familien og forholda i heimen, har påverknad for ungdommen sin bruk av rusmidlar (Helland & Øia, 2000). Foreldre er viktige førebilete og rollemodellar for borna sine. Dei som ikkje opplev å ha foreldre som gjev dei adekvat omsorg og støtte, har auka risiko for å utvikle vanskar på andre område i livet. Det er difor sentralt å sette inn tiltak for å redusere belastningar i familiar, som har behov for det (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013; Øia, 2013).

Det er sterk samanheng mellom foreldre og ungdommen sitt alkoholbruk (Øia, 2013). Ei tidlegare analyse av ei nasjonal ungdomsundersøking i Noreg, viser at om ungdommen får alkohol frå foreldra, og eventuelt kor ofte, kan ha ei påverknad på ungdommen sitt alkoholbruk (Storvoll & Pape, 2007, s. 169). Dei som fekk sjeldan (1-4 gongar i året) drakk ikkje meir enn ungdommar som ikkje fekk, medan dei som fekk ofte (minst 5 gongar siste år) drakk meir. Unge med foreldre som har høgare utdanning og høg sosial kapital drikk meir, det same gjeld unge i marginaliserte og ressursvake familiar (Øia, 2013). Generelle reglar og grensesetting påverkar kor mykje den unge drikk, men ikkje like mykje som foreldra si uformelle kontroll. Det inneber mellom anna kva innsyn foreldra har i ungdommen sitt liv. Fleire undersøkingar viser at det er eit høgare rusmiddelbruk hjå ungdom, som opplev at relasjonen til foreldre er vanskeleg. Samstundes kan veit ein ikkje om relasjonen er vanskeleg fordi ungdommen nyttar rusmidlar, eller om ungdommen nyttar rusmidlar fordi relasjonen til foreldra opplevast som utfordrande (Storvoll & Pape, 2007).

Van der Vorst et al., (2006) har gjennomført ein studie på korleis foreldrerolla påverkar ungdom sin bruk av alkohol. I studien skildrar dei ulike måtar ein kan sjå foreldrerolla på, dei har hovudfokus på tilknytning mellom born og foreldre, og foreldrekontroll. Det vart referert til tidlegare studiar, og konkludert med at foreldrekontroll hadde stor samanheng med ungdom sin bruk av alkohol. Van der Vorst et al., (2006) viser til Coombs og Landverk (1998) sin studie, som fann samanheng mellom foreldrekontroll, og tilknytning mellom foreldre og ungdommar. Linda L. Caldwell og Nancy Darling (1999) har undersøkt korleis fritid, kjenneteikn ved familien og påverknad frå jamgamle spelar inn på ungdommen sitt rusbruk. Studien fann at ungdom som opplevde låg grad av foreldrekontroll og samanlikna

seg med venar som brukte rus, hadde større sannsyn for sjølv å nytte rusmidlar. Ifylgje Van der vorst et al., (2006) fungera foreldrekontroll meir effektivt i familiar, der ungdommen har ein trygg tilknytning til foreldra. Foreldre som har adekvat kontroll over ungdommane sine, kan hindre dei frå å starte å drikke alkohol tidleg.

Anne Bolstad, Arvid Skutle, Erik Iversen og Espen Endresen har utarbeida ein kunnskapsoppsummering som tek føre seg foreldrerolla i det alkoholførebyggjande arbeidet. Rapporten er publisert av kompetansesenteret Rus – region vest Bergen, og Helsedirektoratet er oppdragsgivar (kompetansesenter Rus – region vest Bergen, 2010). Oppsummeringa består av reviews, artiklar med randomiserte kontrollerte-, longitudinelle-, samanliknande- og observasjonsstudiar. Rapporten viser at alle studiane konkluderer med at foreldre har ei særleg viktig rolle i høve rusførebyggjande arbeid. Foreldre har stor påverknad på ungdom gjennom ord, haldningar og handlingar, og i internasjonal forskning kjem det fram at høgt alkoholbruk blant ungdom kan sjåast i samanheng med liberale haldningar, låg grad av foreldreengasjement, få reglar og høg alkoholbruk hjå foreldra (Kompetansesenter Rus – region vest Bergen, 2010). Tett oppfølging frå foreldra og nulltoleranse for bruk av alkohol, er assosiert med lågare og færre rusrelaterte utfordringar hjå ungdom. Norsk forskning er særleg oppteken av korleis dialogen mellom foreldre og ungdom kring rusbruk bør vere, sjølv om det finst lite forskning som tilseier at dette har noko effekt. Kunnskapsoppsummeringa trekk fram eit større behov for forskning på korleis foreldre kan påverka ungdom sin bruk av alkohol. Føremålet er å utarbeide evidensbaserte tiltak, der hensikta er å auke foreldre si medviten på deira påverknad på eigen born (kompetansesenter Rus – region vest Bergen, 2010).

### 2.2.2 Påverknadsfaktorar ved ungdommen

Rusmiddelbruk- og misbruk utviklar seg avhengig av den sosiale konteksten ungdommen er i (Helland & Øia, 2000). Ungdom som er saman med større grupper jamgamle, har eit større alkoholbruk enn ungdom som held seg til ein eller to. Overordna kan ein sjå at jo oftare ungdom er saman med vener, jo sterkare samanheng er det med kor ofte dei har drukke alkohol. Dersom dei har nære venar som drikk seg rusa, aukar det sannsynet for at dei sjølv også drikk. Det kan ha samanheng med kombinasjonen av at foreldra då har mindre uformell kontroll over dei, samstundes som påverknaden frå venar aukar (Øia, 2013).

Unge som opplev å bli avvist eller møtt med lite aksept frå jamngamle i tidleg skulealder, kan ha auka risiko for tidleg alkoholdebut (Pedersen, 2015; Øia, 2013). Dette er fordi ungdommen kan søkje seg til miljø som kan ha negativ påverknad når det gjeld bruk av alkohol, for å oppnå aksept. Willy Pedersen (2015) trekk også fram at vedvarande åtferdsvanskar, aggressivitet og lite impuls kontroll er sentrale risikofaktorar for alkoholbruk hos ungdom. Vidare nemner han *sensation seeking* som ei mogleg risikofaktor. *Sensation seeking* innebere at ein søkjer spenning gjennom hemningslause, sosiale aktivitetar som til dømes festing (Pedersen, 2015).

### 2.2.3 Påverknadsfaktorar i ungdommen sin fritidsarena

Lokalsamfunnet spelar ei viktig rolle for born og unge sin trivnad, og deira oppvekstvilkår. Dei haldningane og normene som gjeld i eit samfunn verkar inn på forventingane ein har til unge, og kva som er forventa og akseptert åtferd. Det å skape lokalsamfunn med like høve til deltaking er ein del av førebyggjande innsats. Det må settast fokus på samspelet mellom den unge og omgivnadane, det gjer at ein i større grad klarer å samkøyre fleire tiltak med same målsetjing (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013). På fritida kan ungdom få erfaringar og kvalifikasjonar som styrkjer deira posisjon både som arbeidstakar og deltakar i samfunnet (Fauske et al., 2009). Ifylgje den *nasjonale alkoholstrategien* (2021) er alkoholfrie arenaar viktig for det kommunale førebyggjande arbeidet. Sentrale arenaar er idretten, fritida og skulen, i tillegg til samarbeid med frivillige organisasjonar. Føremålet med å ha fokus på desse arenaane er å leggje til rette for at born tek medvitne val om å ikkje drikke alkohol, og auke aksepten blant ungdom for å ikkje eksperimentere med alkohol (Helse- og omsorgsdepartementet, 2021). Unge som deltek i ein organisert fritidsaktivitet er forbunde med mindre åtferdsproblem og auka sannsyn for betre tilpassing i samfunnet seinare i livet. Fritidsklubb er ein arena der ungdom dannar kontakt med sunne rollemodellar, som spesielt kan vere viktig for unge som kjem frå ein ressursvar heim, med manglande tillit til eigne foreldre (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). I tillegg er organiserte fritidsaktivitetar ein viktig arena for å skape venerelasjonar, læring, demokrati, og å unngå utanforskap (Helse- og omsorgsdepartementet, 2021).

Ikkje alle born har høve til å delta på organisert fritidsaktivitet. Familien sin økonomi, etnisk bakgrunn og kjønn er medverkande faktorar som kan hindre born i deltakinga. Det å støtte opp om like føresetnadar for deltaking på fritidsaktivitet vil styrkje det førebyggjande

arbeidet på fleire område, også innanfor rusfeltet. Det å ikkje delta på ein fritidsaktivitet er i seg sjølv ein risikofaktor som kan føre til manglande deltaking i samfunnet både på kort og lang sikt (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Lokalsamfunnet har stor verdi for unge si psykiske helse og livskvalitet. Frivillig arbeid i kommunen er ei stor ressurs for det førebyggjande arbeidet, då dei legg til rette for sentrale rusfrie arenaar for born og unge (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Ifylgje Caldwell & Darling (1999) er det motstridande funn i litteraturen angående strukturerte fritidsaktivitetar, og korleis aktivitetane påverkar ungdom sin rusbruk. Likevel hevdar forfattarane at, avhengig av normene i aktivitetane og dei vaksne si rolle, kunne deltaking i strukturerte aktivitetar gje ungdom kontakt med jamgamle som hadde positive haldningar til rusbruk. Forfattarane viser også til Steinberg, Darling, og Fletcher (1995) som meiner at foreldre, gjennom si grad av omsorg og kontroll, påverkar kva venar ungdom får, som igjen har påverknad på ungdommen sitt forhold til rus. Foreldre kan også medverke om ungdommane deltek på ikkje-strukturerte eller strukturerte fritidsaktivitetar (Siert i Caldwell & Darling, 1999).

Caldwell & Darling (1999) i fann også at tid brukt på ustrukturerte fritidsaktivitetar spelte inn på kor mykje tid ungdommane brukte på fest, som igjen hadde påverknad på deira rusbruk. Det vil seie at tida ungdom nyttar på fest er ein større risiko, enn tida dei deltek på ustrukturert fritidsaktivitetar (Caldwell & Darling, 1999). Forfattarane viser til at funna deira byggjer på Silbereisen og Todt (1994) sin påstand om at ein ikkje bør sjå isolert på påverknaden kvar enkelte utviklingskontekst har, men heller korleis kontekstane påverk kvarandre (Caldwell & Darling, 1999).

#### 2.2.4 Påverknadsfaktorar i skulen

Ifylgje den *nasjonale alkoholstrategien* (2021) vert skulen ofte trekt fram som ein av dei viktigaste arenaane for førebyggjande arbeid. Skulen er den arenaen som når fram til flest unge. Eit trygt og godt læringsmiljø er fremjande for trivnad, læring og personleg utvikling, som i seg sjølv kan redusere risikoen for skeivutvikling. Skulen har særskild anledning til å oppdage elevar som av ulike grunnar har det vanskeleg. I læreplanen frå 2020 er temaet rus inkludert i det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring, i tillegg til i samfunnsfag, samfunnskunnskap og naturfag. Føremålet er at elevane skal meistre å ta gode avgjerder for seg sjølv og eigne liv. Omlag tre av fire ungdomsskular og ni av ti vidaregåande skular har

utarbeida egne retningslinjer for å førebyggje bruk av rus blant elevane (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021; Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Elevar si tilpassing til og oppleving av skulekvardagen, påverkar deira bruk av alkohol på fleire måtar. Jo meir positivt dei opplev skulekvardagen, desto mindre drikk dei. Trivnad i skulen er ein beskyttande faktor i samband med ungdom sin alkoholbruk, samstundes som mistrivnad er ein risikofaktor. Konsentrasjonsvanskar og ulike formar for konflikt i skulen har negativ verknad på ungdom sin alkoholbruk (Øia, 2013).

Alkoholførebyggjande tiltak i skulen kan delast inn i to kategoriar. Det eine området handlar om kunnskapsbasert opplysing om alkohol, og det andre handlar om å styrkje gode fellesskap og utvikling av identitet, med føremål om at bruk av rus vert redusert. Hovudvekta av det alkoholførebyggjande arbeidet i skulen er knytt til elevar i ungdomsskulealder, og undervising om risiko ved bruk av alkohol. Motiv for bruk av alkohol vert ofte ekskludert frå denne type undervising (Fekjær, 2016). Når ein skal gje ungdommar informasjon om alkohol, er det nærliggande å tru at det mest effektive er å prate om dei kortsiktige konsekvensane som vald, overgrep og ulykker. Dersom ein hevdar at alle som drikk alkohol vert alkoholikarar, er det stort sannsyn for at ungdommen mistar tillit til informasjonen den vaksne gjev (Fekjær, 2016). Ungdom identifiserer seg i liten grad med vaksne, som gjer at det å prate om langsiktige konsekvensar av alkoholbruk ikkje vil ha ynskja effekt (Fekjær, 2016).

Geir Møller og Asle Bentsen (2015) har i samarbeid med Korus-sør gjort ein analyse av data frå Ungdata-undersøkinga i 47 kommunar i Noreg. Føremålet var å kartleggje kva faktorar som spelar inn på ungdom sin bruk av alkohol. Dei fann at forholda som spelar inn for ungdom sin bruk av alkohol på ungdomsskulen, skil seg ut frå dei faktorane som er gjeldande for vidaregåandeelevar. For elevar som gjekk i 8.trinn og 9.trinn fann dei at forhold i heimen, på fritidsarenaar og på skulen hadde ein stor påverknad, medan for elevar på vidaregåande var det meir gruppemekanismar som resulterte i spreining av åtferd og bruk av rus. Generelt fann dei at utfordringar på skulen hadde samanheng med elevane sin bruk av alkohol, det var ein samanheng mellom kor lang tid elevane nytta på lekser og deira bruk av alkohol. Elevar som nytta mykje tid på skulearbeid, drakk mindre alkohol enn dei som ikkje gjorde det. Elevar som var nøgde med karakterar dei fekk på skulen, hadde også mindre sannsyn for å drikke alkohol (Møller og Bentsen, 2015).

MOT- Robust ungdom 12-16 år, er eit skuleprogram som alle Stordskulane tek del i. MOT er samansett av tre verdjar; mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å seie nei. Føremålet er auke unge si livsmeistring, og å skape robuste og inkluderande ungdommar (Stord kommune, 2020). Det er skulane sjølv som bidreg med MOT – coachar og tek utdanninga gjennom MOT-organisasjonen (MOT, u.å.). Marthe Rye, Sabine Kaiser og Monica Martinussen (2021) gjorde ei kunnskapsoppsummering og klassifisering av MOT sitt skuleprogram *Robust ungdom 12-16 år* for Ungsinn.no i 2021. Den viste at programmet vert klassifisert på evidensnivå 2, som betyr at det er sannsynleg at tiltaket har effekt (Eng, 2015). Vurderinga er grunngeve med at tiltaket er godt skildra gjennom skriftleg materiell for utøvarar av tiltaket, og informasjon på organisasjonen sin heimeside. Rye et al (2021) fann at skuleprogrammet har ein god implementeringsstrategi, og at MOT har god oppfølging av dei skulane som nyttar programmet. MOT har også eigne undersøkingar der elevane får uttale seg om deira erfaringar med programmet. Fleire studiar har evaluert MOT, men ingen er vurdert til å vere av den vitenskaplege kvaliteten som vert kravd for å belyse om tiltaket har effekt. Samstundes er kunnskapsgrunnlaget til skuleprogrammet allment akseptert og tilstrekkeleg grunngeve, noko som kan auke føresetnadane for å ha ein positiv verknad på elevane (Rye et al., 2021).

*Ung på Stord* er eit førebyggjande tiltak i Stord kommune, gjennomført av Utekontakten. Tiltaket involverer elevar, føresette, skulen og ulike kommunale instansar, og det vert gjennomført på 7- og 9.trinn. Føremålet er å auke elevane sine føresetnadar for å ta gode, individuelle val knytt til temaa rusmiddel, helse og nettbruk. Andre målsetjingar er å senke terskelen til foreldra for å ta kontakt med kvarandre og spreie kunnskap om den lokale ungdomssituasjonen på Stord (Stord kommune, 2020). I tillegg ynskjer *Ung på Stord* også å styrkje foreldra sin autoritet til å setje grenser for ungdommane når det handlar om utprøving av rusmidlar, samt å auke deira kunnskap om korleis ein skal snakke med unge om rus, helse og nettvett. Ved at lærarane også deltek i programmet, er hensikta også å styrkje kontakten mellom skule og heim (Stord kommune, 2020).

## 2.3 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen integrerer fleire teoriar innan utviklingspsykologi, mellom anna Bronfenbrenner sin bioøkologiske teori (Kvello, 2008). Modellen skildrar korleis ungdom og miljø står i eit gjensidig påverknadsforhold (Kvello, 2015). Sentralt er kva system oppvekstmiljø består av, og korleis relasjonar og arenaar kan både vere valt eller tilskrivne. I tillegg skildrar transaksjonsmodellen også prosessar relaterte til risiko- og beskyttelsesfaktorar (Kvello, 2008).

### 2.3.1 Gjensidige påverknadsprosessar

I transaksjonsmodellen vert miljøet definert som alt av omgivnadane til eit individ, det vil seie alt frå det uberørte til det menneskeskapte, som til dømes kultur (Kvello, 2008). I sosialisering av born er det difor viktig at bornet utviklar seg til å bli i stand til å meistre det spesifikke miljøet det er ein del av. Sjølv om det vert nytta ei vid forståing av miljø, set transaksjonsmodellen fokus på det sosiale miljøet, og dei mellommenneskelege relasjonane. Eit born påverkar sitt miljø aktivt, samstundes som det også sjølv vert påverka. Denne vekslende påverkinga er dynamisk og skjer over tid. Kvello (2008) viser til nyare forskning som har stadfesta at bornet frå fødsel av, er aktivt sosialt og søkande. Denne oppfatninga skil seg frå tidlegare teoriar, som oppfatta at eit born vart passivt forma av omverda (Bronfenbrenner, 1979).

### 2.3.2 Samspel mellom biologi og miljø

Menneskesynet i transaksjonsmodellen kan skildrast som biopsykososialt. Det vil seie at menneske si utvikling vert sett på som eit resultat av samspelet mellom psykologi, biologi og miljø (Kvello, 2012). Ein kan nytte utvikling av psykiske vanskar som eit døme på dette samspelet. Tidlegare studiar har funne at menneske sine medfødde genar, kan gjera ein meir disponibel for fleire former for psykiske lidningar, men at miljøet i stor grad påverkar korleis vanskane kjem til uttrykk. Samstundes er det viktig å setje lys på at det sjeldan er enkeltepisodar som påverkar born si psykiske helse, det handlar ofte om omfanget og varigheit av belastinga. Sjølv om ein ikkje er genetisk disponibel for psykiske lidningar, kan miljøet likevel føre til at ein utviklar psykiske vanskar. Dette kan skje ut frå stress og sårbarheit, der stress er negativ påverknad frå miljøet, medan biologiske, medfødde trekk er bornet sin ibuande sårbarheit. Sårbare menneske klarer i mindre grad handtere stress, samanlikna med dei som er mindre sårbare. Graden av stress og sårbarheit kan endre seg i løpet av livet, sidan erfaringar ein gjer seg påverkar sårbarheita til ein person. Kva som vert

opplevd som stress kan variere frå person til person, i tillegg er det relatert til kva vedkommande er sårbar for. Biologien påverkar korleis ein person handlar i sitt miljø, og delvis korleis ein reagerer på påverknadar frå miljøet (Kvello, 2008).

### 2.3.3 Ulike system i den bioøkologiske modellen

Det økologiske miljøet er eit system som består av fleire mindre system, som går inn i kvarandre. Ein skil mellom mikro-, meso-, ekso- og makrosystem (Bronfenbrenner 1979).

I det vidare ser me nærare på mikro- og mesosystemet, då det er dei som har størst påverknad på ungdom.

Eit mikrosystem er eit mønster av aktivitetar, roller og mellommenneskelege relasjonar, som ein person erfarer i ein setting (Bronfenbrenner, 1979). For å auke forståing for dette omgrepet, krevjar det at ein ser nærare på det å *erfare*. Slik me forstår Bronfenbrenner (1979) dreier det seg ikkje om kva som objektivt er rundt eit menneske, men korleis det menneske erfarer omgivingane. Med *aktivitetar* er det meint åtferd, som vert utført med medviten og meining. Aktivitetar er noko som kan gjerast saman med andre i miljøet, og spelar med det inn i dei mellommenneskelege relasjonane. Det er også slik mellommenneskelege relasjonar oppstår - gjennom felles aktivitetar, eller ved at ein person vier merksemd til ein annan. Roller er ein kombinasjon av aktivitetar og relasjonen, som vert forventa av ein person med ein spesifikk posisjon i samfunnet. Setting er ein stad der menneske kan ta del i interaksjonar med andre personar, som skule eller heim. Dei type miljø som bidreg mest til vekst og påverking, er dei som har ei meining for ein person. Bronfenbrenner (1979) trekk fram skule og heim som dei mest sentrale miljøa.

Kva roller og setting som spelar inn på bornet, er basert på foreldra sine val. Det gjer at dei spelar ei stor rolle når det gjeld valt eller tilskrivne arenaar og relasjonar (Kvello, 2008; Bronfenbrenner, 1979). Gjennom foreldra sitt val av bustad eller barnehage, tilskriv dei kva arena bornet skal opphalde seg i. Det er også foreldra som avgjer kven bornet møter, vert kjend med og knyter relasjonar til (Kvello, 2012). Etter kvart som bornet vert eldre, kan det i større grad velje kva relasjonar og arenaar det vil delta på. Det kan vere kven det vil vere ven med, eller kva fritidsaktivitet det vil gå på. Foreldra har likevel framleis ei påverknad på kva val bornet gjer, ettersom val foreldra har teke tidlegare påverkar bornet si interesse. Eit mesosystem består av fleire mikrosystem, og er sett saman av relasjonar mellom to eller fleire



settingar, der bornet er ein aktiv deltakar. Dette kan til dømes vere mellom skule og heim. Ein kan skilje mellom fire ulike typar interaksjon mellom settingane (Bronfenbrenner 1979) .

#### 1) Multisetting - deltaking

Multisetting - deltaking skjer når same person deltek på aktivitetar i meir enn ein setting, som til dømes skule og heim. Bronfenbrenner (1979) omtaler dette som ein økologisk transaksjon. Personen som gjer denne interaksjonen vert sett på som primærtenka, medan andre som deltek i dei same settingane vert ei supplerande lenke. På den måten kan foreldre vere ei supplerande lenke om dei deltek på eit foreldremøte på skulen.

#### 2) Indirekte lenke

Indirekte lenke førekjem når ein person ikkje aktivt deltek i begge settingane, samstundes som det likevel oppstår ei lenke mellom settingane gjennom ein tredje person. Dette kan til dømes vere ungdom som har sysken som deltek på andre aktivitetar.

#### 3) Kommunikasjon mellom settingane

Interaksjonen byggjer på kommunikasjon mellom settingane, med føremål om å gje konkret informasjon til personar i den andre settinga. Kvaliteten på interaksjonen vert påverka av om kommunikasjonen er tovegs og personleg.

#### 4) Intersetting - kunnskap

Intersettingkunnskap handlar om informasjon eller erfaringar den eine settinga har om den andre. Denne kunnskapen kan basere seg på kommunikasjonen mellom settingane, eller frå andre kjelder som til dømes andre foreldre.

Ifylgje Bronfenbrenner (1979) vil kvaliteten på mesosystemet, bli påverka av kva grad dei fire formane for interaksjon er til stades. I tillegg vil samspelet mellom settingane også ha medverknad. Jo meir kontakt og kjennskap det er mellom settingane i bornet sitt liv, jo meir positivt er det for bornet si utvikling. Dersom ungdommen har med seg ein person dei har tilknytning til frå ei setting til ei anna, vil dette gjere overgangane mellom enklare.

## 2.4 Tverrprofesjonelt samarbeid

Det finst ei rekkje omgrep for samarbeid på tvers av fagområde og offentlege instansar. (Willumsen et al., 2016) nyttar *tverrprofesjonelt samarbeid* i sine tekstar, medan Fineide og Bjørnquist (2019) nyttar *interorganisatorisk samarbeid*. I oppgåva vil me hovudsakleg nytte tverrfagleg samarbeid som omgrep. Borne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2013) har utarbeida eit rundskriv med føremål å auke forståinga av verdien av tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. I rundskrivet kjem det tydeleg fram at godt førebyggjande arbeid krev at ein startar tidleg, og har ein langsiktig handlingsplan. Samarbeid mellom skulen og skulehelsetenesta gjer at skulehelsetenesta får eit særskild høve til å drive førebyggjande arbeid på ein arena med direkte tilknytning til born og unge (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013).

Organisering av tverrfaglege team er ein av fleire metodar for å styrkje samarbeidet mellom forskjellige aktørar i offentleg sektor (Andreassen, 2019). Ifylgje Andreassen (2019) er etablering av tverrfaglege samarbeid ein prosess som går gjennom tre fasar. Den fyrste fasen omhandlar det å danne ei felles forståing for gjeldande utfordringar blant aktørane. Dette vert kalla *problem-setting*. I den andre fasen handlar det om å identifisere kva retning samarbeidet går i, kva ein ynskjer å arbeide mot og felles verdiar som aktørane har, namngjeve *direction-setting*. I den tredje og siste fasen er avklaring av strukturen av samarbeidet viktig. Fasen vert kalla *structuring*, sentralt er å identifisere kva faktorar som kan påverke samarbeidet både i negativ og positiv forstand (Andreassen, 2019). Aktørane må anerkjenne at samarbeid er viktig for å skape positiv endring. Ein faktor som spelar inn på det tverrfaglege samarbeidet er leiinga, og ofte er gruppeleiar ein aktør som har ei leiarstilling. Makt- og avhengnadsforhold vil påverke relasjonen mellom aktørane. I nokre tilfelle kan det vere trong for tiltak med føremål om å jamne ut maktbalansen, her må ein også ta omsyn til at eit jamt maktforhold kan føre til stagnasjon i arbeidet. Ved høg grad av konflikt i gruppa, bør gruppeleiar vere ein uavhengig tredjepart (Andreassen, 2019).

### 2.4.1 Samarbeidsprosessen

Dei enkelte fagområda har ulik kompetanse, som kan foreinast og integrerast på ulike måtar. Sentralt er å differensiere mellom kjernekompetanse, overlappande kompetanse, felleskompetanse og spisskompetanse. *Kjernekompetansen* er fundamentet for hovudfokuset i den enkelte sitt fagområde, det den enkelte meistrar best. Anerkjenning og respekt for kvarandre si kjernekompetanse er ein viktig føresetnad for godt tverrprofesjonelt samarbeid.

*Overlappende kompetanse* er den kunnskapen der fleire eller alle har same kompetanse. Grensene mellom kompetansen kan vere flytande eller meir fast, avhengig av fagområde. *Felleskompetanse* er kunnskap beståande av felles fagleg kompetanse. Felleskompetanse er ofte utvikla gjennom eit langvarig samarbeid, og viser seg gjennom språk, omgrep, dugleikar og ei felles integrert kompetanse. *Spisskompetanse* er konkret og ofte avgrensa kunnskap, som ein til dømes tileignar seg gjennom lang erfaring, vidareutdanning eller anna spesialisering innanfor eit fagfelt (Willumsen, 2016). I tverrprofesjonelt samarbeid er det også viktig å inkludere brukarar, som kan seie noko om korleis dei opplev sin situasjon og kva behov dei har (Willumsen, 2016).

For å oppnå eit vellukka tverrprofesjonelt samarbeid må dei aktuelle tenestene, og dei forskjellige formane for kompetanse fungere saman. Ein føresetnad er å markere grenseoppingar og overlappingar, slik at ein kan dra nytte av kvarandre sine refleksjonar. Dette vil gjere det enklare for bidragsytarane å sjå eigen kompetanse i samanheng med andre sine bidrag, samstundes som det vil gjere forventingane ein har til kvarandre meir realistiske. Tverrprofesjonelle samarbeidsgrupper der deltakarane er kjende med kvarandre sin kompetanse og tenester, kan auke føresetnadane for å forstå og anerkjenne skilnadar som er viktige i eit velfungerande og dynamisk samarbeid (Willumsen, 2016).

#### 2.4.2 **Utfordringar i tverrprofesjonelt samarbeid**

Glavin og Erdal (2018) trekk fram fleire faktorar som kan gjere samarbeid mellom instansar utfordrande. Dette inkluderer haldningar til samarbeidspartnarane eller at samarbeidet ikkje gjev direkte gevinst for den eine aktøren. Sentralt er det at kvar einskild opplev samarbeidet som naudsynt og viktig. I tillegg er tverrfagleg samarbeid ofte pålagt, som kan påverke deltakarane si interesse dersom dei sjølv ikkje ser hensikta. Manglande kunnskap om kvarandre sine arbeidsoppgåver, kan også stå til hinder for det tverrfaglege samarbeidet ved at ein ikkje har tillit til andre sin fagkunnskap. I tillegg kan mangel på ressursar på den enkelte arbeidsstaden også hindre eit godt tverrfagleg samarbeid, sidan det kan vere ei oppgåve som ikkje vert prioritert. Samstundes vil endringsarbeid krevje mykje av dei enkelte etatane, blant anna planlegging, kompetanseheving, møteverksemd og journalføring. I instansar der det er høgt arbeidspress kan det vere utfordrande med tverrfaglege samarbeid, då representantane kan oppleve at samarbeidet påverkar andre daglege gjeremål (Glavin & Erdal, 2018).

## 2.5 Ungdomskultur og drikkevanar.

Kultur er eit omfattande omgrep. Det vanlegaste er å avgrense kulturomgrepet til dei verdiane, motivasjonsstrukturrar, normer, identitetskonstruksjonar, trugsførestillingar, myter og ideologiar som gjeld i eit samfunn (Øia, 2013). Nokre ungdommar kjem i kontakt med miljø der drikking av alkohol er ein stor del av ungdommane sine handlingsmønster. Dette kan både vere risiko- og beskyttandefaktor for ungdommen, ut frå kva påverknad miljøet har på bruken av alkohol. I nokre miljø er det ofte utalte eller uuttalte forventingar om at alle som er ein del av miljøet skal vere lojale mot kvarandre. Som ein konsekvens av dette kan den enkelte som kjem i kontakt med slike miljø, endre eiga åtferd ved hjelp av læring og tilpassing. I den samanheng handlar læring om innøving av konkret åtferd i rusa tilstand og utvikling av haldningar knytt til bruk av alkohol. Akseptierende haldningar ved bruk av alkohol før 18 år, kan føre med seg status og aksept blant jamgamle. I eit ungdomsmiljø er det avgjerande kva form for inngangsbillett som er gjeldande, og det er ungdommane sjølv som definerer kva som gjev status, anerkjenning og respekt (Øia, 2013).

Ifylgje den *nasjonale alkoholstrategien* (2021) har Noreg eit gjennomsnittleg inntak av alkohol samanlikna med det globale snittet, samstundes som forbruket er lågt samanlikna med andre land i Europa (WHO Europe, 2019, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Dette gjeld også mengda ungdom som drikk alkohol, samstundes som kan ein sjå at inntaket er høgt dei gongane norske tenåringar drikk. Tenåringar sitt forbruk av alkohol har gått ned sidan tusenårsskiftet, dette gjeld både i Noreg og i andre land (Folkehelseinstituttet, 2018, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Bruk av alkohol kan vere ei medverkande faktor til ei rekkje psykiske, somatiske og sosiale vanskar for den som drikk. Den *Nasjonale alkoholstrategien* (2021) nemner alkoholbrukslidingar, alvorleg depresjon og demens som dei mest sentrale konsekvensane av alkoholinntak (Shield, Et al., 2020, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Forsking viser at både eit høgt inntak per gong ein drikk, og eit høgt alkoholinntak over tid vil begge auke risikoen for skader og vanskar. Ulykkesskadar, valdsskadar, sjølvskading og sjølvsmordsåtferd kan ofte sjåast i samanheng med alkoholinntak (Rehm, et al., 2017, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Alkohol er også ein medverkande faktor for fleire typar kreft og alvorlege sjukdomar, nokre former for hjarte- og karsjukdomar, i tillegg til sjukdom i lever og bukspyttkjertel (Shield, Et al., 2020, sitert i Nasjonal alkoholstrategi, 2021).


### 2.5.1 Ungdata 2021

Resultata frå Ungdata- undersøkinga (Ungdata senteret, 2021a, 2021b) gjev ei skildring av ungdommar sin alkoholbruk, trivnad i heimen, skule og oppvekstmiljøet, som er sentrale faktorar som spelar inn på deira alkoholbruk. Ungdata (Ungdata senteret, 2021a, 2021b) er danna av velferdsforskingstinstituttet NOVA ved OsloMet, i tett samarbeid med Korus. Ungdata gjennomfører spørjeundersøkingar kvart andre år på skular over heile landet, der ungdommar får høve til å oppgi korleis dei opplev sin situasjon (Ungdata senteret, 2021a, 2021b). Føremålet er å kartleggje kva ungdom held på med, og korleis det opplev sin situasjon. Undersøkinga inkludera blant anna temaa fritid, rus, familieliv, vener, helse med meir. Den er anonym og det er frivillig å delta, spørjeskjemaet er elektronisk, og vert gjennomført i skuletida (Ungdata senteret, 2021a).

Fleirtalet av kommunar i landet nyttar ungdata som eit kunnskapsgrunnlag for utvikling av den lokale oppvekstpolitikken. Innsamla data vert brukt i det førebyggjande folkehelsearbeidet, og til å gjere ungdom medviten om korleis andre jamgamle har det (ungdata senteret, 2021). Sidan tusenårsskiftet har ungdom sin bruk av alkohol hatt ein nedgang, samstundes som det framleis er det mest nytta rusmiddelet blant ungdom i dag. Mange ungdommar drikk alkohol, spesielt mot slutten av tenåra. Ved Ungdata undersøkinga frå 2021 var svarprosenten 93% på ungdomsskulane og 78 % på vidaregåande. Rapporten har samanlikna dataa frå tidlegare år, som viser at bruken av alkohol har gått noko opp frå 2019 – 2021 (Ungdata senteret, 2021a, 2021b).

### 2.5.2 Tal frå Stord

Stord kommune ligg over det nasjonale gjennomsnittet, i høve kor mange ungdommar på ungdomstrinnet som ikkje har drukke alkohol. I tillegg drikk ungdommar som har debutert med alkohol meir sjeldan på Stord, enn i resten av landet. Det gjeld både ungdom på ungdomsskule- og vidaregåande (Ungdata senteret, 2021a, 2021b)




Figur 1 Hender det at du drikk noko form for alkohol? Prosent i Stord kommune og nasjonalt. Venstre graf viser resultat frå ungdomskulen, høgre viser resultat frå vidaregåande. Henta frå Ungdata senteret 2021a, 2021b, s. 32, s. 32. ([https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Ungdomsskule\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Ungdomsskule_Kommune.pdf), [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Videregående\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Videregående_Kommune.pdf))

Den delen ungdom på Stord som aldri har smakt alkohol vert redusert ved alderen, samstundes er reduksjonen liten i løpet av dei åra dei går på ungdomskulen. På vidaregåande er reduksjonen størst på vg2, som er året der mange vert myndig (Ungdata senteret, 2021b).

Ifylgje Ungdata (2021a, 2021b) er foreldre på Stord tydelegare enn landsgjennomsnittet på at ungdom ikkje får lov til å drikke alkohol. Dette gjeld både på ungdomsskulen og vidaregåande. På ungdomsskulen får 90% mot landsgjennomsnittet på 82%, medan på vidaregåande er det 42% mot 32% ikkje lov til å drikke alkohol. Medverkande faktor for at fleire får lov på vidaregåande, kan ha med at dei i løpet av desse åra er blitt myndig.

Kor mykje ungdom er ute med vener, og kva dei gjer på fritida påverkar deira bruk av alkohol (Caldwell & Darling, 1999). Skilnaden på kor ofte ungdom på Stord er ute med vener, vik lite frå landsgjennomsnittet. 40% av ungdomsskuleelvar på Stord svara at dei ikkje har vore saman med vener største delen av kvelden i løpet av veka. Både på Stord og på landsbasis svara ungdom at dei er meir saman med vener etter dei byrjar på vidaregåande (Ungdata senteret, 2021b). Litt over 60% av ungdomsskuleelevar både på Stord og nasjonalt, svara at dei deltek i ei form for organisert fritid (Ungdata senteret, 2021a). For ungdom i vidaregåande vert tala redusert til 54% på Stord, medan landsgjennomsnittet ligg på 45% (Ungdata senteret, 2021b)


Trivnad i skulen er ein medverkande faktor i unge sin bruk av alkohol (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021). Resultat frå ungdomsskulen og vidaregåande på Stord viser at eit fleirtal har det bra på skulen, og at dei har gode forholdet til både medelevar og lærarar. Den delen som har det bra auke på vidaregåande. Likevel svara mellom 13% til 30% at dei har vanskar med trivnad, og relasjon til medelevar og lærarar (Ungdata senteret, 2021a, 2021b).



Figur 2 Kor mange er einig eller ueinig i ulike utsegn om korleis dei har det på skulen. Venstre graf viser resultat frå ungdomsskulen, høgre graf viser resultat frå vidaregåande. Henta frå Ungdata senteret 2021a, 2021b, s. 13, s. 13. ([https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Ungdomsskule\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Ungdomsskule_Kommune.pdf), [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Videregaende\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Videregaende_Kommune.pdf))

Ungdomskuleelevar skårar tilnærma likt landsgjennomsnittet når det gjeld trivnad i skulen, der omlag 20% er misnøgd med skulen sin. For vidaregåandeelevar kan det sjå ut som at dei

trivast, men i mindre grad samanlikna med landsgjennomsnittet (Ungdata senteret, 2021b) .



Figur 3 Kor nøgd er du på skulen du går på? Venstre graf viser resultat frå ungdomsskulen, høgre graf viser resultat frå vidaregåande. Henta frå Ungdata senteret 2021a, 2021b, s. 12,s. 12.( [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Ungdomsskule\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Ungdomsskule_Kommune.pdf), [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Videregående\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Videregående_Kommune.pdf))

Ungdom sin trivnad i heimen påverkar deira alkoholbruk (Øia, 2013). Noko av det som spelar inn på om dei trivast heime, er i kva grad dei er nøgd med foreldra sine. Resultat frå Ungdata viser at både ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande på Stord, i lita grad skil seg ut frå landsgjennomsnittet på spørsmålet om kor nøgd dei er med foreldra sine. Eit stort fleirtal av deltakarane seier dei er nøgd med foreldra sine (Ungdata senteret, 2021a, 2021b).

## 2.6 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 - 2024

Stord kommune sin rusmiddelpolitiske handlingsplan vart utarbeida av ei tverrfagleg arbeidsgruppe, i samband med innsetting av nytt kommunestyre. Deltakarane i arbeidsgruppa var folkehelsekoordinator, leiar i fellestenester, leiar i Utekontaken, representantar frå einig for psykisk helse og rus, samt SLT - koordinator. Føremålet er at planen skal danne ein heilskapleg rusmiddelpolitikk, gjennom å vekte samanhengen mellom folkehelse, førebygging, skjenkeløyve og rehabiliteringsområdet. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen omhandlar tobakk, alkohol, illegale rusmidlar, samt misbruk av legemidlar og dopingmidlar (Stord kommune, 2020).



I utarbeiding av den ruspolitiske handlingsplanen har arbeidsgruppa teke utgangspunkt planen frå perioden 2017 – 2020. Det har vorte gjennomført eitt oppstartsmøte i byrjinga planarbeidet, der også representantar frå sals og- og skjenkenæringa, eining for rus og psykisk helse, samt barneverntenesta. Planen gjev ei oversikt over bruk av alkohol nasjonalt i Noreg, positive og negative konsekvensar for alkoholbruk- særleg for ungdom. (Stord kommune, 2020). Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen tek så føre seg situasjonen på Stord, både omsetting og ungdom sitt inntak.

Vidare tek den rusmiddelpolitiske handlingsplanen føre seg nasjonale mål og strategiar, lokale folkehelseiltak frå helsedirektoratet, opptrappingsplan for born og unge si psykisk helse (2019 – 2024), i tillegg til rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne. Avslutningsvis skildrar den ruspolitiske handlingsplanen mål og tiltak som arbeidsgruppa har utarbeida (Stord kommune, 2020). Dei måla og tiltaka knytt til ungdom sin bruk av alkohol og førebygging vil verta presentert i neste avsnitt. Tiltaka er både på universelt, selektivt og indikativt nivå (Stord kommune, 2020).

## 2.6.1 Mål og tiltak

Hovudmål 1 Det er lagt til rette for at innbyggjarar har tilgang på nødvendig kunnskap og reelle høve til gode val for å ta vare på helse		Hovudmål 2 Innbyggjarane i Stord opplever likeverdige levekår, behovstilpassa tenestetilbod, og like høve til deltaking		vurdering av sosiale- og helsesessige konsekvensar	
1.1 Innbyggjarane i Stord kommune har naudsvyt kunnskap om rusmiddel og høve til å velje helsefremjande levevanar	Tiltak 1.1.1 Av og til 1.1.2 Skulehelsetenesta 1.1.3 Helsestasjon for ungdom 1.1.4 Ung på Stord 1.1.5 Frisklivssentralen 1.1.6 Fastelegane	2.1 Kommunen har god oversikt over lokalt rusmiddelbruk, konsekvensar, og risiko og beskyttande faktorar	Tiltak 2.1.1 Folkehelsekartlegging 2.1.2 Ungdata 2.1.3 Brukarplan 2.1.4 Oppskjånde tenester 2.1.5 SLT modellen 2.1.6 Politiråd 2.1.7 Helsestasjon og fastlegar registrerer alkoholvanar og bruk av tobakk 2.1.8 Tenestene har system for registrering av rusmiddelbruk	2.5 Samarbeid med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar om eit inkluderande lokalsamfunn	2.5.1 SLT koordinatør 2.5.2 Folkehelsekoordinatør 2.5.3 Frisklivssentralen 2.5.4 Frivilligsentralen 2.5.5 Stimulere til eit inkluderande arbeidsliv
1.2 Positive, rusfrie treffstadar vert vidareført og vidareutvikla	1.2.1 Trivelege og trygge fysiske møteplassar i nærmiljø og i sentrum 1.2.2 Frisklivssentralen 1.2.3 Hamna kontaktsenter 1.2.4 Hamna kontaktsenter 1.2.5 Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar 1.2.6 Frivilligsentralen	2.2 Tenestene i Stord kommune er tilgjengelege for brukarane og tilpassa den enkelte sin situasjon	2.1.9 Matte brukarane på ulike arenaer 2.1.10Meir bruk av sosiale medium 2.1.11Betre tverfagleg innsats (BTI) 2.1.12Individuell plan 2.1.13Tilgjengelege og fleksible tenester 2.1.14Brukarmedverknad i utforming og utvikling av tenestene på individ- og systemnivå 2.1.15Brukarfora 2.1.16Brukarundersøkingar	Hovudmål 3 Stord kommune har førebyggjande tiltak som bidrar til å heva debutalden på alkohol, redusere alkohol- og tobakksbruk, redusere misbruk av legemiddel og hindra bruk av illegale rusmidlar og doping	Tiltak 3.1.1 Arbeide målretta etter strategien om ein inkluderande barnehage, skule og SFO 3.1.2 MOT 3.1.3 Aktivitetsdag i overgangen frå barne- til ungdomsskulen 3.1.4 Gode overgangsplanar 3.1.5 Samarbeida om tiltak for å tryggje overgangen mellom ungdoms- og vidaregåande skule
1.3 Stord kommune legg til rette for meningsfulle dagaktivitetstilbod	1.3.1 Springbrettet 1.3.2 I jobb 1.3.3 Kommunal arbeidstrening 1.3.4 Lågterskole helsestasjon 1.3.5 Hamna kontaktsenter 1.3.6 Vurdere etablering av eldrecenter	2.3 Eit helsekapleg og koordinert tenesteapparat med kompetente tilsette	2.3.1 Betre tverfagleg innsats (BTI) 2.3.2 SLT modellen 2.3.3 Individuell plan 2.3.4 Ansvarsgruppe 2.3.5 Delta i relevante faglege nettverk 2.3.6 Tilsette har god kompetanse for å gje brukaren god rettleiing	3.2 Sikre at unge får god og oppdatert kunnskap om rusmiddel og doping	3.2.1 Ung på Stord 3.2.2 Bruk av skuleprogrammet FRI i ungdomsskulane 3.2.3 Skulehelsetenesta 3.2.4 Helsestasjon for ungdom 3.2.5 Leggjje til rette for at tilsette som møter barn og unge har god kompetanse på rusmiddel 3.2.6 Samarbeide med vidaregåande skule (vgs.) om rusmiddelførebyggjande tiltak 3.2.7 Samarbeide med næringslivsaktarar om rusmiddelførebyggjande tiltak 3.2.8 Bidra med rusmiddelførebyggjande verdslar og kunnskap inn i frivillig lag og organisasjonar
1.4 Stord kommune har ein tydeleg arbeidsgjevarpolitikk for å unngå helseskadeleg rusmiddelbruk	1.4.1 Revidere og synleggjere Akan retningslinjer for rusmiddelbruk i arbeidssamheng 1.4.2 Følgj opp tilsette i tråd med Akan-retningslinjene 1.4.3 Utarbeide ein helsekapleg alkoholpolitikk for kommunen sine tilsette 1.4.4 Vurdere bruk av Av og til sine verktøy om alkohol i arbeidslivet	2.4 Stord kommune bidrar til deltaking, mestring og livskvalitet for rusavhengige og andre i risiko for problematisk rusmiddel- og legemiddelbruk	2.4.1 Lågterskoletilbod for rusavhengige 2.4.2 Oppskjånde tenester 2.4.3 Open stove 2.4.4 Samarbeide og støtte opp om dagaktivitetstiltak, jobb og fritidstilbod 2.4.5 Arbeide for inkludering i lag og organisasjonar 2.4.6 Fleire VTA plassar i Stord kommune 2.4.7 Tiltrelagte institusjonsplassar for innbyggjarar med rusmiddelavhengighet	3.3 Barn og unge har gode haldingar og gjer gode val i høve rusmiddel	3.3.1 Ung på Stord 3.3.2 MOT 3.3.3 Skulehelsetenesta 3.3.4 Helsestasjonen for ungdom 3.3.5 Samarbeide med vgs. om rusmiddelførebyggjande tiltak 3.3.6 Samarbeide med næringslivsaktarar om rusmiddelførebyggjande tiltak 3.3.7 Bidra med rusmiddelførebyggjande verdslar
1.5 Stord kommune har eit trygt uteliv	1.5.1 Ansvarleg vertskep 1.5.2 Ansvarleg vertskep 1.5.3 Kvalitativt gode sals- og skjenkekontrollar 1.5.4 Sikre god internkontroll 1.5.5 Natteramnar				
1.6 Tiltak for å regulere etterspurnad og tilgang av alkohol	1.6.1 Alkoholpolitiske retningslinjer 1.6.2 Ved endring og nye sals- og skjenkelevyve skal det gjerast ei				

Figur 4 Måla i rusmiddel politisk handlingsplan (Stord kommune, 2020, s. 30)  
<https://www.stord.kommune.no/rusmiddelpolitisk-handlingsplan.6081578-426929.html>

## 2.6.2 SLT - modellen og politiråd

SLT står for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak. Omlag halvparten av alle kommunar i Noreg nyttar modellen, men den er tilgjengeleg for alle med føresetnad om at det føreligg eit kommunalt vedtak, i tillegg til ei stadfesting frå politiet på at kommunen pliktar seg til deltaking. Alle kommunar som nyttar SLT modellen må ha ein

koordinator, for å organisere arbeidet (Sekretariatet for konfliktrådene, 2021). Føremålet med modellen er å sikre betre kommunikasjon og samarbeid mellom dei ulike nivåa i det førebyggjande arbeidet, slik at kriminalitet og bruk av rus blant born og unge kan hindrast. Sentralt er å analyse kor og i kva grad antisosial åtferd oppstår, for så å setje inn tiltak direkte knytt til årsakene. Verknadsfull førebyggjande arbeid krevjar tett samhandling på tvers av instansar, der særleg kommunen, politiet, andre offentlege instansar og frivillige organisasjonar har sentrale roller. Ein føresetnad er ei felles forståing av kommunen sine utfordringar, og kva som skal til for å løyse problema (Sekretariatet for konfliktrådet, 2021).

Politiråd er eit formelt samarbeid mellom politiet og den øvste kommunale leiinga. Politiråd er styringsgruppa i SLT – modellen, og rådet skal bistå til å sikre kunnskap om den lokale rus- og kriminalitetssituasjonen mellom politi og kommune (Stord kommune, 2020) . Føremålet med politiråd er å koordinere det lokale kriminalførebyggjande arbeidet, og å setje inn evidensbaserte tiltak etter behov (Politidirektoratet, 2016).

### 2.6.3 Utekontaken

Utekontaken er ei kommunal teneste og eit lågterskeltilbod for unge i alderen 13 – 23 år. Tenesta driv oppsøkjande sosialt arbeid, med fokus på førebygging knytt til ungdom sin bruk av rus, kriminalitet og psykososiale vanskar. Oppsøkjande ungdomsarbeid er ein strategi for å fange opp enkeltungdommar som har trong for ekstra støtte, i tillegg har Utekontaken universale førebyggjande tiltak retta mot alle elevar og føresette på Stord. I Utekontaken sine lokale har dei fast dag med open stove, som er ein møtestad for ungdom i regi av trygge vaksne (Stord kommune, 2022).

### 2.6.4 BTI

BTI står for Betre Tverrfagleg Innsats, og er ein samarbeidsmodell som skildra den heilskaplege innsatsen i og mellom offentlege tenester retta mot gravide, born og unge, og familiar. Sentralt er at det er knytt ei uro til målgruppa, og BTI skal sørge for til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Tidleg innsats set fokus på å førebyggje og kartleggje vanskar på eit tidleg tidspunkt. Hensikta med hjelpetiltak som vert sette i gang er å styrkje beskyttande faktorar og minske risikofaktorar knytt til bornet og familien. Samordna tenester skal sikre samarbeid og framdrift kring familiar, slik at offentlege instansar og hjelpetenester på best mogleg vis kan hjelpe dei i risiko. Eit sentralt prinsipp i BTI – modellen er at foreldre er ein viktig del av problemløysinga. Foreldreinvolvering har ei fagleg

og ei etisk grunngjeving. Det etiske handlar om å anerkjenne foreldra sitt ansvar for egne born, og det faglege dreie seg om foreldra i utgangspunktet har ei avgjerande rolle i høve førebyggjande arbeid (Stord kommune, u.å.-a).

### 3 Metode

I dette kapittelet gjer me greie for kva metodiske og vitskapsteoretiske tilnærmingar me har nytta, for å svare på problemstillinga. Etterfylgt av det vil me skildre dei forskingsetiske vurderingane som vart teken undervegs, og val av vitskapsfilosofisk standpunkt. Heile forskingsprosessen frå start til slutt bør vere påliteleg gjennomført og rapportert for skal funna vere gyldig og om mogleg generaliserast (Jacobsen, 2015). Me vil difor vise til korleis gyldigheit og truverd er tilstreba i vår forsking, før me drøftar generalisering.

#### 3.1 Casestudie

Robert K. Yin har markert seg innan samfunnsvitskapen, og då særleg for sitt arbeid med casestudiar (2018). Yin (2018) sin definisjon av casestudie er todelt. Den fyrste delen handlar om at ein vil gjennomføre casestudie i prosjekt der føremålet er å forstå ein verkeleg situasjon, og at ein antek at ei slik forståing sannsynlegvis vil handle om kontekstuelle tilstandar som er relevant for problemstillinga. I tillegg tek casestudie omsyn til at grensene mellom eit fenomen og den aktuelle konteksten kan vere utydeleg. Den andre delen skildra at casestudie vil krevje handtering av kvar særskild situasjon, og på den måten vert det mange interessante variablar som har ei medverkande rolle. Vidare er casestudie avhengig av fleire kjelder, og kan med fordel nytte seg av tidlegare kunnskap som kan rettleie funn og analyse (Yin, 2018). Ut frå vår problemstilling vurderer me at casestudie er det rette forskingsdesignet, fordi me ynskjer å forstå korleis tilsette som arbeider alkoholførebyggjande lokalt på Stord erfara det førebyggjande arbeidet.

Me er kjend med at Yin (2018) tilrår å nytte fleire metodar for innsamling av data i eit casestudie, for å auke forskinga si kvalitet. Grunna tid og omfang av oppgåva har me likevel berre brukt kvalitativt intervju som datagrunnlag. Me har sett til ulike politiske og offentlege dokument, men me har ikkje gjort ei strukturert analyse, og kan difor ikkje hevde å ha gjort ei triangulering av metode. Me har analysert dokumenta i den grad at me har lese gjennom og samanfatta det me har vurdert som relevant i høve problemstillinga.

Yin (2018) skil mellom enkel- og fleircase studiar. Me vurderer vårt prosjekt som eit enkeltcasestudie fordi me vil undersøkje alkoholførebyggjande arbeid i ein enkelt kommune. Resultat frå Ungdata (2021) viser at ungdom på Stord drikk mindre, samanlikna med ungdom på landsbasis. Det at me ser til ulike politiske og offentlege dokument, i tillegg til relevant

kunnskap på feltet, gjer at me vil ha ei kritisk tilnærming til fagstoffet og funna våre (Yin, 2018). Ein anna medverkande faktor for val av design, er at casestudie opnar opp for ei drøfting kring alkoholførebyggjande arbeid, som andre kommunar kan dra nytte av.

### 3.2 Kvalitativ intervju

Eit kvalitativt forskingsintervju kan definerast som ein profesjonell samtale, og er ein utveksling av synspunkt innanfor eit gitt tema. Det er ikkje ein samtale mellom likeverdige, då det er intervjuaren som har definisjonsmakt og kontrollera strukturen i samtalen (Kvale et al., 2015). I dette prosjektet har me valt å nytte kvalitativt forskingsintervju, då det eignar seg godt ut i frå at vårt føremål om å få fram erfaringar til menneske, som på ulikt vis arbeider alkoholførebyggjande på Stord. Sentralt i det kvalitative intervju er å få fram deltakarane sine synspunkt, og at respondenten er aktive ved å skape meining og forståing kring eit avgrensa tema. Det er samstundes viktig å understreke at intervjuobjekta vert påverka av eigne omgivningar, og at dette speglar seg att i korleis dei handlar og tenkjer (Kvale og Brinkman, 2015).

I prosjektet har me gjennomført individuelle intervju, fordi me har vore interessert i å høyre om den enkelte respondenten sine erfaringar med tema. Me har dermed ikkje vore interessert i korleis sosiale samansetning av grupper, påverkar den enkelte sine ytringar (Jacobsen, 2016). Me nytta eit semistrukturert intervju, som er det mest brukte innan kvalitativ forskning (Brottveit, 2018). Eit semistrukturert intervju inneber at me hadde utarbeida ein intervjuguide med tema me ynskja å ta opp (Jacobsen, 2015) (Vedlegg.1). Intervjuguiden innehaltdt både spesifikke og generelle spørsmål. Ei slik kombinasjon vi vil ifylgje Thagaard (2018) auke føresetnadane for ei få ei betre forståing av respondentane sine vurderingar, basert på deira erfaringar.

### 3.3 Utval

Vidare i oppgåva vil me omtale dei me intervjuar som respondentar, då dei har direkte kjennskap til det alkoholførebyggjande arbeidet på Stord (Jacobsen, 2016). For å gjere utval har me gått gjennom fleire steg i utvalsprosessen. Fyrste steg var å danne oss ei oversikt over heile populasjonen, slik at me kunne ta ei vurdering på kven me ville innhenta erfaringar frå. Det er mange som arbeider førebyggjande, men me var nøydt til å vere selektive i høve kven me ville intervju, ettersom me ikkje kunne velje heile populasjonen. Etter me hadde fått

oversikt over populasjonen, kartla me inkuderings- og ekskluderingskriteriuma (Jacobsen 2016). Trekk ved respondentane me var interessert i var mellom anna at dei i sitt arbeid var i kontakt med ungdom. I tillegg ynskja me at dei hadde ei direkte rolle i høve alkoholførebyggjande arbeid, som gjorde at barneverntenesta og fastlækjar vart ekskludert. Begge tenestene er i kontakt med ungdom, men me er kjend med at dei ikkje har tiltak direkte knytt til alkoholførebygging. Me tok ikkje omsyn til kjønn eller alder i oppgåva.

Siste steg i utvalsprosessen var å avklare kriterium for val av respondentar. Problemstillinga var styrande for vurderingane me tok, og me nytta ein kombinasjon av utvalskriterium. Me gjorde utval basert på kva type informasjon respondentane hadde, og kombinerte det med med breiddeutval (Jacobsen, 2016). Me gjorde eit strategisk utval der me valde respondentar me opplevde å ha god og mykje informasjon om temaet. Det var basert på den eine forfattaren sin kjennskap til feltet, som gjorde at me hadde eit overblikk over respondentane sin kunnskap, og kven som kunne gje god og fyldig informasjon. Denne måten å gjere utval på er kritisert, ettersom det krevjar at ein som forskar har godt kjennskap til respondentane og deira kunnskap om tema (Jacobsen, 2016). I tillegg gjorde me eit breiddeutval, ved at me søkte å intervju respondentar frå dei mest aktuelle tenestene (Jacobsen, 2010). Me utarbeida ei liste med dei tenestene me ynskja å få representert i oppgåva, utan at lista inkluderte dei tilsette. Me gjorde så utval ut frå dei me kjende frå dei ulike instansane. I tillegg til desse kriteriane, tilstreba me å velje dei med lengst mogleg erfaring. I utval av respondentar har me ikkje teke omsyn til kor mange tilsette det er i dei ulike tenestene. Me har til dømes berre intervju to lærarar, om gjer at deira erfaringar ikkje nødvendigvis kan overførast til alle lærarane på Stord. Lærarane sine erfaringar er såleis i liten grad representert samanklikna med andre einingar, der det er færre tilsette. Det endelege utvalet vårt utgjorde åtte personar, som arbeider alkoholførebyggjande på Stord. Seks av respondentane er tilsette kommunalt, ein i fylkeskommunen, og ein er statleg tilsette. Respondentane har noverande stilling i politiet, barneskule, sosiallærer på ungdomsskule, SLT - koordinator, helsesjukepleiar og sosialrådgjevar på vidaregåande. I tillegg valde me å intervju ein person som tidlegare har arbeida i Utekontakten og tidlegare tilsette i ein fritidsklubb. Dette då dei hadde lang fartstid i tenestene, som gjorde at dei difor utfylte inkluderingskriteria våre.

### 3.4 Førebuing til intervju

Etter utvalet vart gjort tok me kontakt med respondentane via telefon, og alle sa ja til å delta i prosjektet. Me sende så respondentane intervjuguide, informasjonsskriv om studien og samtykkeskjema via e-mail. Føremålet med studien vart skildra i informasjonsskrivet og respondentane fekk informasjon om at me ville nytte lydopptak under intervjuet. Dei vart også opplyst om at me ville nytte eit firma til å gjennomføre transkriberinga (Vedlegg. 2). Den utarbeida intervjuguiden bestod av hovudtemaa som me ville spørje respondentane om (Vedlegg 1). Temaa var delt inn i korleis dei erfarte det alkoholførebyggjande arbeidet på eigen arbeidsstad, i kommunen generelt og kjennskapen dei har til den kommunale ruspolitiske handlingsplanen. Hovudtemaa vart stilt som opne spørsmål, som er ein viktig for at deltakarane skal gje ærlige og autentiske svar (Thagaard, 2018).

Etter me hadde sendt ut intervjuguide, informasjonsskriv og samtykkeskjema, trakk den eine deltakeren seg frå prosjektet. Vedkommande var også den me hadde minst kjennskap og relasjon til frå før. Me spurte då kandidat nummer ni, med same utdanning. Vedkommande sa ja til å delta. Ettersom dei ulike respondentane hadde forskjellige roller i høve det alkoholførebyggjande arbeidet, førte det til at me i førebuinga av intervjuet gjorde ei vurdering om det var spørsmål som ikkje ville vere relevant for respondenten å svare på. Respondentar som aktivt var deltakande i utarbeiding av den ruspolitiske handlingsplanen, vart i tillegg til hovudtemaa stilt spørsmål knytt til utarbeiding og evaluering av planen (Vedlegg 1). Me gjorde ei tidsavgrensing på 90 minuttar pr. Intervju.

### 3.5 Gjennomføring av intervju

Dei fysiske intervjuva vart gjennomført på ulike stader, ut frå kva som var mest praktisk for dei enkelte respondentane. Tidlegare studiar viser at kontekst for intervjuet ofte påverkar innhaldet i intervjuet (Jacobsen, 2016). Det var difor viktig for oss at respondentane fekk uttale seg om stad for intervju, føremålet var å redusere maktforholdet mellom intervjuar og respondentane. Seks av åtte respondentar valde å gjennomføre intervjuva på Utekontakten sine lokale, medan dei to resterande valde eigen arbeidsstad. Det gjorde at me ikkje fekk ekstra utgifter knytt til gjennomføring av intervju ved leige av lokale eller reiser, som ofte er svake sider ved intervju ved oppmøte (Jacobsen, 2016). Det at me gjennomført åtte intervju gjorde at me fekk høve til å veksle på kven som gjennomførte intervjuet, og kven som observerte.

Observatøren fekk også høve til å kome med innspel mellom temaa og avslutningsvis av intervjuet.

Thagaard (2018) understreka at intervjuar må gje uttrykk for støtte og sympati for å etablere ein fortruleg situasjon. Dette er særleg viktig når tema for samtalen kan oppfattast som vanskeleg for respondenten. Ut frå problemstillinga vurderte me at tema for studien ikkje kan karakteriserast som sensitivt. I alle intervjuar var det tilfelle der utsegn frå respondenten vart fylgt opp av oss, med spontane kommentarar eller spørsmål. Det kan skape rom for at respondenten kan uttale seg meir presist om tema (Thagaard, 2018). Undervegs i intervjuar gjorde me oppsummeringar av det som var blitt sagt, for å sikre ei felles forståing av respondenten sine ytringar.

### **3.6 Hermeneutisk - Fenomenologisk tilnærming.**

Måten ein handlar og tenkjer på er i stor grad prega av egne erfaringar og kunnskap. Innan vitenskapsteorien kan ein skilje mellom ulike syn på kunnskap. Det å vere medviten på korleis ein sjølv tileignar seg kunnskap er viktig for å forstå korleis ein tenkjer og egne handlingsmønster (Brottveit, 2021). Dei tyske filosofane Martin Heidegger (1889 – 1976) og Hans-Georg Gadamer (1900 – 2002) er sentrale innanfor den moderne hermeneutikken. Dei tok inspirasjon frå Edmund Husserl (1859 – 1938) sin fenomenologi, der fokuset er retta mot korleis fenomenet framstår utan ytre påverknad (Aadland, 1997). Det gjer at ei hermeneutisk – fenomenologisk tilnærming er godt eigna for korleis me tolkar tilsette på Stord sine erfaringar med det alkoholførebyggjande arbeidet. Me vil likevel understreke at me ikkje vil ha ei fullverdig tilnærming, men heller la oss inspirere av det hermeneutiske – fenomenologiske perspektivet.

Uttrykket fenomenologi er todelt og stammar frå det greske *phainomenin*, som handlar om det som kjem til syne, i kombinasjon med *logos* som tyder lære. I denne samanheng er det hensiktsmessig å la seg inspirere av eit fenomenologisk perspektiv, då me ynskjer å forstå respondentane sine levde erfaringar (Thomassen, 2006). Gjennom grundige skildringar er føremålet vårt å få fram variasjonsbreidda av korleis respondentane erfara det alkoholførebyggjande arbeidet på Stord (Thomassen, 2006). I fenomenologien handlar det om korleis verda oppfattast av subjektet, ikkje korleis fenomenet eller verda framstår i seg sjølv (Thornquist, 2018). Det vil krevje at me som forskarar legg til side alle forventingar til



kva respondentane skal fortelje. Me har tidlegare vist til vår kjennskap til organisasjonen og dei tilsette. Det gjorde det utfordrande å møte respondentane utan forventningar, samstundes kan vår bevisstheit, i kombinasjon med den eine forskaren sin manglande kjennskap, ha bidratt til at forventingane vart redusert. Dette er sentralt for at det skal kome tydeleg fram korleis dei tilsette erfara det førebyggjande arbeidet utan ytre påverknad (Thomassen, 2006). På den andre sida kan ei skildring aldri vere heilt nøytral, ettersom forskaren sin forståingshorisont alltid vil påverke kva ein vektlegg og registrerer (Thomassen, 2006). Ifylgje Thornquist (2018) vert fenomenologien ofte misforstått ved at den vert framstilt som ei individ- og kjensleretta retning, der det viktigaste er å leve seg inn i subjektet sin verden. I vårt prosjekt er me ikkje interessert i korleis respondentane føler kring det førebyggjande arbeidet. Me har fokus på deira faglege vurderingar kring alkoholførebygging, og korleis dei som fagpersonar erfara den heilskaplege innsatsen. Fenomenologien er ein kunnskapsteoretisk retning, som gjer at den er godt eigna til vårt prosjekt (Thornquist, 2018).

Hermeneutikk stammar frå det greske uttrykket hermeneuein, og tyder det å tolke (Thomassen, 2006). I hermeneutikken er ein særleg oppteken av å forstå sosiale fenomen, der omgivingar og kontekst spelar ei stor rolle for korleis materiale vert tolka (Brottveit, 2021). I hermeneutikken vert tolkingprosessen skildra som ei opning av tekster, og gjennom den kan lesaren tileigne seg tidlegare uforståelege horisontar. Gadamer utarbeida det kjente uttrykket *horisontsamansmelting*, som siktar til at me gjennom lesing og tolking kan utvide vår forståing slik at den smeltar saman med den andre sin horisont. Omgrepet gjev eit bilete av fortolkingprosessen som ein vedvarande og dynamisk prosess. Den hermeneutiske spiral skildrar tolkingprosessen i hermeneutikken, og omhandla at ein må forstå heilheita ut frå delane, og delane ut frå heilheita. Prosessen mot å prøve å forstå er dynamisk, og etter kvart som me tileignar oss meir kunnskap vil me også endre forståinga vår (Thornquist, 2018). I vårt prosjekt vil tolkinga handle om tyding av dei nedskrivne intervjuar etter transkripsjon. Her er det viktig at me er medviten på at inntrykka me får gjennom dei fysiske intervjuar vil påverke korleis me tolkar teksten (Brottveit, 2021).

### 3.7 Analyse

Kvalitativ analyse er ein hermeneutisk metode, som omhandlar det å redusere tekstar til mindre delar som ord, setningar og avsnitt. Hensikta er at ein vidare kan samanføya dei ulike elementa, før ein tyder delane i lys av den nye heilskapen (Jacobsen, 2015). Ved kvalitativ analyse kan det metodisk vere ei utfordring å strukturere og tolke data på ein påliteleg og

valid måte, ettersom ein kan miste eller oversjå sentral informasjon (Befring, 2020). Likevel er dette prosessar som må til slik at ein får ei oversikt over heilskapen av store mengder data (Jacobsen, 2015).

Me starta analysen med utforsking og dokumentering frå fyrste intervju, ved at me noterte oss dei refleksjonane me gjorde oss undervegs og i etterkant av intervjuet (Jacobsen, 2016). Dette vart gjenteken i alle intervju, og gav oss ei retning for analysen av datamateriala (Thagaard, 2018). Me nytta lydopptak i intervju og tenesta *Din transkribent*, for å omgjere lydfilene til tekstfiler. Dei transkriberte intervju vart utforska ved at me leste grundig gjennom kvart intervju, før me ved hjelp frå dataprogrammet Nvivo utarbeida fleire ordskyar. Ordskyene var basert på kvart enkelt intervju og alle samla, som gjorde at me fekk oversikt over sentrale omgrep i dataa (Thagaard, 2018).

Neste fase i analyseprosessen var å kategorisere dataa. Også her nytta me Nvivo for å dele opp og systematisere datamaterialet (Jacobsen 2016). Ved å nytte Nvivo til å sortere, kode og analysere innsamla data, gjorde det klassifiseringa enklare (Thagaard 2018). Det å nytte dataprogram har også gjeve oss høve til å dokumentere kvart ledd i kategoriseringsprosessen, slik at me lettare kan gå tilbake å gjere endringar. Framgangsmåten vår var at me fyrst sat opp sentrale tema basert på spørsmåla frå intervjuguiden, i tillegg til tema som kom fram i utforskinga av data. Desse temaa vart så delt inn underkategoriar (Jaocbsen 2016). Etter at kategoriane var sete opp, danna me oss ein tabell for kva dei ulike kategoriane skulle omhandle. I tabellen hadde me til dømes hovudkategori *ruspolitisk handlingsplan*. Under denne kategorien plasserte me data som omhandla svar på spørsmål relatert til planen. Det same gjaldt data som innehaldt orda *rusplan* eller *ruspolitisk*. Føremålet var å sikre oss at data frå respondentane hamna i rett kategori.

Heile prosessen gjorde at me kunne plassere dataa inn i kategoriar, som førte til at me i neste fase kunne binde dei saman, og finne samanhangar. I kategoriane dukka det opp både likskap og ulikskap i dataa, både frå respondentane og innan temaa (Jacobsen 2016). Det som trådde fram av likskap og ulikskap vart til dei sentrale funna våre, som me i presentasjon og drøfting funn vil knytte saman med relevant teori.

### 3.8 Ethiske vurderingar

Prosjektet er godkjent av Norsk senter for forskingsdata, som har vurdert at handsaming av personopplysingar i prosjektet samsvara med personvernlovgevinga (Vedlegg.3). I forkant av intervju fekk respondentane tilsendt samtykkeskjema (Vedlegg. 2), som innehalde bakgrunn, føremål og problemstilling for studien. Det var også skildra korleis respondentane sitt personvern vert ivareteken, og om deira rett til å trekkje samtykke utan vidare grunngeving. Ifylgje Hummelvoll et al. (2010) er dette tilstrekkeleg informasjon for at respondentane kan gje eit informert samtykke.

Me som studentar har gjennom heile forskingsprosessen vurdert om studien kan skade, eller medføre skade for deltakarane (Hummelvoll et al., 2010). Ved intervju kan respondenten til dømes oppleve at deira sjølvtilitt vert påverka negativt, eller at eigne interessa vert truga. I våre intervju har me basert oss på at respondentane på førehand har gjort eigne vurderingar på om intervjuet kan gje dei negative opplevingar. Opplysningane frå respondentane er heilt sentrale for å få fram erfaringar og syn på alkoholførebygging. Me har vurdert at tema for intervju ikkje kan klassifiserast som sensitivt, som gjer at det er grunn til å tru at dei positive konsekvensane er større, enn dei eventuelle negative. Etersom det kjem fram kva kommune og teneste respondentane er tilsett i, vil dei kunne bli identifisert. Me har likevel i størst mogleg grad prøvd å halde dei anonyme, mellom anna ved at namna og kjønn ikkje er oppgjeve. Personvern og konfidensialitet vert også ivareteken i samband med at me har nytta datahandsamingsfirma til transkriberinga. Lydfilene har vorte kryptert ved oversending, i tillegg til at lydfiler og tekst har vorte oppbevart forsvarleg etter personvernregelverket hjå datahandsamingsfirmaet (Vedlegg. 4). Studien fylgjer Høgskulen i innlandet sine retningslinjer for personvern. Det gjorde at me nytta appen Diktafon for å ta opp intervju, og at lydfilene vart lagra på Nettskjema. I delinga med Din transkribert delte lydfilene gjennom Onedrive via Høgskulen (Høgskolen i Innlandet, u.å.).

### 3.9 Truverd, gyldigheit og generalisering

Studien si pålitelegheit eller truverd handlar om at forskinga gjev eit tillitsvekkjande inntrykk (Thagaard, 2018). For at lesaren skal gjera seg opp ei meining om forskinga vår, er openheit om korleis forskingsprosessen har gått føre seg sentralt. Metodekapittelet er difor viktig, for å gje lesaren grunnlag i vurderinga om studien gjev eit sannferdig inntrykk (Befring, 2020).

Gyldigheit dreie seg om relevansen til datamateriale, i tillegg til dei tolkingane og vurderingane som vart gjort gjev eit korrekt bilete av røyndomen (Thagaard, 2018). Gyldigheita av data har tett samanheng med respondentane våre, og om dei har bidratt til å gje relevant og gyldige data (Jacobsen, 2015). Alle respondentane i studien har langvarig erfaring innan offentleg førebyggjande arbeid knytt til ungdom, som auke sannsynet for at dei har fått opparbeida seg relevant erfaring og kunnskap. For å auke gyldigheita til oppgåva, kunne me også ha intervjuua ungdom, trenarar eller foreldre. Dette hadde gjeve rom for ei samanlikning av korleis både tilsette og brukarar opplevde det alkoholførebyggjande arbeidet, men grunna oppgåva si avgrensing har det blitt utelukka frå prosjektet.

Den eine forfattaren er tilsette i Utekontakten i Stord kommune, og har gjennom si stilling ei form for relasjon til dei fleste respondentane. Det kan påverke oppgåva si truverd og gyldigheit, ved at det avgrensar respondentane si openheit. Gjennom variasjonen i kva teneste respondentane arbeider i, stilling og arbeidsoppgåver, vart høve til at dei har påverka kvarandre redusert. I tillegg kan deira ulike perspektiv bidra til at dei har forskjellige interesser, motiv og erfaringar når det gjeld alkoholførebygging (Jacobsen, 2015). Ei anna mogleg konsekvens av at den eine forfattaren er tilsette i Stord, er at forskaren overser data som ikkje er sameina med eigen erfaring (Thagaard, 2018). Det kan til dømes vise seg i intervjusituasjonen, ved leiande oppfylgningsspørsmål. Det kan også stillast spørsmål ved motivasjonen til forfattaren, og korleis ein ynskjer å framstille eigen tenestestad. Det at me har vore to studentar i gjennomføring av studien har difor styrkja prosjektet sin gyldigheit, og gjort at me har drøfta funna med ulik forståing. På den andre sida kan relasjonen mellom forskaren og respondenten også ha bidratt til ein meir open dialog (Thagaard, 2018). Dersom me hadde anonymisert kommunen oppgåva er basert på, kunne det truleg auka sannsynet for at resultatata vart meir nyanserte. Respondentane kunne då kome med kritikk mot kommunen, utan å vere uroa for eventuelle negative konsekvensar. På den andre sida kan studien no lettare overførast til andre lokalsamfunn, ettersom lesaren kan innhente opplysingar som me ikkje har teke omsyn til i vårt studie. I presentasjon av data har me utheva direkte sitat, som eit skilje mellom resultatata og våre tolkingar av innsamla data (Thagaard, 2018).

Generalisering tyder om funna kan overførast, og gjerast gyldige utover den situasjonen eller samanhengen me har studert (Jacobsen,2016). I kvalitativ forskning kan det vere ei utfordring å hevde at funn kan generaliserast, samstundes som ein kan argumentere for at sannsynet for overførbarheit eksisterer. I argumentasjonen for overførbarheit, bør ein difor gje fylldig

informasjon om konteksten, respondentane, mengde einingar og korleis ein har gjort utvalet (Thagaard, 2021; Jacobsen 2016).

Alle kommunar i Noreg har ei plikt til å førebyggje alkoholbruk blant ungdom (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). Korleis kommunane vel å organisere det førebyggjande arbeidet og kva teneste som er involvert, er opp til kvar einskild kommune. Det gjer at det kan vere store skilnadar i lokalt alkoholførebyggjande arbeid, på tross i at kommunane dei ulike politiske retningslinjene som finst (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013; Helse-og omsorgsdepartementet, 2021; Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Me vurderer at sannsynet for ei overføring av funn til andre kommunar, aukar dersom alkoholførebygginga er organisert på same måte. Det at me har intervjuar åtte respondentar vurderer me også aukar studien til føresetnad for generalisering. Nokre forskarar meiner at lesaren sjølv kan vurdere om funna kan generaliserast ut frå egne erfaringar, og om vedkommande trekk konklusjonar som forskaren ikkje sjølv har reflektert kring (Tjora, 2021). Me støtter at det er opp til lesaren å vurdere om funna i undersøkinga kan overførast til andre kommunar, fordi det er lesaren som har kjennskap til den aktuelle konteksten studien er søkt å overførast til.

## 4 Presentasjon og drøfting av funn

Funna og påfølgjande diskusjon er delt inn ut frå kva respondentane trakk fram som sentralt i offentleg førebyggjande arbeid, i kombinasjon med det fagteori og forskning på feltet fokusera på. Haldningsarbeid blant ungdom var noko alle respondentane trakk fram som viktig, og som vart via mykje tid til. Difor har haldningsarbeid blant ungdom fått eit eige underkapittel. Me har så kategorisert funna til dei ulike arenaane; heimen, skule og fritid. Det er dei arenaane ungdom held seg på, og som påverkar ungdom sin trivnad og bruk av alkohol (Kvelling, 2008; Øia, 2013). Vidare drøftar me korleis respondentane erfara det lokale tverrfagleg samarbeidet, ettersom det er medverkande i eit godt førebyggjande arbeid (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). Avslutningsvis diskuterer me kommunen sin ruspolitiske handlingsplan, og korleis respondentane opplev nytteverdi av den.

### 4.1 Haldningsarbeid blant ungdom.

Det å arbeide med haldingar blant ungdommar og foreldre vert framheva av fleire responder som sentralt innan alkoholførebyggjande arbeid. Respondentane siktar til at haldningane kan bidra til at ungdommar tek sjølvstendige og medvetne val, ikkje berre relatert til alkohol, men generelt i livet. Fleire respondentar ser haldningar i samanheng med kunnskap, og at det er viktig at ungdommane har kjennskap til omfanget av bruk i lokalmiljøet, i tillegg til korte- og langsiktige konsekvensar ved rusbruk. I tillegg meiner respondentane det også er viktig at ungdommane er medvitne på andre handlingar som kan gå ut over dei sjølv og andre. Det vart trekt fram at det er viktig å kople haldningsarbeid opp til relevante tema for ungdommane. Tilsett i ungdomsskulen nemner særleg sosiale medium, og at deling av filmar og bilete er utbreidd blant unge i dag. *Knytte det opp mot andre ting dei held på med, altså sosiale medium spesielt- biletedeling, filme.. altså disse tinga er utbreidd og det er jo den sfæren ungdom står i*. Det er særleg viktig å gje dei kunnskap om omfang, slik at dei ikkje trur det er normalt å drikke på ungdomsskulen, når det ikkje er det. På den måten kan ein unngå fleirtalsmisforståinga, som i denne samanhengen er knytt til at enkeltindivid kan tru at det er fleire som drikk enn det som er reelt («Flertalsmisforståelse», 2010). SLT - koordinator peikar på at fleirtalsmisforståinga også er noko ein må unngå hjå tilsette og føresette. Fakta om omfang av rusbruk blant ungdom på Stord vart gjeven gjennom *Ung på Stord* til føresette og elevane, medan tilsette får informasjon via ulike samarbeidsforum.

Ingen av respondentane ynskjer å skremma eller verka moraliserande ovanfor ungdommane. Politikontakt kjem med fylgjande ytring: *Me går ikkje rundt og seier at dette er ein god ting, samstundes er det viktig å ikkje vere den formanande karakteren. Den som berre skal kome med peikefingeren, det trur eg ikkje du oppnår noko med.* Respondent frå vidaregåande set fokus på at det heller er føremåltenesteleg å skape rom for refleksjon saman med ungdommen. Her er det viktig at det er den vaksne som er ansvarleg for å skape dialog og tillit, og at ein er nysgjerrig på ungdommane sitt liv. Respondentane trekk fram ulike framgangsmåtar for å påverka ungdommen sine haldningar til alkohol. På skulen skjer det i samband med undervisning i særskilde fag, i tillegg til *Ung på Stord* på barne- og ungdomsskulen. Fleire respondentar vektlegg at trening på ulike situasjonar der dei vert utsette for press, gjer ungdommane meir medvitne og førebudd på å motstå drikkepress.

Respondent frå Utekontakten uttala:

*Eg trur mange tenkjer at dei ikkje vert utsette for press. Det der er ikkje noko problem og sånn. Men, det kjenner ein på både som vaksen og ungdom i mykje større grad enn ein kanskje skulle tru. Då får ein i alle fall nokre arenaar og høve til å reflektere rundt; Ja men korleis skal eg halde meg til det då?*

Respondentane nemne føredrag som ein av framgangsmåtane for å nå ut til ungdommane. Føredraga vert gjennomført av førebyggjande politi og SLT - koordinator i ulike konstellasjonar. Uavhengig av framgangsmåte, vert dialog med ungdommane sett på som naudsynt, mellom anna av tilsett frå ungdomsskulen: *Eg veit ikkje korleis du kan nå heilt inn, men å ikkje snakke om det- då kjem du i alle fall ingen veg.* Vedkommande trekk fram diskrepans mellom kva ungdommane seier og korleis dei handlar, som ei utfordring med førebyggjande arbeid: *Til dømes når me har hatt om nettvett; nei, du skal ikkje poste bilete av andre utan deira samtykke og sånne ting. Så er dei heilt einige, før dei går rett ut i friminuttet å gjer det.* Same respondent viser til at ungdommar ikkje er ferdig utvikla når det kjem til konsekvenstenking.

Det er ikkje berre haldningane til ungdommane respondentane er medvetne på, men også haldningane til alle som kan påverke dei. Døme på påverknadsfaktorar som vert trekt fram er samfunnet som heilskap, lærarar, vener, føresette og tilsette som arbeider med ungdom. Tidlegare tilsette i fritidsklubben uttala at det bør vere lik haldning hjå alle som kan påverka ungdommane, og at ein på den måten kan ha innverknad på ungdommane i det daglege.

Vedkommande kjem med fylgjande utsegn:

*I samtale og i aktivitet med ungdommane går me ikkje rundt å snakke om alkohol, men det vert jo ofte snakket om blant ungdom. Då er det jo litt viktig korleis me vaksne reagere på det når tema kjem opp, om det er alkohol eller rus. Då er det viktig at me tilsette reagera likt.*

Same respondent viser til at det kan vere andre ungdom i nærleiken, som gjer at dei vaksne må vere medviten på kva signal ein sender.

#### 4.1.1 Drøfting

Funna våre viser at respondentane ser samanhangen mellom haldningar og kunnskap. Kompetansesenter rus region midt-Norge (2018) viser til Henriksen (1994) som understrekar at overføring og danning av haldningar skjer mellom menneske som har stor betydning for kvarandre. Det gjer at ein del av det rusførebyggjande arbeidet også handlar om at born og unge skal ha tilgang til vaksne som er viktige for dei, på arenaar som skule, fritid og heim (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Såleis kan ein også trekkje linjer mellom relasjon og haldningsskapande arbeid, som respondentane òg har uttalt seg om.

Ifylgje respondentane er det viktig å ikkje vere moraliserande ovanfor ungdom, men å skape dialog og tillit. Det å vere nysgjerrig på kva dei held på med, og kva som er viktig i ungdommen sitt liv hevdar fleire er sentralt for å vere ein trygg vaksen. Fleire meiner at det å byggje relasjon med ungdommane er sentralt for å kome i posisjon, og få innsyn kva dei held på med. Det inneber at dei tilsette bør ha god kompetanse på relasjonsarbeid, særleg når det gjeld kva type relasjon ein vil, og kan opparbeide med ungdommen. Ei av SLT - koordinator og førebyggjande politi si arbeidsoppgåve er å halde føredrag for store ungdomsgrupper. Dei har ikkje dei same føresetnadane til å skape tette relasjonar med ungdommane, slik til dømes ein lærar har. Ein lærar har dagleg kontakt med ungdommar, og dermed betre føresetnadar og ansvar for å inngå ein nærare relasjon for å skape eit trygt læringsmiljø. På den andre sida er det ikkje naturleg å tenkje at alle vaksne skal få like gode relasjonar til kvar og ein ungdom, ut i frå at dei vaksne har ulike personlege dugleikar og kjemien mellom ungdom og den vaksne spelar inn.



Respondentane vektla det å kome i dialog med ungdom som sentralt i haldningsarbeid, og at det var viktig for å få innsyn i kvardagen deira, skape tillit og relasjon. I arbeidsroller der ein har lite direkte kontakt med ungdom, kan det nok opplevast som utfordrande å kome i dialog og danne ein relasjon. Likevel erfara både SLT–koordinator og førebyggjande politi å nå fram til ungdommen. Sjølv koplar dei dette til lang erfaring i å halde føredrag, dei har god kunnskap om temaa, om situasjonen på Stord og kva ungdommen held på med. På den måten kan det gjere at ungdom får tillit til føredragshaldarane, og at dei kjem i posisjon til å påverke haldningane deira med gje dei kunnskap. Likevel er det dei menneska med relasjon til ungdommane som har størst påverknad (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Det er ikkje sikkert at SLT–koordinator og tilsette i politiet sine føredrag har ein påverknad som viser seg i praksis, sjølv om dei opplev ungdommane som engasjerte under foredraga. Det gjer at ein kan stille spørsmål ved om lærarane hadde hatt større påverknad på ungdommane, ettersom dei har betre kjennskap og relasjon til elevane. Tilsette i skulen meiner lærarane har nok kunnskap om alkohol, samstundes som politiet og SLT–koordinator har betre oversikt over den lokale russytuasjonen på Stord.

Alle respondentane trekk linjer mellom kunnskap og haldningane til ungdommane kring bruk av alkohol. Det samsvarer med Kompetansesenter rus, Region Midt-Norge (2018), som seier det er viktig at ungdommar har kunnskap for å ta gode val for eiga helse. Samstundes viser ei undersøking gjennomført av Hilde Pape et al., (2006), at dei unge mangla kunnskap om rusmidlar. Ungdommane hadde mellom anna ein sterk tendens til å overvurdere narkotikarelaterte problem, samanlikna med skadeverknadar av alkohol. Det gjer det grunn til å tru at ungdom har behov for kunnskap om konsekvensar av alkoholbruk. Utanom å auke kunnskapen hjå dei unge, stadfestar respondentane behovet for at tilsette som møter ungdommar må ha kompetanse om rus, for å kunne formidle det vidare til ungdommen. Sjølv meiner respondentane at dei har tilstrekkeleg kunnskap om tema.

Tidlegare tilsette i fritidsklubb er særleg oppteken av at dei vaksne kring ungdommar skal syne same reaksjonar på bruk av alkohol, eller anna uønskt åtferd. Ved å sikre at tilsette og foreldre får informasjon om den faktiske situasjonen på Stord, kan det vere med å bidra til at ungdommar får lik reaksjon frå vaksne på bruk av alkohol. Samstundes kan det vere ei utfordring å få til i praksis, fordi det krev tid og ressursar. Alle har også med seg sin bagasje og si oppvekst som påverkar korleis ein reagerer. Det gjer at haldningane og reaksjonsmønsterane nødvendigvis ikkje endrar seg ut frå kor ein er tilsett. Det er heller ikkje

sagt at det er positivt at alle som arbeider med ungdom har same reaksjonar, fordi det gjev mindre rom for individuelle ulikheitar. Å redusere individuelle ulikheiter mellom tilsette kan føre til at færre ungdommar møter på vaksne som kan vere *den signifikante andre* for dei. *Den signifikant andre* er eit sosiologisk omgrep, som tek føre seg korleis menneske både vert forma i samspel med andre, og korleis dei saman påverkar oss på ulike måtar. Det å vere signifikant vert ofte brukt i omtale av primære sosialiseringssagentar, og kjenneteikna av sterke emosjonelle band (J. F. Rye, 2013).

Ut i frå at ungdommar vert påverka av jamgamle, kan det å gje dei kunnskap om unge sitt alkoholbruk vere med å korrigera deira oppfatning. Det kan i større grad gjere ungdommar i stand til å meistre ungdomsmiljøet dei er ein del av (Kvelling, 2008). Det er ungdommane sjølv som avgjer kva åtferd som gjev status, anerkjenning og respekt. Akseptierende haldningar til bruk av alkohol før 18 år, kan i nokre miljø vere inngangsbilletten til tilhøyrse i det aktuelle miljøet (Øia, 2013). Ut frå funna våre er det grunn til å tru at haldningsskapande arbeid kring ungdom, er mest hensiktsmessig å gjennomføre før ungdom har debutert med alkohol. Dette samsvarer med anbefalinga ein finn i Rusmiddelførebyggjande arbeid i skulen – forslag til læringsaktivitetar (Helsedirektoratet & Utdanningsdirektoratet, 2014). Der vert det anbefala at alkohol er tema frå slutten av mellomtrinnet, med ein intensiv innsats før gjennomsnittleg debutalder. Fleire respondentar trekk fram programmet *Ung på Stord*, som vert gjennomført i alle 7.klassar i kommunen. Programmet tek føre seg alkohol, rus, nettvett og psykisk helse. Særskild to respondentar trekk fram *Ung på Stord*, som eit viktig bidrag for å auke elevane sine føresetnadar for å ta prososiale val for seg sjølv.

I funna våre kjem det fram at respondentane vektlegg omfang, skadeverknadar og konsekvensar som sentralt i den kunnskapen ungdommen bør tileigne seg. Kunnskapen dei vaksne gjev ungdommen må opplevast som relevant og ein må difor ta omsyn til både positive og negative sider ved drikking (Kompetansesenter rus region Midt-Norge, 2018). Det at respondentane vektlegg konsekvensar kan ha samanheng med at dei ynskjer at ungdommane med det skal kunne ta gode val for eiga helse, som samsvarer med lokalt rusmiddelførebyggjande arbeid i eit folkehelseperspektiv (Kompetansesenter rus region Midt-Norge, 2018). Samstundes ser respondentane drikking i samanheng med biletedeling på sosiale medium, som er eit mykje omtala tema. Ifylgje fleire respondentar er føremålet med å kople drikking til relevante tema, å i større grad fange merksemda deira. Vidare meiner fleire at det er viktig at ungdommane får presentert omfang av alkoholbruk blant unge på Stord, slik

at eventuelle oppfatningar om at *alle ungdommar drikk alkohol* vert korrigerert, og på den måten unngå fleirtalsmisforståinga (Flertallsmisforståelse, 2010). Dette er særleg noko SLT – koordinator var oppteken av.

At auka kunnskap fører til endra åtferd, harmonerer med den hermeneutiske spiral. Likevel kan ein ikkje gløyme at det er ungdommar det er snakk om. Særskild sosiallærer på ungdomsskulen trekk fram at hjernen ikkje er ferdig utvikla for ungdomsskuleelevar. Det gjer at ungdommar fysiologisk sett ikkje har føresetnadar for å sjå langsiktige konsekvensar av eigne handlingar. Det er ein prosess dei må gjennom, og som det er opp til dei vaksne dei har kring seg å rettleie dei i. Det at respondentane har fokus på kortsiktige skadeverknadar, i kontrast til langsiktige konsekvensar, kan nok bidra til at ungdommane opplev kunnskap om alkohol som meir relevant for dei. Det gjev grunn til å tru at kunnskap kan ha påverknad på ungdom sine haldningar til alkohol, samanlikna med kva haldningane deira hadde vore utan basiskunnskap. Dette finn me støtte i Fekjær (2016), som meiner skulen bør leggje tilrette for kunnskap basert på kortsiktige konsekvensar av alkoholbruk, då dette opplevast meir relevant for ungdommane.

Samstundes stiller me oss kritisk til at kunnskap vert vektlagt i så stor grad, i samanheng med haldningar og handlingar. Det er ikkje alltid ei direkte samanheng mellom intensjon og handling, særleg ettersom ungdom i større grad er spontane då konsekvenstenkinga ikkje er ferdig utvikla. Oppsummeringsvis må ungdom ha kunnskap, samstundes som det ikkje er tilstrekkeleg for å ta gode val. Ved at ein fokuserer for mykje på kunnskapsformidling, kan det gå på kostnad av fokuset ein kan ha og ressursar ein kan nytte på førebyggjande tiltak i miljøet (Burkhart et al., 2022). Parallelt med å auke kunnskapen til ungdommen, er det også viktig å skape arenaar der ungdommane tek medvitne val om å ikkje drikka alkohol, og auke aksepten for dette i ungdomsmiljøet (Øia, 2013). Dette vert drøfta i neste underkapittel.

## **4.2 Førebygging på ulike arenaar**

Det er i ungdomstida ein skal utvikle sin identitet, og i denne perioden av livet er det særskild viktig at unge får tilbakemelding og stadfesting på seg sjølv, i tillegg til at dei har gode relasjonar til foreldre og andre vaksne (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Førebygging skjer på ulike arenaar, og me har valt å delte kapittelet inn i heim, skule og fritid.

#### 4.2.1 Heim

Alle respondentane trekk fram foreldra som dei viktigaste personane i ungdommane sine liv, og at heimen er ein sentral arena når det gjeld alkoholførebygging. Sosialrådgivar i vidaregåande skule uttaler at *det er foreldra ungdommane høyrer mest på, som har størst påverknad*. På den andre sida trekk SLT–koordinator fram at heimen er den arenaen det offentlege har minst innsikt i, som er ei utfordring i førebyggjande arbeid. Fleire av respondentane meiner difor det er naudsynt å gjere foreldra medvitne på deira ansvar, og at dei påverkar ungdommane gjennom deira handlingar og utsegn. Respondentane vektlegg difor det å gje føresette kunnskap, som sentralt innanfor alkoholførebyggjande arbeid.

Særskild SLT–koordinator hevdar at kommunen har ei viktig oppgåve med å gje kunnskap til foreldra, og at det kan bidra til å styrkje deira rolle. *Det kan då liksom styrke dei, men òg gje dei nokon verktøy når dei skal snakke med ungane sine om det (alkoholbruk)*. Tidlegare tilsette i Utekontaken trekk fram foreldremøte som ein viktig arena for å gje foreldre kunnskap. Dei får då kunnskap om situasjonen på Stord blant anna gjennom tal frå Ungdata. Vidare supplerer vedkommande med at i foreldremøter får dei føresette høve til å drøfte problemstillingar knytt til alkoholbruk, som gjer at dei også kan vere i forkant før eigne born har sin alkoholdebut. Helsesjukepleiar i vidaregåande skule nemner også foreldremøte som ein sentralt arena, særskild fordi det gjev foreldre høve til å samsnakke og høyre kva andre ungdommar får lov til. SLT–koordinator legg til: *Det er viktig at alle foreldre møter opp på foreldremøte, og eg har høyrte at det har vore en nedgang no dei siste gongane, at det er ikkje er så mange foreldre som er der*. Same respondent koplar foreldremøta med noko som bidreg til at foreldre i større grad klarer å vere *dei kjipe foreldra*.

Tilsette i barneskulen greia meir ut om eigne erfaringar med foreldremøta knytt til *Ung på Stord*. *Foreldremøta har endra seg litt dei siste åra ettersom det er lågare oppmøte, men på det siste møte, når elevane skal vise opplegget sitt så pleier foreldra å kome*. Årsaka til at det er lågare oppmøte no enn tidlegare, hevdar respondenten er samansett. Vedkommande viser til at nokre foreldre føler det er ubehageleg, ved at dei mellom anna vert plassert med personar dei ikkje har god kjennskap til frå før. I tillegg trekk respondenten fram at nokre foreldre har vore på same type foreldremøte med eldre sysken. Vidare greia vedkommande ut om at skulen på si side kan bli betre til å informere om kor viktig det er at foreldra møter opp og tydeleggjere at det er ei forventning at alle foreldre stiller. Same respondent opplev foreldremøta som nyttig og uttaler fylgjande: *«me burde hatt fleire sånne møter det foreldre sitter og snakkar. Me har det ikkje så ofte...*

Tilsette i politiet peiker på at dei foreldra som ikkje deltek på foreldremøte ofte er dei som hadde hatt størst behov for det. Vedkommande legg til at det nødvendigvis ikkje treng å utgjere ei stor skilnad, fordi skulen likevel får gje informasjon til ei stor gruppe menneske, og at det kan vere med å påverke alkoholbruken. SLT-koordinator uttaler at dei fleste foreldra vil ha nok med den informasjonen og kunnskapen kommunen legg til rette for på universelt nivå. Andre foreldre vil kunne ha behov utover dette i form av tiltak på gruppenivå og rettleiing.

I samband med korleis foreldra utøv si foreldrerolla problematiserer tilsette i ungdomsskulen at nokre foreldre gjev alkohol til borna sine. Tilsette i politiet legg til at ei slik løysing kan vere nøkkelen til bruk av alkohol, og til det å lære seg ein grei drikkekultur for enkeltungdommar. *Det er stygt å sei at det kan vere ei god løysing. Eg rådar ingen foreldre til å gjera det, i og med at lovverket er som det er. Altså du gjer noko ulovleg ved å skaffe ungen din alkohol.* Vidare trekk respondenten fram at det tross alt er risiko knytt til foreldrelanging, både for foreldra og ungdommen. Dersom ungdom vert overstadig rusa og det skjer ei ulukke, vil politiet prøve å kartleggje korleis ungdommen fekk tak i alkoholen. *Foreldra vil då stå ansvarleg for det, og då skal du vere ganske trygg på din ungdom, at det faktisk kun var dei fire ciderane, eller dei seks øla ungdommen inntok når dei var på fest.*

Respondenten relatera foreldrelanginga til føresette si involvering i ungdommen sitt liv:

*Nokon har nok eit veldig godt innsyn, og har den gode dialogen med ungdommen sin, og dei kan prate om alt mogleg. Også har du dei som har ein relativt god innsikt, dei bryr seg og veit nok ganske godt kva som går føre seg. Så har du sei som er i det nedre sjiktet, som er slepphendt, og som ikkje bryr seg noko særleg.*

Ifylgje tilsette i politiet har foreldre på Stord på det jamne god oversikt over kva ungdommane deira driv på med. Vidare uttala vedkommande seg om at alle må ta ansvar, spesielt foreldre. Det å ta ansvar handlar også om å involvere seg, og bryr seg om ungdommane sine liv. Dette vert også trekt fram av tidlegare tilsette i fritidsklubben, som meiner ansvarsgjering av føresette er ein viktig føresetnad for godt alkoholførebyggjande arbeid. Vidare uttaler vedkommande seg om foreldrekontakt i fritidsklubben, og at det kan vere ein fordel å ha ein arena der foreldre ikkje er representert. Respondenten grunnjev dette med at fritidsklubben som kommunal teneste er meir stabil, enn kva den hadde vore dersom foreldre hadde drive det. Fritidsklubb som arena kjem me tilbake til seinare i oppgåva.

#### 4.2.2 Skule

Fleire respondentar er einig i at ein treff flest ungdom i skulen, og at universelle tiltak er viktig for det førebyggjande arbeidet. Samstundes fremja alle respondentane at ei heilskapleg innsats og kontinuitet er det mest sentrale innanfor førebyggjande arbeid. Tilsette i politiet trekk i tillegg fram at repetisjon og gjentaking kan betre det førebyggjande arbeidet over tid, ved at innbyggerane kjenner att den informasjonen som vart gjeve når dei sjølv vert foreldre. *Repetisjon, repetisjon, repetisjon fordi då vil du til slutt ha gjeve same informasjon til stort sett alle innbyggjarane.* Vidare viser tilsette i skulen at det er effektivt at Utekontaken er inne og held foredrag om både legale og illegale rusmidlar, som gjer at alle elevar får same informasjonen. Det at ikkje alle elevar er på skulen dei dagane ein tek opp tema som alkohol vert problematisert av tidlegare tilsette i Utekontaken. *Då er det viktig å eventuelt treffe dei på andre måtar, men på den andre sida vil ein vere med å skape ein kultur i klassen og i venegjengen.* Tilsette i skulen trekk så fram at skulen er kjend med risikofaktorar og kven som utviklar problem, og at det kring dei ungdommane er viktig med godt samarbeid og å arbeide på fleire nivå. Respondenten legg til at skulen har stort fokus på klassemiljø, og ser trivnad i skulen i samband med førebygging.

To respondentar trekk fram MOT som eit viktig universalførebyggjande tiltak i skulen. *All honnør til MOT-programmet, det har hatt ein veldig bra effekt trur eg,* uttaler tidlegare tilsette i fritidsklubben, som har erfaring med at ungdommar pratar om MOT på klubben. Vedkommande ser at ungdommane har ei anna haldning til det å tørre å vere enkeltindivid, og kunne seie nei, og har sett ei stor endring på dette dei siste 10 til 20 åra. Respondent frå Utekontaken trekk også fram at Stord som MOT-kommune synleggjer nokre verdiar om at ein må tørre å vere seg sjølv, og legg til: *Ikkje minst at ungdommane får trening i å øve seg på ein del ferdigheiter, alt frå gruppepress til det å ta eigne val.* Vidare legg respondenten til at det er slike haldningar ein ynskjer å ha i eit samfunn, og ein ynskjer å ha robuste ungdommar, som tør å gå eigne vegar. Respondenten meiner at MOT har effekt, men at det er kontinuitet i arbeidet som er det viktigaste. Tilsette i ungdomsskulen meiner at førebyggjande program i skulen ikkje direkte handlar om alkohol, men å ta eigne val, uavhengig av kva andre gjer. *Eg trur MOT er litt forskjellig. Nokon støttar det, medan andre synest det tek for mykje tid vekk frå faget sitt.* Vidare meiner respondenten at det det bør vere ei formeining om at MOT er bra hjå dei som underviser i det, og at det ikkje er alle som passar til å ha denne undervisinga. Programmet *Ung på Stord* vert også nemnd som sentralt i høve kontinuitet og heilskapleg førebygging.

Angående *Ung på Stord* ser tilsette i ungdomsskulen samanhengen mellom bruk av rus og nettvett. Respondenten viser til at elevar ved fleire ungdomsskular på Stord går på fest, der dei eksperimenterer med ulike rusmiddel, og at det vert filma og delt uheldig materiale. Vedkommande trekk fram at skulen har ei sentral rolle i høve å tileigne elevane gode haldningar, og at det tidlegare har vore fleire forsøk med til dømes reklame og skremselspropaganda, som ikkje har nytta. Vidare meiner respondenten at dei fleste ungdommar vil prøve å drikke alkohol uavhengig av kva dei gjer på skulen, fordi det er spanande å gjere noko ulovleg. Respondenten trekk fram at MOT har møtt noko motstand, samstundes som vedkommande ikkje har erfart det same med *Ung på Stord*. Tilsette i skulen sikta også til at læraryrke ikkje er det same som tidlegare, og at det kan variere kva lærarane har interesse for. For nokre lærarar er det viktigaste å nytte timane til fag, medan andre er interesserte i å sjå eleven som eit heilskapleg menneske. *Så er det ikkje slik at dei som er veldig oppteken av fag, ikkje bryr seg om elevane*, uttala same respondent, samstundes som vedkommande meiner det er viktig med ulike perspektiv i skulen.

I samband med *Ung på Stord* uttala tidlegare tilsette i Utekontaken at programmet byrja som eit reint alkoholprogram, kalla ungdom og alkohol tidleg på 2000-talet. Etter kvart vart programmet slått saman med ein foreldrebit, og endra namn til ung og rus. I 2014 gjennomførte helsedirektoratet ein evaluering av alkoholførebyggjande program, som gjorde at ung og rus vart avvikla. Stord kommune avgjorde då å vidareføre mange av dei elementa som ung og rus hadde med seg, samstundes som komponentane nettvett og psykisk helse også vart lagt til. Ung og rus var i utgangspunktet anbefala å gjennomføre i 8.trinn, men på Stord har både Ung og rus og *Ung på Stord* vorte gjennomført i 7.trinn. Dette med føremål om å vere i forkant av alkoholdebuten. Vidare trekk same respondenten fram kontinuitet som sentralt, og at Stord kommune har hatt klare planar for gjennomføring av og ansvarsfordeling i forhold til *Ung på Stord*. SLT-koordinator nemner også kontinuitet som ein sentral faktor i førebyggjande arbeid i skulen. *Ein brukar mindre tid på Ung på Stord no, enn det ein gjorde før*. Respondenten siktar til at det handlar om at ein vert god på det ein held på med. Vidare supplerer vedkommande med at alle elevar er ulike, og har med seg sin eigen oppvekst. Nokon vil ha trong for meir tilrettelegging og tiltak på gruppenivå enn andre. Tilsette i borneskulen har mange års erfaring med *Ung på Stord*. Vedkommande siktar til at skulen og må vere forsiktig med korleis dei pratar om alkohol til elevane, fordi dei aller fleste heimar

har eit forhold til alkohol. Skulen må difor vere medviten at dei ikkje svartmalar alkoholbruk som noko svært alvorleg, fordi nokre elevar kan då bli skremt.

Tilsette i politiet meiner at ein ikkje treng fleire program eller føredrag i skulen. Dersom ein startar opp med mange nye prosjekt, trur respondenten at det kan føre til ei auking i unge sin bruk av alkohol. Det viktigaste er repetisjon av dei tiltaka som allereie er inne, og kontinuiteten i dei.

Respondenten uttaler:

*Inntil noko nytt og enda betre dukkar opp, er eg tilhengar av at ein held på gode, velfungerande program. Effekten av førebyggjande arbeid er vanskeleg å måle, men det handlar om bevisstgjerjing og å lære unge til å ta gode val.*

Tidlegare tilsette i fritidsklubben meiner at det også kan verta for mykje ansvar som vert lagt på kommunen, der spesielt lærarane skal ta seg av det meste. Det gjer at foreldra vert friteken for ein del ansvar. Ein anna respondent frå Utekontakten er også oppteken av at det er mykje universelle tiltak som skal inn i skulen. Vedkommande meiner at førebygging ofte handlar ofte om tid, samstundes som det viktigaste kanskje er å utjamne sosiale skilnadar i størst mogleg grad. I tillegg er ungdomstida ein periode der ein skal utforske, og det er naturleg å ta dårlege val i mellom. Dette er noko SLT-koordinator trekk fram, og utdjupar med at ungdommar sine dårlege val, ikkje nødvendigvis vil prege heile livet deira.

Sosiallærer i vidaregåande tok opp handlingsplan mot rus, som alle vidaregåandeskular er pålagte å ha. Den seier noko om korleis tilsette skal tenkje førebyggjande og at skulen skal vere ein inkluderande stad for elevar å vere, også for elevar med rusutfordringar. Vidare nemner same respondent viktigheita ved at skulen også skal kople utsette elevar på andre instansar, slik at dei kan få rett hjelp. Helsesjukepleiar i skulen trekk også fram skulepsykologen som eit godt førebyggjande tiltak.

#### 4.2.3 Fritid

Både respondent frå fritidsklubb og Utekontakten trekk fram gode møtestadar, som eit viktig alkoholførebyggjande tiltak. Tidlegare tilsette i fritidsklubb meiner det er sentralt for samfunnet å halde meningsfulle og gode fritidstilbod til ungdommar. Det er ein arena



ungdommar både dannar venskap, samstundes som dei har trygge vaksne å prate med ved behov. I tillegg legg vedkommande til at fritidstilbod også legg til rette for trivnad for ungdommen, utan at dei treng å nytte alkohol eller andre rusmidlar. Fritidsaktivitetar kan ifylgje respondenten gje ungdom ei meistringskjensle, der fritidsklubben kan gje sosial meistring. Fleire respondentar meiner at det er viktig å ha tydelege vaksne på ungdommen sin fritidsarena. Tidlegare tilsette i fritidsklubben nyansere dette ved å vise til at det kan vere ein fordel at foreldra ikkje er representert på denne arenaen. I hovudsak fordi foreldre i mindre grad klara å fylgje opp over tid enn kva offentleg tilsette kan.

#### 4.2.4 Drøfting

##### 4.2.4.1 Heim

I funna våre kjem det fram at fleire respondentar trekk fram kunnskap hjå foreldre som svært viktig i det alkoholførebyggjande arbeidet. Dette grunnjev dei med at kunnskap spelar inn på foreldre sine haldinga og val. Dette strir til dels med Burkhart et al., (2022), som meiner at menneske ikkje alltid basera sine handlingar på kunnskap. Me vil trekkje fram at det er stor skilnad på kva me seier på arenaar som foreldremøte og korleis me ynskjer å framstå, samanlikna med kva me gjer på heimebane. Det er heller ikkje slik at det alltid er ein direkte samanheng mellom kunnskap og handling. Likevel er kunnskap ei føresetnad for å ta gode val (Burkhart et al., 2022).

Henriksen (1994) meiner at overføring og danning av haldningar skjer mellom menneske som står kvarandre nær (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Tilsette i skulen har på lik linje med andre offentlege instansar eit ansvar for å skilje mellom det private og profesjonelle, som gjer at ein i liten grad kan seie at lærarane har stor betydning for foreldra. Ifylgje den nasjonale alkoholstrategien (Helse-og omsorgsdepartementet, 2021) har WHO fokus på å gje heile befolkninga kunnskap om konsekvensar av alkoholbruk. Denne kunnskapen er avgrensa til risiko for sjukdom og skade, og lokal kunnskap om forbruk er ikkje inkludert. Vidare trekk Korus fram viktigheita ved at kommunane har oversikt over den lokale situasjonen (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Heller ikkje der er det fokus på at foreldre skal ha kunnskap. Det som vart nemnd som sentralt i den *nasjonale alkoholstrategien* (2021) og *lokalt rusmiddelførebyggjande arbeid*, er verdien av ein trygg og god oppvekst, der ungdommane har eit godt forhold til foreldra (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Ifylgje resultat frå Ungdata undersøkinga i 2021 trivast ungdom

stort sett i heimen, som er ein god indikator på gode oppvekstvilkår i kommunen (Ungdata senteret, 2021a, 2021b).

Tilsette i skulen meiner det er foreldra som har størst påverknad på ungdom sine haldningar. Dette kan sjåast i samanheng med Van der vorst et al., (2006), som refererer til fleire internasjonale studiar, der det blir vist til tillit mellom foreldra og ungdom som ein beskyttande faktor. Forfattaren konkluderer likevel med at det er trong for meir evidensbasert kunnskap om tema. Ein kan difor stille spørsmål ved kva føremålet med auka kompetanse blant foreldra er. Heng kunnskap om alkohol saman med foreldra si evne til å skape gode og trygge oppvekstvilkår? Me trur at foreldre i dag har god nok kunnskap om alkohol og kva konsekvensane av drikking blant unge kan vere, fordi kunnskap om alkohol kan nok bli sett på som allmennkunnskap. Dei fleste veit at ein både kan bli utsette for, og sjølv utøve handlingar i rusa tilstand som strir med lovverket, eller ein av andre grunnar angrar på. Me kan ikkje sjå ein direkte samanheng mellom gode oppvekstvilkår og foreldra sin kunnskap om konsekvensar av alkoholbruk. Ungdom sin bruk av alkohol har hatt ein nedgang sidan 2015, samstundes som ein såg ein liten oppgang i ungdata undersøkinga i 2021 (Ungdata, 2021). Omfang av alkoholbruk blant unge kan endre seg, og blant anna ha samanheng med sosiale medium og psykisk helse. Me har ikkje funne teori eller forskning på feltet som seier at foreldre sin kunnskap om konsekvensar ved alkoholbruk, er ein beskyttande faktor. Likevel meiner me det er viktig at foreldre er medvitne på korleis deira alkoholbruk og haldning til alkohol påverkar ungdommen. Fleire studiar viser at tett oppfølging frå foreldra og null tolerande for alkoholbruk før fylt 18 år er beskyttande faktorar for unge sin alkoholbruk. Det same er høg grad av foreldreengasjement og lite alkoholbruk hjå foreldra, (Bolstad et al., 2010; Van Der Vorst et al., 2006; Øia, 2013). Det gjer at politiet sitt utsegn om at foreldrelanging kan vere ei løysing for nokre ungdommar, ikkje samsvara med internasjonal forskning. På den sida meiner Strovoll og Pape (2007) at ungdom sin alkoholbruk ikkje vert påverka av foreldrelanging, så langt det ikkje skjer så ofte. Dei bør difor vere særleg medviten på både risikoen og ansvaret det medfører.

Tilsette i skulen trekk fram foreldremøte under *Ung på Stord* som ein viktig arena for å kople på foreldra, og gje dei kompetanse på tema. Både tilsette i skulen og SLT – koordinator hevdar det har vore lågare oppmøte blant foreldre dei siste åra, enn kva det var tidlegare.

Fleire respondentar trekk fram at høgt oppmøte blant foreldre kan bidra til å styrkje klassemiljøet. Foreldre si deltaking på foreldremøte kan påverke klassemiljøet, ved at foreldra får betre kjennskap til kvarandre, som igjen kan påverke ungdommane sine relasjonar. Det er ikkje utenkeleg at dei foreldra som går på foreldremøte, er dei same som har størst foreldreengasjement, og at dei allereie har tett oppfølging av ungdommen. Det er viktig at foreldre får ei oversikt over den noverande situasjonen på Stord, slik at ein på den måten kan unngå fleirtalsmisforståinga (Flertalsmisforståelse, 2010). Her kan foreldremøte vere ein god arena for å sikre oppdaterte opplysingar på feltet. Dette vert også støtta av Bronfenbrenner (1979) sin transaksjonmodell, som seier at kvaliteten på unge sine oppvekstmiljø blant anna er påverka av kontakten mellom foreldra og dei ulike miljøa barnet ferdast i. *Ung på Stord* kan også bidra til å auke foreldre si forståing i kva situasjon dei unge står i idag, med tanke på sosiale medium. Vidare fylgjer Stord kommune BTI -modellen, der føremålet er ei heilskapleg innsats i familiar der ein har ei bekymring (Betre Tverrfagleg innsats for born og unge i Stord, u å). Dersom skulen meiner foreldra sitt behov for kunnskap er avgjerande for borna sin bruk av alkohol, må dei sjølv vurdere om dette er noko dei er plikta til å ta opp med foreldra.

Kan respondentane sitt fokus på kunnskap til foreldre henge saman med at dette er eit område dei sjølv kan påverke? Særleg SLT – koordinator meiner heimebanen er den vanskelegaste arenaen å førebyggja på, nettopp grunna manglande innsikt. Korkje tilsette i skulen, SLT, politi eller Utekontakten har som mandat å rettleie foreldre. Tenester som til dømes skulen har ikkje rett på innsyn i familiane, og alle har etter menneskerettane rett på privatliv (FN, 2020). Sjølv om lærarar og andre offentleg tilsette har meiningar om kva som er *god nok* oppfølging av born, er det ikkje nødvendigvis ei av deira oppgåve å vidareformidle dette til foreldra. I kunnskapsoppsummeringa angående foreldre si rolle i rusførebyggjande arbeid kjem det fram at foreldre har ei særskild viktig rolle, og at dei påverkar ungdommane gjennom sine haldningar og handlingar. Rapporten viser også til internasjonal forskning, som trekk fram samanhengen mellom ungdom med høgt alkoholforbruk og liberale haldningar frå foreldra, i tillegg til manglande eller låg grad av foreldreinvolvering (Kompetansesenter rus region – vest Bergen, 2010). Ein kan då stille spørsmål ved om drøftingar mellom foreldre i samband med *Ung på Stord*, vil bidra til auka ansvarsgjering av foreldre.

Tidlegare tilsette i fritidsklubben uttaler seg om at foreldre på mange måtar vert friteken for ein del ansvar, og at mykje er lagt over på skulen. Det å stille foreldre sjølv til ansvar for eigne born kan nok vere ei utfordring, då det er ikkje er oppgåve som kan tileignast ei enkelt kommunal tenestene. Ifylgje Bolstad et al., (2010) er dette også eit område der det er behov for meir forskning, særleg på kva tiltak som aukar foreldre sin medveten (kompetansesenter Rus – region vest Bergen, 2010). Foreldremøte som legg til rette for drøftingar kring bruk av rusmidlar kan nok gjere foreldre meir medviten på eigne haldningar, utan at dette nødvendigvis fører med seg noko endring. På den andre sida er det viktig å oppretthalde ein balanse mellom kva skulen skal involvere seg i og ikkje. Særleg tilsette i politiet trekk fram at det handla om at foreldra må involvere seg i ungdommane sitt liv, og bry seg om kva dei held på med. Dette vert stadfesta i transaksjonsmodellen, som tydeleggjer korleis kvaliteten på oppvekstmiljøet er påverka av foreldre si involvering og kommunikasjon med dei arenaane ungdommen oppheld seg på (Bronfenbrenner, 1979). Vidare konkludera også Van der vorst et al., (2006) med at foreldrekontroll og ungdom sin bruk av alkohol har stor samanheng. Det gjer at foreldrekontroll er ein beskyttande faktor for alkoholbruk blant unge. Behovet for at foreldre må ha kontroll og involvere seg i ungdommane sine liv, samsvara både med målsettjinga for BTI – modellen, i tillegg til offentlege dokument (Betre Tverrfagleg innsats for born og unge i Stord, u å; kompetansesenter Rus – Region vest Bergen, 2010).

#### 4.2.4.2 Skule

Kompetansesenteret rus region Midt-Noreg (2018) meiner universale tiltak som treff heile befolkninga er sentralt for luktast med å utsette debutalder, og redusere alkoholinntaket blant unge. Fleire respondentar trekk fram skulen som ein viktig arenaen å drive førebyggjande arbeid på.

Både tidlegare tilsette i fritidsklubben og Utekontakten trekk fram MOT som eit godt tiltak i skulen, og at det har hatt ein positiv effekt for ungdom sin bruk av alkohol. Ifylgje (Rye et al., 2021) har fleire studiar evaluert MOT, men ingen studiar har den vitskapelege kvaliteten som krevjast for å stadfeste om programmet har ein effekt eller ei. Samstundes har dei ikkje funnet at MOT gjev nokre negative effektar. Det at MOT har eigne undersøkingar der elevane får uttale seg om kva dei meiner om programmet, er ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg for å konkludere om programmet har verknad eller ei. Ungdom kan ha ulik motivasjon for å uttale

seg som dette, som til dømes at dei heller vil ha MOT enn andre, meir krevjande fag. Me har ikkje kjennskap om korleis undersøkinga er gjennomført, eller korleis spørsmåla er formulert. Det kan godt hende MOT har ein positiv effekt på ungdom sin bruk av alkohol, men slik tilsette i skulen trekk fram, trur me det handlar om kommunen si heilskaplege innsats, og at dei ulike førebyggjande programma er godt integrert. Særleg tilsette i ungdomsskulen trekk fram at ei utfordring med førebyggjande program, er at elevane både har eit skuleliv og eit privatliv. Skulen har lite innsikt i kva elevane gjer på fritida, og om dei tek med seg læring frå MOT ut i kvardagslege avgjerder.

Kontinuiteten som vart skildra av førebyggjande politi, der foreldre kjenner att programma frå dei sjølv var ungdommar, kan også bidra til å styrkje det førebyggjande arbeidet. Ikkje nødvendigvis berre knytt til unge sin bruk av alkohol, men ved at ungdommar i større grad klara å ta individuelle val for seg sjølv. Dette er også målsettjinga til MOT (Stord kommune, 2020). Samstundes er nok dette avhengig av engasjementet til dei som utøvar tiltaka, og at dei sjølv har tru på at det har ein effekt. Spesielt tilsette i ungdomsskulen trekk fram at lærarar har ulike syn på kva dei vurderer som viktigast av fag og MOT. Ifylgje tilsette i ungdomsskulen er klasse miljø og trivnad noko skulen har stort fokus på. Respondenten ser samanheng mellom trivnad i skulen og førebygging, som blant anna samsvara med Øia (2013). Han meiner at ungdom som trivast på skulen, drikk mindre. Det gjer at trivnad i skulen er ein beskyttande faktor for unge sin bruk av alkohol (Øia, 2013). Resultat frå Ungdataundersøkinga (2021), viser at både ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande trivast på skulen. Det tyder at skulesituasjonen på Stord bidreg til gode oppvekstvilkår for ungdommen, som igjen er ein påverknad for lågt alkoholbruk (Bronfenbrenner, 1979; Øia, 2013).

Skulen sitt fokus på klasse miljø og trivnad er av stor verdi for det heilskaplege førebyggjande arbeidet. Fekjær (2016) meiner at skulen er ein arena der unge får utvikle sin identitet gjennom gode fellesskap. Det gjer at skulen er ein særskild viktig arena for førebygging, ikkje berre knytt til alkohol, men sikre elevane ei god utvikling. Ifylgje Bronfenbrenner (1979) sin transaksjonsmodell, kan læraren vere ei støtte både for foreldra og ungdommen på skulen. Elevar er på skulen store delar av dagen, som gjer at lærarar er i ein unik posisjon til å

vere ein *signifikant andre* for dei (Rye, 2013). Samstundes har me berre intervjuet to lærarar i heile kommunen, og me kan ikkje seie at deira fokus på klassemiljø gjeld for alle lærarane.

Læraren si rolle i høve enkeltelevar vert også trekt fram i lokalt rusmiddelførebyggjande arbeid i eit folkehelseperspektiv, som seier at alle som arbeider med born og unge har eit felles ansvar for å anerkjenne unge som dei er, og vere gode rollemodellar (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Tilsette i skulen referera til at læraryrket ikkje er det same som det var tidlegare, og at kan variere om læraren ser nytte at MOT og *Ung på Stord*. Det ikkje sikkert at programma har den store effekten på bruken av alkohol direkte, men at det bidreg til betre klassemiljø som aukar trivnaden i skulen, som er ein beskyttande faktor for bruk av rusmidlar (Øia, 2013). Dette vert også støtta av Møller og Bentsen (2015). Dei fann i sin analyse at det var samanheng mellom utfordringar på skulen og bruk av alkohol (Møller og Bentsen, 2015). Studien deira konkluderte også med at ungdomsskuleelevar sin bruk av alkohol i stor grad var påverka av forhold i heim, skule og på ungdommen sin fritidsarena, medan dei som drikk på vidaregåande i større grad gjer det ut frå påverknad frå jamgamle. Det gjer at det enkelt å tenkje at dei elevane som drikk på vidaregåande hadde gjort det uavhengig av dei universale førebyggjande tiltaka. På den andre sida kan det hende dei gjer det med meir forsiktigheit, og at tiltaka har gjort dei meir medvitne på dei akutte konsekvensane av alkoholinntak. Elevar på vidaregåande er også kome lengre i utviklinga, som gjer at evna deira til å tenkje konsekvens av eigne handlingar også er kome lenger.

Det at tilsette i skulen ser alkoholførebygging i samband med nettvett, viser at respondenten ser på alkoholførebygging som eit komplekst fenomen i tråd med miljøførebygging (Burkhart et al., 2022). Å auke ungdom si medviten på korleis deling av bilete og videoar kan påverke dei, er relevant fordi det er noko dei kan relatere til ettersom sosiale medium er ein stor del av dei fleste sin kvardag. Samstundes må ungdom ta ansvar for å lære av eigne feil og handlingar, det er ein del av livet og det å frigjere seg frå foreldra. Igjen er det ikkje alltid auka kunnskap fører til at ungdom handlar meir medviten og fornuftig. Ofte kan det vere nødvendig å gjere dei feila, for å forstå kva dei faktiske konsekvensane kan vere. Dette er noko særleg SLT – koordinator vert oppfatta som medviten på. På den andre sida er det

føresetnad å ha kunnskap om risiko og konsekvensar for å ta gode val. Dette vert stadfesta av Brottveit (2021), som meiner at menneske sine val er prega av egne erfarigar og kunnskap.

Oppsummerande er skulen ein sentral arena å førebyggje alkoholbruk på. Skulen legg til rette for kunnskapsauke blant elevar, kontaktetablering med og mellom foreldre, samt at skulen er i ein unik posisjon til å påverke eit heilt ungdomsmiljø. I tillegg kan skulen bidra til trivnad og tryggleik for ungdommane. Likevel ser me eit større potensial i å utvikle ei tilnærming som er meir i tråd med miljøførebygging, der ein tek omsyn til samspelet mellom kontekst, åtferd og intensjon (Burkhart et al., 2022). Ved å nytte skulen som utgangspunkt kan ungdommar, foreldre og offentleg tilsette som arbeider med unge, saman utvikle nye tiltak med føremål om å endre lokale sosiale normar og kultur. Ei betring i unge sine oppveksvilkår og skulekvardag, vil gjere det enklare for unge å ta gode val i høve alkoholbruk.

#### 4.2.4.3 Fritid

I funna kjem det fram at fritidsarenaen i mindre grad vert sett på som sentral, samanlikna med skule og heim. Me ser likevel at tilsett i fritidsklubben har eit større fokus på fritidsarenaen, enn dei andre respondentane. I intervjuva våre har me stilt opne spørsmål knytt til førebyggjande arbeid. Det har gjeve respondentane høve til å sjølv trekkje fram det dei vurderer som sentralt, og det er naturleg at tidlegare tilsette i fritidsklubben har eit auka fokus på fritida enn dei andre. Både tidlegare tilsette i fritidsklubben og Utekontakten viser til at gode møtestader, kan gje ungdom sosial meistring og knytte venskap. Dette samsvara med korleis fritid vert vektlagt i den *nasjonale alkoholstrategien* (2021).

Korleis ungdommen nyttar fritida si har påverknad på deira bruk av alkohol. Foreldre har i utgangspunktet mindre kontroll over ungdommen på fritida, samstundes som dei framleis har stor påverknad på kva vala dei gjer (Øia, 2019; Bronfenbrenner, 1979). Foreldre har nok meir kontroll over ungdom som deltek på organiserte fritidsaktivitetar, samanlikna med dei som går på uorganiserte fritidsaktivitetar. Dette då organiserte fritidsaktivitet ofte er basert på eit samarbeid med frivilligheita, eller at foreldre stiller opp som trenarar eller instruktørar. Fritidsklubb som ein uorganisert fritidsaktivitet, kan i likskap med organisert fritidsaktivitetar

vere ein arena der ungdom kjem i kontakt med sunne rollemodellar. Dette er særleg viktig for dei ungdommane med vanskeleg forhold til eigne foreldre (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Det gjer at fritidsklubbar er i ein posisjon der dei til dels kan kompensere for dårlege oppvekstvilkår, og dermed vere ein beskyttande faktor for ungdom.

Tidlegare tilsette i fritidsklubben og Utekontakten trekk fram viktigheita ved å ha trygge vaksne på fritidsarenaen. Dei vaksne kan ha ein positiv påverknad på ungdom sine haldningar knytt til alkohol, samstundes som dei kan sikre ein alkoholfri arena for ungdommen, der ungdommane kjenner seg inkludert. Dette vert også vist til i *Nasjonal alkoholstrategi* (2021) og *Lokalt rusmiddelførebyggjaden arbeid i eit folkehelseperspektiv* (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Trygge vaksne på fritidsarenaen kan også auke foreldre si innsikt i kva som skjer på fritida, og har foreldra kjennskap til kvarandre kan det også sørgje for generell foreldrekontroll. Dette av avhengig av at trenar eller instruktøren ser behov for kontakt med foreldra, samstundes som det også må vere ein balanse på kva type informasjon foreldra skal få. Foreldre kan ikkje ha full kontroll over kva ungdommane held på med på fritida, då det kan føre til at ungdommane mistar glede på å delta på aktivitetar, og dermed går glipp av viktig sosial trening. Alle har trong for å ha ulike roller i livet, det at ungdom får ha ein arena der dei får utspele seg utan foreldre sin påverknad kan vere viktig for sjølvstendigjeringa. Samstundes kan ein ut frå transaksjonsmodellen sjå at kommunikasjon mellom foreldre og dei arenaane ungdommen held seg på, kan ha positiv effekt på ungdommen si utvikling (Bronfenbrenner, 1979). Foreldre har stor påverknad på borna sine. Gjennom si foreldrerolle kan dei ikkje berre kontrollere aktivitetane til ungdommen, dei kan til ein viss grad påverke kva aktivitetar dei skal delta på (Bronfenbrenner, 1979; Caldwell & Darling, 1999). Ifylgje Caldwell og Darling (1999) har det blitt vist til at deltaking i organisert fritid kan medføre mindre risiko for alkoholbruk hjå ungdom, sjølv om dette er noko forskingsfeltet ikkje er heilt samstemt på. Dette fordi deltaking i organisert fritid tek opp tida ungdommen kunna ha nytta på fest. Det gjer at deltaking i organisert fritidsaktivitet er ein beskyttande faktor (Øia, 2013). Ifylgje Ungdata (2021) deltek fleirtalet av ungdomsskuleelvar på ei eller anna form for organisert fritidsaktivitet. Elevar på vidaregåande i Stord deltek i noko mindre grad, men skåra på den andre sida over landsgjennomsnittet. Det gjev eit bilete av at deltaking i organiserte fritidsaktivitetar er ein faktor som aukar ungdommane sin trivnad i oppvekstmiljøet, som igjen påverkar ungdom sin alkoholbruk .



Fritidsarenaen er der ungdommen i størst grad vert påverka av andre ungdommar (Øia, 2019). I eit ungdomsmiljø kan det variere kva som gjev anerkjenning og status, og det er ungdommane sjølv som definerer dette (Øia, 2013). Normene i eit ungdomsmiljø, og dei vaksne si evne til påverknad gjennom si rolle, spelar også inn når det gjeld ungdom sin alkoholbruk (Caldwell & Darling, 1999). Det gjer at fritidsarenaen både kan vere ein beskyttande- og risikofaktor, ut frå kva miljø ungdommen held seg på i fritida. Kor stor grad ungdommen vert påverka av kvarandre, aukar med alderen (Møller & Bentsen, 2015). Resultat frå Ungdata (2021) viser at ungdom på vidaregåande er meir saman med vener, enn kva dei er på ungdomsskulen. Det tyder på at ungdom på vidaregåande i mindre grad er aktive i organiserte fritidsaktivitetar, dermed aukar grad av ustrukturert fritid, som igjen redusera foreldrekontrollen. Studien til Caldwell og Darling (1999) fann at ungdom som nyttar mykje tid på uorganisert fritid gjev meir tid på fest, som aukar sannsynet for at dei drikk alkohol. Dette viser at fritidsarenaen også er ein viktig førebyggjande arena for både yngre og eldre ungdommar. Ungdom sin bruk- og haldning til alkohol kan påverkast på fritidsarenaen. Ut i frå respondentane sine utsegn, kan det sjå ut som at dette er ein arena som i større grad kan inkluderast i ei heilskapleg miljøførebygging. Ved å framheva fritidsarenaen som er ein førebyggjande arena og samarbeidspartnar for andre arenaar, er det i tråd med Burkhart et al., (2022) si miljøførebygging.

### 4.3 Tverrfagleg samarbeid

Alle respondentane trekk fram tverrfagleg samarbeid som sentralt for å lukkast med alkoholførebyggjande arbeid, og alle utanom ein sa at dei opplev samarbeidet som bra på Stord. Respondenten frå politiet trekk fram at rollefordelinga i det førebyggjande arbeidet er godt, og at terskelen er låg for å ta kontakt fordi ein er kjend med kvarande. Tilsvarande vert framheva av fleire respondentar, der sosiallærar på vidaregåande uttala: *det er jo sånn at det er lettare å ringja til nokon, og samarbeide med nokon som du kjenner eller har sett ansiktet på før*. Tidlegare tilsette i Utekontaken fortel at det er ulike samarbeidsmøte, men at dette godt kan vere oftare. Vidare greia same respondent ut om at frekvensen på møta kring enkelt ungdom kjem an på ungdommen sitt behov, og om vedkommande får god nok oppfylging frå utekontakt, politi, foreldre og barnevernet dersom dei er involvert. Tilsette i politiet viser til at i tillegg til å vere personavhengig, variera kvaliteten på det tverrfaglege samarbeidet også

etter tid og ressursar. Vedkommande definerer førebygging som eit felles ansvar, der det er viktig at dei ulike tenestene har kunnskap om kvarandre og dei ulike programma, slik at dei kan tilvise ungdom til rett hjelpeinstans. SLT - koordinator meiner tverrfagleg samarbeid kan bidra til at alle har same forståing av russituasjonen på Stord. Med det kan ein justere eigne eller andre si oppfatning av situasjonen, i tillegg til å få ei felles forståing relatert til rus og konsekvensar. *Mange snakkar om oss og dei, om mine og dine, som skapar distanse mellom tenestene. Det er nok eit forbettringspotensiale*, legg han til. Vidare fortel han at ei av hans oppgåver er å bringe informasjon mellom dei ulike tenestene som jobbar førebyggjande, og sørgje for lik forståing av tiltakene som vert sette i verk.

Tilsette i politiet viser nettopp til SLT – koordinator, då han uttala at dei som teneste har korte linjer til hele spekteret og samarbeider godt. SLT – koordinator vert trekt fram som ein viktig aktør, som er med å styrkje samarbeidet. Respondenten frå Utekontaken uttaler at den informasjonen SLT-koordinator bidreg med i tverrfagleg samarbeid er til nytte.

Respondenten kjem med fylgjande utsegn:

*Eg tenke det med å sikra gode samhandlingspunkt i lag, og orientere kvarandre om kva tiltak ein har i dei ulike tenestene og kvifor ein har det. Kva som er fokusområde i tenestene og kva som røra seg, det trur eg er viktig. Der kan ein sikkert bli mykje betre.*

Med unntak av felles forståing og kunnskap om rus blant tenestene, vert godt kjennskap til kvarandre sitt arbeid trekt fram som sentralt for eit godt tverrfagleg samarbeid.

Respondent frå politiet meiner den gode kontakten mellom tenestene bidreg til å senke terskelen til å ta kontakt. *Det handlar om å spele kvarandre god, rett og slett. Slik at me på best mogleg måte kan oppnå felles mål.* Respondenten fortel at det tverrfaglege samarbeidet har blitt betre over tid, og at tenestene har blitt meir medvetne på samarbeid med åra. Dette vart også stadfesta av fleire respondentar som trekk fram kontinuitet og fellesinnsats som nøkkelomgrep i førebyggjande arbeid. Tilsette i politiet set lys på at utskifting av tilsette kan vere nyttig, *Det er viktig at man han nokon som kjem inn med litt andre tankar, og kan stilla spørsmål om kvifor ein gjer som ein gjer.* SLT-koordinator nemner samarbeid med skulen

som særleg viktig, fordi det er skulen som har den pedagogiske kunnskapen om korleis nå fram til ungdom.

Vidare legg helsesjukepleiar til at vidaregåande skule no har fått skulepsykolog, som er på skulen ein dag i veka. Same respondent supplerer med at vedkommande sjølv har nytta seg av tenesta for rettleiing og anonyme drøftingar: *Det har hendt at eg har teke kontakt for å drøfte anonyme saker, om korleis ein skal gjere det vidare. Vedkommande har mykje kunnskap i forhold til heilskapen.* Ifylgje respondenten gjev tverrfagleg samarbeid ei heilt anna måte å arbeide kring ungdommar på. Vedkommande meiner at samarbeid bidreg til at ungdommar får den hjelpa dei har trong for, og kjenne seg trygge på at instansane som er involvert samhandlar tett. *Som regel samtykker ungdommen til slike samarbeid, og dei er ofte veldig positive til det.* Respondenten frå Utekontakten trekk fram BTI som eit godt verktøy for å sikre god samhandling mellom tenestene, særleg der ein har ei auka bekymring for eit born eller ungdom. Respondenten supplerer med at BTI er godt implementert i Stord kommune, og det gjer det lettare å opprette samarbeid på eit tidleg tidspunkt. BTI krevjar samtykke frå dei føresette og bornet må informerast, som gjer at den som eig bekymringa må prate med både foreldra og den unge. Ifylgje respondenten bidreg dette til å betre dialogen mellom det offentlege og familiar.

Særleg respondent frå Utekontakten og fritidsklubben trekk fram brukarmedverknad som viktig når det gjeld samarbeid i førebyggjande arbeid. Tidlegare tilsette i fritidsklubben meiner det er viktig at ungdommane får lov å kome med innspel, ettersom det er dei som veit kva som interessera dei og ikkje. I fritidsklubben skal det vere eit brukarorientert klubb-demokrati. I den samband vert det gjennomført allmøte og val av klubbstyre, *Me vaksne set sjølv sagt rammene kring det, men det er ungdommane sjølv som lagar reglane for klubben.* Respondenten fortel at det kvart år kjem frå ungdommen at fritidsklubben skal vere ein rusfri arena. Vedkommande er usikker på om ungdommen meiner det, eller om dei føler det er noko dei må sei. Tidlegare tilsette i Utekontakten uttala at dei som arbeider førebyggjande er flinke til å evaluere, og høyre korleis ungdommane opplev sin situasjonen og det å vekse opp på Stord. Der ungdommar har hatt kontakt med Utekontakten har tilsette fokus på høyre korleis ungdommen har opplevd kontakten. *Den viktigaste tilbakemeldinga er den ein får frå ungdommen sjølv,* legg han til. Like viktig meiner same respondent at tilbakemeldingar frå foreldra er.

### 4.3.1 Drøfting

Sju av åtte respondentar gjev uttrykk for at det tverrfaglege samarbeidet i Stord kommune er godt, alle meiner det er nyttig og viktig med samhandling for å utsette ungdom sin alkoholdebut. Det at samarbeidet vert skildra som nyttig og viktig, bidreg i seg sjølv til å styrke det (Glavin & Erdal, 2018). Fleire trekk fram erfaring om at det er lett å ta kontakt med kvarandre, som gjer samarbeidet godt. Respondentane har lang erfaring, og kjenner godt til kvarandre sine arbeidsoppgåver. Kjennskap til kvarandre sin kompetanse og tenestestad bidreg til å auke føresetnadane for eit godt og dynamisk tverrfagleg samarbeid, ved at deltakarane får ei større forståing for skilnadane dei i mellom, og den positive effekten det kan ha (Glavin & Erdal, 2018; Willumsen, 2016). Likevel har ein eit ansvar som profesjonell og offentleg tilsett til å ta kontakt med aktuelle instansar ved behov. Kontakten bør ikkje vere avhengig om vedkommande kjenner til kvarandre eller ei, då plikta til samhandel er heimla i fleire lovverk som til dømes Helse- og omsorgstenestaloVA § 3-4 (2011). Ifylgje Barnevernlova § 1 – 1 (1992) har unge også rett på rett hjelp til rett tid, som gjer at offentleg tilsette må kople på rett instans. Etersom tverrfagleg samarbeid er lovpålagt, kan det ha ei negativ påverknad på respondentane interesse for samhandlinga (Glavin & Erdal, 2018). Det at alle respondentane har fortalt om nytteverdien av eit godt tverrfagleg samarbeid, gjev ein indikasjon på at pålagt samarbeid ikkje har vore til hinder for samarbeidet.

Utvalet vårt består av respondentar med langvarig erfaring innan førebyggjande arbeid på Stord. Basert på deira utsegn forstår me at tverrfaglege samarbeidet handlar om samhandling kring enkeltungdommar, konkrete tiltak som *Ung på Stord* og at nokre av dei også er med i politirådet og arbeidsgruppa. Det gjer at nokre av respondentane naturlegvis har hyppigare treffpunkt, og dermed truleg vert betre kjend med kvarandre, både som privatpersonar og som fagpersonar. Det kan enten hemme eller fremje samarbeidet. Samarbeidsmøter kring enkeltungdommar kan nok opplevast som meir formelle, og at deltakarane opptrer meir profesjonelt enn i faglege samarbeidsforum. Det vart stadfesta Willumsen (2016), som meiner at makt- og avhengnadsforhold påverkar relasjonen mellom aktørane, saman med faktorar som politisk ståstad og sosioøkonomisk status. Det at Stord kommune er ein BTI – kommune skal gjer at kommunen legg til rette for god oppfylgning og samarbeid kring enkeltungdommar, det er ei bekymring knytt til. Me ser samanheng mellom respondentane

sine utsegn om god samhandling, og målsetnadane til BTI som er skildra i offentlege dokument (Betre Tverrfagleg innsats for born og unge i Stord, u å).

I tverrfaglege samarbeidsforum er det ofte sette av meir tid, og av erfaring vert også møta ofte nytta som sosiale treffpunkt, for å sikre vidare samhandling og auke tenestene si kjennskap til kvarandre. I tillegg er dei ulike instansar lovpålagt til å samarbeide, difor kan også møta vere ein del av eit årshjul med faste treffpunkt. Samarbeidsforum respondentane tek del i, kan gje fleire positive verknadar på det tverrfaglege samarbeidet. Gjennom møtepunkta får dei felles informasjon om blant anna russituasjonen på Stord. Sentralt i SLT – modellen er at offentlig tilsette skal ha ei felles forståing av kommunen sine utfordringar knytt til bruk av rus og kriminalitet i tillegg til å ha same syn på kva som skal til for å betre situasjonen (Sekretariatet for konfliktrådet, 2021). Det at tilsette med ei rolle i det førebyggjande arbeidet på Stord har same informasjon om ungdom sin bruk av rus og alkohol, meiner me er sentralt for å unngå fleirtalsmisforståinga («Flertalsmisforståelse», 2010). At informasjonen er basert på fakta er ein viktig faktor for å kunne gjere vurdering på kva tiltak som kan skape utsette eller redusere ungdom sin bruk av rus. Det at SLT – modellen stadfestar at offentlig tilsette må ha same syn på korleis redusere eller utsette ungdom sin bruk av alkohol, stiller me oss noko kritisk til.

Ut frå vårt synspunkt er det viktig å få fram ulike perspektiv. Alle har med seg sin faglege bakgrunn og erfaringar, som er ein styrkje i tverrfagleg samarbeid. På den andre sida kan det vere bra at ein har eit felles syn, forutsett at det er basert på tverrfaglege drøftingar. SLT – modellen tek heller ikkje omsyn til foreldra si rolle i det førebyggjande arbeidet. Foreldre sin medverknad vert trekt fram i Korus si kunnskapsoppsumming for helsedirektoratet. Der vart foreldre trekt nemnt som særleg viktig i det rusførebyggjande arbeidet, då det er dei som har størst påverknad på borna sine (kompetansesenter Rus – Region vest Bergen, 2010).

Ut i frå utsegn frå SLT - koordinator, tolkar me at det er ynskjeleg at desse samarbeidsforum skal bidra til at deltakarane, også skal kunne få same haldningar når det gjeld heilskapleg tilnærming til førebygging. Dette ut i frå hans utsegn: *Mange snakkar om oss og dei, om mine og dine, som skapar distanse mellom tenestene. Det er nok eit forbettringspotensiale.* For å

betre den heilskaplege tilnærminga er det nærliggande å tru at det ville ha kravt fleire felles treffpunkt. På den andre sida kan det føre til deltakar opplev at det tverrfaglege samarbeidet går ut over andre daglege arbeidsoppgåver, som gjev ei negativ verknad på deira haldning til samarbeidet. Dette finn me støtte i hjå Glavin og Erdal ( 2018).

På den andre sida kan dei ulike tenestene ha forskjellig behov for samarbeid og hyppigheit av treff, difor meiner me det er viktig at hyppigheita vert avklart på leiarnivå. Helsesjukepleiar på vidaregåande legg vekt på at det er for få samarbeidsforum. Det kan ha samanheng med at respondenten er den einaste med sin kompetanse på arbeidsstaden, og har dermed ingen med same perspektiv og kompetanse å drøfte saker med. Likevel viser respondenten til at drøfter problemstillingar med skulepsykolog, og at ho opplev det som nyttig. Temaa rus, ungdom og førebygging kan nok i stor grad sjåast på som overlappande kompetanse, ettersom begge fagområde er knytt opp til born og unge (Willumsen, 2016). Ut frå vårt synspunkt er det viktig at avklaring av omfang samarbeids møte ikkje tek omsyn til enkelttilsette sine behov, leiar må sjå på tenesta i sin heilskap og prioritera ut frå det. Like viktig er det at samarbeidet er avklart og nedfelt i skriftlege rutinar, tilgjengeleg og kjend for alle.

Vidare kan organisatoriske faktorar også påverke samarbeidet, og korleis ein kjenner til kvarandre. Stord er ein mellomstor kommune, og talet tilsette gjer at det ofte er dei same som er involvert i dei ulike sakene. Det kan bidra til at ein får betre kjennskap til kvarandre på tvers av instansar. Dette er noko fleire respondentar trekk fram. Ut frå korleis respondentane skildra det førebyggjande arbeidet, opplevast alle som realistiske i høve målsetjinga, og kva som spelar inn i det alkoholførebyggjande arbeidet. At alle har lang erfaring kan bidra til god kunnskap om kvarandre sine tenester og kompetanse, og gjer at ein ser viktigheita ved det tverrfaglege arbeidet.

Resultat frå ungdagdata (2021) viser at ungdom sin bruk av alkohol har hatt ein stor nedgang sidan 2015. Det gjer at fleire av respondentane har vore med på denne svinginga, som kan relaterast til at den innsatsen kommunen har lagt ned og det tverrfaglege arbeidet har fungert. Respondentane er tydeleg på at svinginga ikkje berre gjeld på Stord, men også på landsbasis. Likevel framstår dei realistiske på at det er fleire utanforståande faktorar som spele inn,

samstundes som dei er alle einige om at den heilskapen og kontinuitet som har vorte lagt ned i Stord har gjort nytte. Ved å ha erfart nytteverdien av andre tenester sitt bidrag, kan det ha auka den gjensidige anerkjenninga ovanfor kvarandre, som har betra samarbeidet. Dette finn me støtte i Willumsen (2016) sin teori om kjernekompetanse. Han meiner at anerkjenning og respekt for kvarandre sine kjernekompetanse er sentralt for eit godt tverrfagleg samarbeid. Anerkjenning av kvarandre sine kjernekompetanse vert eksemplifisert av respondentane når det dreier seg om korleis *Ung på Stord* vart utforma. Då var det lærarar som bidrog med sin kjernekompetanse i form av pedagogikk, og Utekontaken bidrog med sin kunnskap om rusførebygging, og kjennskap om russituasjonen på Stord. I tillegg viser Glavin og Erdal (2018) til at positive opplevingar blant samarbeidsaktørane, betrar samarbeidet. Det styrkjer hypotesen om at langvarig erfaring og kjennskap til aktuelle samarbeidsinstansar, aukar føresetnaden for godt tverrfagleg samarbeid.

#### **4.4 Kva nytte har den ruspolitiske handlingsplanen i Stord kommune?**

Fleire respondentar meiner den ruspolitiske handlingsplanen er eit godt styringsdokument. Respondent frå fritidsklubben uttalar: *Ein får eit bilete av korleis situasjonen er på Stord, og kva trenden er. Så tenkjer eg det er av stor nytteverdi å ha ein handlingsplan med konkrete anbefalingar eller tiltak.* Same respondent hevdar det er viktig å ha konkrete tiltak å jobbe etter, som ein er forplikta til å utøve.

Tilsett i politiet framhevar at den ruspolitiske handlingsplanen er godt utvikla på Stord.. Ifylgje respondenten er det jamlege revisjonar på den, og politiet opplev tett dialog med kommunen, angående regulering av planen ved behov. *Dersom me merkar at det er noko me må tenkje annleis på, så er det noko me gjevinnspel på under revidering av planen, og då er me i tett dialog med kommunen.* Same respondent fremjar i den samband godt tverrfagleg samarbeid som viktig faktor. Dersom politiet opplev auka bruk av alkohol eller illegale rusmiddel, tek dei kontakt med kommunen og etterspør informasjon. *Det gjeld å spele kvarandre gode, rett og slett. På den måten kan ein på best mogleg måte oppnå dei felles målsettingane.*

Helsesjukepleiar i vidaregåande uttrykkjer at det er opp til kvar enkelt tilsett å lese den ruspolitiske handlingsplanen. Same respondent ser utviklingspotensialet i kommunen sine

rutinar når det gjeld deling av informasjon. *Nokon gongar synast eg at me alle kunne blitt opplyst, og at leiinga bør sikre at tilsette vert kjend med innhaldet og målsettingane.*

Tidlegare tilsette i fritidsklubben legg til at Stord kommune har gjort eit godt arbeid med planen, det er nyttig å få ei oversikt over utviklinga og statistikken på alkoholbruken blant unge på Stord. Samstundes vil oppfylging av dei ulike tiltaka alltid vere eit tema, og ofte eit spørsmål om ressursar. På den andre sida kan det vere viktig å konkretisere ein slik handlingsplan, slik at det faktisk er mogleg å gjennomføre tiltaka. Respondenten foreslår å setje inn tiltak som aukar føresette sin medviten og deira egne vanar. Tiltaka som det vert vist til i ruspolitisk handlingsplan bør ikkje bli teken vekk utan å bli erstatta, ifylgje tilsette i politiet. Vedkommande frykter at det då kan bli eit tomrom i det rusførebyggjande arbeidet, og kjem med fylgjande utsegn: *inntil noko nytt, eller enda betre dukke opp, så er eg tilhengjar av at ein held gode velfungerande program.* Respondenten understrekar at det kan vere grunn til å vere usikker på at sjølve programma fungerer, men at det handlar om den heilskaplege tilnærminga. Dette er noko fleire respondentar meiner, samstundes som fleirtalet trekk fram informasjons- og haldningsarbeid som viktige tiltak. Tidlegare tilsette i Utekontakten viser til at ein burde gjennomgå den ruspolitiske handlingsplanen i tverrfaglege forum, og at det i den samband burde setjast opp faste møtepunkt. Vedkommande trekk fram at det er viktig å gje tilsette ei status på, og evaluere tiltaka.

Tidlegare tilsette i Utekontakten uttaler:

*Det er spanande å ha gruppemøter, og eg tenkjer det er nyttig å ta ein fot i bakken og få ei oversikt over korleis situasjonen er no, og kvifor ein skal ha dei ulike type tiltaka. Fungerer dei, og kvifor meiner me at dei fungera?*

Vidare fortel SLT – koordinator at det opplevast frustrerande å ta del i det førebyggjande arbeidet, fordi det er så mykje som verkar førebyggjande. Ei anna utfordring er at planar kan vere for generelle og pretensiøse. Same respondent meiner at generelle førebyggingstiltak er viktig på mange områder, men at det av og til er naudsynt å konkretisere ned til detaljnivå. Samstundes skal planar som den ruspolitiske handlingsplanen vere generell, må det vere ei balansegang. Vedkommande legg til: *Ein skal trekkje dei store linjene, samstundes som den skal vere verknadsfull, i tillegg til eit arbeidsreiskap for dei som arbeider førebyggjande.* Vidare uttrykkjer respondenten at det er spanande, og viktig å ha dialog om kva tiltak som fungerer og kvifor. Respondenten trur at skulen har kjennskap til mange av tiltaka som er



nemnd i den ruspolitiske handlingsplanen. *Skulane er involvert i Ung på Stord, og dei har veldig godt kjennskap til dei tiltaka, men eg trur ein med fordel kan løfte fram planen i treffpunkt med skulen.* Respondenten hevdar vidare at det kan bidra til eit auka heilskapleg fokus på førebygging. Tilsette i skulen har på si side inntrykk av at lærarane ikkje har god kjennskap til den ruspolitiske planen.

SLT - koordinator fortel at det er ressurskrevjande å utarbeide den ruspolitiske handlingsplanen. På same tid er det nyttig å ha eit stopp-punkt for å finne ut korleis situasjonen ser ut no, kva tiltak som er sette inn og kva ein treng vidare. *Det som er utfordringa er at slike planar ofte vert gløymt. Det ligg til dømes ein tiltaksplan der som seier noko om kven som skal gjere kva.* Same respondent meiner det er leiar i dei enkelte einingane som har ansvar for å sikre at tiltaka vert gjennomført. Sjølv om det er SLT som leiar arbeidsgruppa kan ikkje SLT-koordinator gå inn å regulere korleis andre skal gjere jobben sin. Planen politisk vedteke, og ein må då ha forventingar av at tiltaka vert gjennomført. Basert på respondentane sine utsegn, framstår det ikkje som at det har blitt gjort ei systematisk evaluering av den ruspolitiske handlingsplanen i sin heilskap. Mange av tiltaka i planen blir likevel evaluert gjennom tilbakemeldingar frå ungdom og foreldra.

SLT-koordinator stadfestar at på lik linje med andre planar, har også den ruspolitiske handlingsplanen stort potensiale. Samstundes er det nokon verktøy som er skildra, som gjer at ein faktisk kan bruke planen i praksis. Respondenten fortel at ungdomsrådet får uttale seg i utarbeiding i planen, men at dette ikkje vart gjort i denne omgang, då planen var til høyring i sommarferien. I tillegg handlar det om ei heilskapleg innsats mellom alle instansar som arbeider førebyggjande, og at alle dreg i same retning. Respondenten ser på førebygging som ei pakkeløysing. Sentralt er å ha ein klar strategi og plan for arbeidet, og at dei ulike instansane har eit godt tverrfagleg samarbeid. Dette vert gjenteke av tidlegare tilsette i Utekontakten. Langsiktig tenking, klare planar og ansvarsfordeling. *Det handlar om kontinuitet og det å verta god på det ein held på med. At me som arbeider førebyggjande er trygge og stabile vaksne.*

#### 4.4.1 Drøfting

Ut frå vår forståing, ser respondentane på den ruspolitiske handlingsplanen som ein konkret plan for alkoholførebygging i kommunen. Fleire respondentar trekk fram at haldningar blant vaksne som er i kontakt med ungdommar, er ein viktig føresetnad for godt førebyggjande

arbeid. Dette er også noko som vert konkretisert i offentlege dokument, der born og unge si trong for trygge rollemodellar vert vektlagt (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Den ruspolitiske handlingsplanen seier berre noko om haldningsarbeid ovanfor foreldra, og ikkje noko om haldningsarbeid blant offentleg tilsette. Det gjer at det er ein diskrepans mellom det respondentane vektlegg som viktig, og korleis dette kjem fram i ruspolitisk handlingsplan. På den andre sida har me ikkje spurt respondentane om dei har eigne planar, der haldningsarbeid er i fokus. Likevel meiner me det er relevant å nedfelle haldningsarbeid blant tilsette i ruspolitisk handlingsplan, fordi dei møter unge på andre arenaar enn foreldre. Ut i frå planen, vert *rollemodellar* omtala som eit mål når det gjeld foreldre, heller ikkje her er offentleg tilsette nemnd som målgruppe (Stord kommune, 2020).

Funna våre dannar eit bilete av at den ruspolitiske handlingsplanen er med på å sørge for at den offentlege rusførebygginga er systematisk, langsiktig og evidensbasert. Dette er også moment som vert vektlagt i offentlege dokument (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Respondentane viser til at mange av tiltaka som er omtalt i ruspolitisk handlingsplan har vore over tid, og at det er sette opp langsiktige målsetnadar for tiltaka. Det kan gje grunnlag for å tolke at organisasjonen har eit langsiktig perspektiv på den førebyggjande arbeidet. I noverande og førre ruspolitisk handlingsplan, vert Utekontakten omtalt som både eit rusførebyggjande tiltak, i tillegg til at tenesta er ansvarleg for gjennomføring av fleire tiltak (Stord kommune, 2020).

Gjeldande plan er ei revidering av den førre, og har få endringar av tiltak og målsetnadar (Stord kommune, 2020). I tillegg kan det at planen er politisk vedteken bidra til at tiltaka vert meir forpliktande, og at terskelen for å gjere endringar er høge. Dette er faktorar som kan vise til ei langsiktig planlegging. På den andre sida kan ei langsiktig tenking også føre med seg utfordringar. Langsiktige målsetnadar kan gjere det vanskeleg å tilpasse tiltaka ut i frå den lokale situasjonen. I løpet av fire år kan det vere fleire endringar i samfunnet, i ungdomsmiljøa og organisasjonen som gjer det naudsynt å gjera endringar av alkoholførebyggjande tiltak. Særleg tilsette i politiet trekk fram at godt tverrfagleg samarbeid gjer at ein kan ta kontakt med kommunen, dersom ein trong for å setje inn tiltak ut i frå endring til dømes ungdomsmiljø. Slike endringar treng ikkje nødvendigvis manifestere seg, og kan vere av forbigåande karakter. Det gjer at endring av tiltak i den ruspolitiske handlingsplanen har liten langsiktig effekt. Funna våre tyder på at kommunen set inn tiltak ved behov, sjølv om planen ikkje nødvendigvis vert endra. Sjølv om planen skal vere

langsiktig, er respondentane like oppteken av at den skal skildre noverande situasjon angående ungdom sin rusbruk. Ungdomsmiljø, risiko- og beskyttande faktorar kan endra seg i løpet av dei fire åra planen gjeld (Kvello, 2015). For å sikre dei tilsette oppdatert informasjon om lokalmiljøet, kan det vere føremålstenleg å evaluere planen kvart andre år, slik at ein får inkludert den nyaste ungdomdata undersøkinga.

For å jobbe systematisk med førebygging, må arbeidet utførast med ei tydeleg leiing og forankring (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). Dette samsvara med funna våre. Respondentane har vist til at planen vert vedteke politisk, og at den lokale leiinga har vore involvert i utarbeiding av planen. SLT – koordinator viser til at det er leiinga som har ansvar for at planen er kjent hjå dei tilsette. Funna våre tyder på at ikkje alle har kjennskap til planen, sjølv om enkelte respondentar trur det. Me ser ein samanheng mellom kjennskap til planen, og kva teneste respondentane arbeider i. Tilsette i skulen har mindre oversikt, enn dei som arbeider i andre instansar. Det kan vere ulike årsaker til, blant anna at den ikkje er like relevant på deira tenestestad, som gjer at den ikkje vert prioritert. Funna våre viser at SLT - koordinator, politi og Utekontakten har god kjennskap til planen. Dette kan ha henge saman med at to av dei var deltakande i utarbeidinga. Uavhengig av årsaka til at ikkje alle har kjennskap til planen, kan det tyde på at den ikkje er like godt forankra i heile organisasjonen. Me har ikkje kjennskap til korleis leiinga prioritera gjennomgang av planen med dei tilsette, eller om dei har andre dokument der innhaldet kjem fram. Likevel er ruspolitisk handlingsplan ein del av det heilskaplege alkoholførebyggjande arbeidet, og det er eit leiaransvar at tilsette som arbeider førebyggjande har kjennskap til dokumentet. Samstundes er dei viktigaste tiltaka innan alkoholførebygging, universale tiltak og strategiar som ein truleg finn andre planar som vert nytta i skulen. Tiltak som er meir spesifikt alkoholførebyggjande, kan overførast frå ruspolitisk handlingsplan til planar som er meir relevante for dei tilsette. For systematikken vert det mest sentrale at dei ansvarlege for utarbeiding av andre planar har kjennskap til ruspolitisk handlingsplan, og at dei sikrar at innhaldet vert inkludert.

Det kjem ikkje fram i den ruspolitiske handlingsplanen at dei førebyggjande tiltaka vert evaluert, sjølv om dette er ei tilråding (Sosial- og helsedirektoratet, 2006; Stord kommune, 2020). I tillegg framstår det ikkje av respondentane at planen i sin heilskap blir systematisk evaluert. Evaluering av tiltaka kunne bidrege til ei meir systematisk vurdering om behov for eventuelle endringar i alkoholførebygginga (Sosial- og helsedirektoratet, 2006).

I funna våre kjem det fram at respondentane er oppteken av at tiltaka i ruspolitisk handlingsplan skal vere evidensbaserte, og at dei vert evaluert i lokal kontekst. Det kjem godt fram i endringane organisasjonen har gjort i *Ung på Stord*, der programmet er tilpassa lokale evalueringar og nasjonale retningslinjer. Me har ikkje funn som tyder på at respondentane har kjennskap til i kva grad tiltaka er evidensbaserte, men me får inntrykk av at dei vurderer evidensen ut frå egne erfaringar og tilbakemeldingar frå ungdom og foreldre.

Særleg SLT – koordinator trekk fram at det er utfordrande å evaluere førebyggjande arbeid, ettersom det meste av tiltak kan verke førebyggjande. Me meiner det er positivt at mange tiltak fungerer førebyggjande, fordi det kan bidra til å sikre gode oppvekstvilkår for born og unge.

Likevel vil ei evaluering av det heilskaplege alkoholførebyggjande arbeidet styrkje born og unge sine oppvekstvilkår på Stord. Ei evaluering ville gjeve rom til å vurdere om ein gjennom tiltaka har nådd måla for førebygginga og om det er behov for endringar (Sosial- og helsedirektoratet, 2006). Eit auka fokus på evaluering vil også bidra til kompetanseheving hjå tilsette som arbeider førebyggjande, med føresetnad om at dei har kjennskap til planen. For å evaluere om tiltaka i planen fører til måloppnåing, og i kva grad, ville det krevd ei evaluering i stor skala (Burkhart et al., 2022). Ein måtte difor ha gjort ei vurdering om kostnadane hadde forsvart nytta av evalueringa.

## 5 Avslutning

Gjennom casestudie og kvalitative intervju har me søkt å danne oss eit bilete av tilsette si erfaring med det alkoholførebyggjande arbeidet på Stord. Me har nytta relevante teoriar, offentlege dokument, i tillegg til nasjonal og internasjonal forskning, for å belyse kva som vert sett på som viktig innan alkoholførebyggjande arbeid. Det har ført til at me kan konkludere funna ut frå faglege grunngjevingar, noko resultat frå intervju og støtta opp under.

Eit mindretal av ungdom drikk alkohol på Stord. I tillegg er det enda færre som vil oppleve store negative konsekvensar av drikking no eller seinare (ungdata, 2021). Det gjer at ein kan stille spørsmål ved om ein skal nytte ressursar på å førebygge alkoholbruk hjå ungdom, samstundes som generelle og universale førebyggingstiltak også kan ha andre positive verknadar enn redusert alkoholbruk. Det viktigaste er kanskje å styrke kvar einskild ungdom i å gjera gode val for seg sjølv gjennom å styrke oppvekstmiljøet, jamgamle, foreldre, og andre vaksne i kontakt med ungdom.

Resultat av intervju viser at respondentane ser ein samanheng mellom kunnskap, haldningar og handlingar. Dei trekk fram haldningsskapande arbeid både blant føresette og ungdommar, som viktig i det alkoholførebyggjande arbeidet. Kompetansesenter rus region Midt-Norge (2018) trekk også fram at kunnskap som viktig for førebyggjande arbeid, men ikkje i samband med haldningar. Samstundes vert kommunane oppmoda til å kople lokal informasjon om bruk av rusmidlar, til haldningsskapande kampanjar (Kompetansesenter rus Region Midt-Norge, 2018). Det gjer at kunnskap til dels vert sett i samband med haldningar, samstundes som det i liten grad vert reflektert i korleis respondentane ser på dei to faktorane i samanheng. Berre tilsette i ungdomsskulen og SLT – koordinator trekk fram diskrepansen mellom kva ungdom seier og kva dei gjer.

På spørsmål om kva respondentane trekk fram som det viktigaste innan alkoholførebyggjande arbeid, uttaler alle at kommunen si heilskaplege innsats er ein medverkande faktor til at ungdom har eit lågt forbruk alkohol på Stord. Ei heilskapleg satsing inkluderer universelle førebyggjande tiltak på alle arenaane ungdommane held seg på; heim, skule og fritid. Respondentane meiner at foreldra har størst påverknad på ungdommane, som gjer at heimen er den mest sentrale arenaen. Dette vert støtta av forskning og teori på feltet, som dreg linjer mellom foreldrekontroll, haldningar hjå foreldre og unge sin bruk av alkohol (Van der vorst

et al., 2006; Øia, 2013). Vidare supplerte to respondentar med at det også er utfordrande fordi respondentane ikkje har innsyn i kva som skjer i dei ulike heimane.

Fleire av respondentane har eit stort fokus på at skulen gjev foreldra kunnskap gjennom foreldremøte. Hensikta er å auke foreldra si medviten og haldning til alkoholbruk hjå seg sjølv, og hjå ungdommen. Foreldremøte kan nok bidra til å auke foreldrekontroll, ved at dei får informasjon om situasjonen på Stord. I tillegg legg det også til rette for at foreldre vert kjent med kvarandre, som kan gjere det lettare for dei å samsnakke ved behov (Bronfenbrenner, 1979). I Bolstad et al. (2006) si kunnskapsoppsummering vert det konkludert med at foreldre har ei særskild viktig rolle i høve det rusførebyggjande arbeidet. Samstundes trekk rapporten fram eit behov for meir evidensbasert kunnskap, om kva tiltak som kan auke foreldre si medviten om deira påverknad på borna sine (Kompetansesenter rus – region vest bergen, 2010). Van der vorst et al., (2006) refererer til fleire studiar som viser at foreldrekontroll har samanheng med ungdom sin bruk av alkohol. Me har ikkje teori eller forskning som stadfestar at skulen har påverknad på foreldre. Ut frå korleis Henriksen (1994) meiner haldningar vert danna, gjev det eit bilete på at skulen ikkje har stor nok betydning for foreldra til å bidra til endring av haldningar. Såleis kan det tyde på at respondentane overvurderer skulen si evne til å påverke heimen. Me trur likevel skulen er ein viktig aktør i det å gje foreldre kunnskap om korleis deira handlingar og haldningar påverkar ungdommen sitt alkoholbruk. Dette gjeld særleg når kontroll og grensesetting (Bolstad et al., 2010; Van Der Vorst et al., 2006). Foreldre er ei viktig målgruppe for førebyggjande arbeid, sjølv om dei har mindre innverknad på eldre ungdom, som vert meir påverka av jamgamle (Øia, 2013). Det gjer at ein burde ha auka fokus på førebyggjande tiltak for eldre ungdommar, der hensikta er å sikre positiv gjensidig påverknad.

Respondentane trekk også fram skulen som ein god arena å drive haldningsarbeid blant elevar på. MOT vert vist til som eit av fleire fungerande tiltak. Særleg tidlegare tilsette i klubben har erfart at elevar pratar om MOT på klubben, og koplpar dette til nedgangen av alkoholbruk. MOT har ved fleire høve vorte evaluert, samstundes som ingen av studiane har den vitskaplege kvaliteten som krevjast for å belyse om programmet har effekt (M. Rye et al., 2021)). Trivnad i skulen er ein beskyttande faktor for ungdom sin bruk av alkohol (Øia, 2013; Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Det gjer det påfallande at berre ein av to lærarar drog linjer mellom trivnad i skulen og alkoholbruk, og at tema i så liten grad vert reflektert kring.

Kva som gjer at respondentane vektlegg haldningsarbeid og kunnskap i så stor grad er vanskeleg å seie. Dei fleste respondentane har langvarig fartstid og erfaring i tenestene, og dei har vore med på store endringar i ungdom sin bruk av alkohol (Ungdata, 2021). Det gjev rom for å spekulere i om det er erfaringa dei støttar seg til, i deira vektlegging av haldningsarbeid og kunnskap. Det å ha kunnskap for å ta gode val vert støtta av både offentlege dokument og internasjonal forskning på feltet (Nasjonal alkoholstrategi, 2021; Burkhart et al., 2022). Særleg Burkhart et al., (2022) hevdar at ungdom må ha kunnskap, samstundes som det ikkje reknast som tilstrekkeleg for å ta prososiale val. Ved at ein fokusera for mykje på kunnskapsformidling, kan det gå på kostnad av ressursane ein kan nytte på førebyggjande tiltak i miljøet (Burkhart et al., 2022). Samstundes kan fokuset på kunnskap, også henge saman med respondentane sitt manglande høve til å påverke andre arenaar.

Respondentane si heilskaplege tilnærming til førebygging, gjer det påfallande at dei i så liten grad reflektera kring fritidsarenaen sin verdi. På den andre sida er det naturleg at dei ulike respondentane har fokus på eigen arbeidsstad. Opplysingar frå Ungdata (2021) gjev eit bilete av at alkoholførebyggjande arbeid ikkje handlar om trivnaden til ungdom på den eine eller den andre arenaen, men om den totale heilskaplege innsatsen. Ein kan stille spørsmål ved om ein arena kan kompensere for ein anna, samstundes som det nok kjem an på kvaliteten på arenaen. For ungdommar som kjem frå marginaliserte heimar, med manglande foreldreinvolvering kan nok skule- og fritidsarenaen delvis kompensere for heimesituasjonen. Det kan handle om ungdom si kjensle av meistring, og om dei har tilgang på trygge vaksne, som kan vere deira *signifikante andre* (Rye, 2013).

Respondentane trakk fram tverrfagleg samarbeid som viktig i det alkoholførebyggjande arbeidet, og sju av åtte opplevde samarbeidet som godt. Dei la vekt på at kjennskap til kvarandre både som tenester og tilsette, gjorde at terskelen for å ta kontakt var låg. Det opna for refleksjonar kring dei tilsette sitt ansvar for å samhandle, på tross av manglande kjennskap til kvarandre (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2013). SLT - koordinator refererte til samarbeidsmøte rundt enkeltungdommar og samarbeidsforum for tilsette, og at sistnemnte var ein god arena for å drive haldningsarbeid for tilsette. Hensikta var at alle tilsette skulle ha same informasjon om den lokale russituasjonen, i tillegg til same haldning til heilskapleg førebygging. Såleis kan ein også trekkje linjer mellom kunnskap og haldningsarbeid blant tilsette. Det var skilnad i kven av deltakarane som hadde kjennskap til

den ruspolitiske handlingsplanen. Den respondenten som gav negativ tilbakemelding om det tverrfaglege samarbeidet, var også ein av dei som oppgav minst kjennskap til den ruspolitiske handlingsplanen. Den ruspolitiske handlingsplanen er nok eit godt styringsverktøy, som burde vore kjend for alle som arbeider førebyggjande. Funna våre viser at dei respondentane som har vore deltakande i utarbeiding av planen, også er dei med best kjennskap til den. Den ruspolitiske handlingsplanen er ein del av det heilskaplege førebyggjande arbeidet, som gjer det til eit leiaransvar å sikre at tilsette har kjennskap til planen. Ettersom me ikkje har intervjuar leiarar i dei ulike tenestene, har me heller ikkje kjennskap til korleis dette vert prioritert, eller om innhaldet kjem fram i andre og meir relevante planar. Uavhengig av grunnen, kan det tyde på at planen ikkje er tilstrekkeleg forankra lokalt på Stord.

Oppsummerande viser funna våre at respondentane har eit stort fokus på samanhengen mellom kunnskap, haldningar og handlingar blant ungdom og foreldre. Det framstår som at fleirtalet av respondentane fokusere meir på kunnskapen si rolle i høve ungdommen sine handlingar, kontra omsynet til konteksten og miljøet ungdommen gjer sine val i. Dette ut frå at respondentane i så liten grad reflektera kring fritidsarenaen sin verdi i førebyggjande arbeid. Det vart fleire gongar nemnt at kommunen si heilskaplege innsats er ein medverkande faktor for unge sin alkoholbruk på Stord. Det at respondentane har mindre fokus på fritidsarenaen, gjer at ein kan stille spørsmål ved det heilskaplege perspektivet. Det er likevel naturleg at dei er meir oppteken og har mest kunnskap om arenaen dei sjølv kan påverke.

Respondentane opplev sjølv at dei er nøgd med det alkoholførebyggjande arbeidet, og det er vanskeleg å tyde om det er fordi bruken er låg eller grunngeve ut frå faglege vurderingar. Respondentane reflekterte i liten grad kring utfordringar med det førebyggjande arbeidet, som gjer at det verka som om dei er nøgd fordi bruken er låg. Bruk av rusmidlar og alkohol går i bølgedalar, og me veit ikkje om alkoholbruken blant unge kjem til å ha ein oppsving i framtida. Det gjer at offentleg tilsette bør ha eit heilskapleg syn på kva deira rolle i det førebyggjande arbeidet er. Det heilskaplege fokuset finn me støtte i ruspolitisk handlingsplan, i tillegg til andre offentlege dokumentet (Ruspolitisk handlingsplan, 2020; Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Ruspolitisk handlingsplan er eit godt styringsdokument, og kan nok bidra til ei auka heilskapleg tenking ved at alle tiltaka er samla og vedteke politisk. Samstundes er det viktigaste at tiltaka som kjem fram i planen, også er tydeleg i andre dokument, som er meir aktuelle for dei ulike tenestene.



Ungdom sin trivnad både i skulen, og dei generelle oppvekstvilkåra vert sett på som beskyttande faktorar i høve bruk av alkohol (Øia, 2013; Nasjonal alkoholstrategi, 2021). Det gir stor grunn til å tru at dersom ungdom har aktivitetar dei trivast med på fritida, ein positiv skulekvardag og tillit til foreldra vil spegle seg att i mindre bruk av alkohol. Påstanden finn støtte både nasjonal og internasjonal forskning, som viser til at foreldreinvolvering og grensesetjing påverkar ungdom sin bruk av alkohol (Van der vorst et al., 2006). Ut frå Ungdata (2021) ser ein at ungdom på Stord stort sett har det bra på alle arenaane. Det styrkar vårt inntrykk av at ei heilskapleg tilnærmingar kan ha ei positiv effekt på ungdom sine oppvekstvilkår, som igjen påverkar deira alkoholbruk.

## Litteraturliste

- Alkoholoven. (1989). *Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.* Helse- og omsorgsdepartementet. <https://lovdata.no/lov/1989-06-02-27/§1-5>
- Andreassen, T. A. (2019). Tilnærminger i forskning om samordning og samarbeid. I C. Bjørkquist & M. Jerndahl Fineide (Red.), *Organisasjonsperspektiv på samordning av helse og velferdstjenester*. Cappelen Damm akademisk/NOASP.
- Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet. (2013). *Forebyggende innsats for barn og unge* [Rundskriv]. regjeringen.no. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forebyggende-innsats-for-barn-og-unge/id735078/>
- Barnevernloven. (1992). *Lov om barneverntjenester*. Lovdata. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL\\_1?q=Barnevernlova#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL_1?q=Barnevernlova#KAPITTEL_1)
- Befring, E. (2020). *Sentrale forskningsmetoder: Med etikk og statistikk*.
- Befring, E., & Moen, B.-E. (2011). *Ungdom, læring og forebygging*. Cappelen Damm akademisk.

- Bolstad, A., Skutle, A., & Iversen, E. (2010). *Foreldrerollen i rusforebyggende arbeid-En kunnskapsoppsummering*. Kompetansesenter rus – region vest Bergen.  
<https://d5ysj28nx9nmp.cloudfront.net/1572507742/foreldrerollen-i-rusforebyggende-arbeid-2010.pdf>
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The ecology of human development: Experiments by nature and design*. Harvard University Press.
- Brottveit, G. (2018). *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert*. Gyldendal akademisk.
- Burkhart, G., Tomczyk, S., Koning, I., & Brotherhood, A. (2022). Environmental Prevention: Why Do We Need It Now and How to Advance It? *Journal of Prevention*, 43(2), 149–156. <https://doi.org/10.1007/s10935-022-00676-1>
- Caldwell, L. L., & Darling, N. (1999). Leisure Context, Parental Control, and Resistance to Peer Pressure as Predictors of Adolescent Partying and Substance Use: An Ecological Perspective. *Journal of Leisure Research*, 31(1), 57–77.  
<https://doi.org/10.1080/00222216.1999.11949851>
- Eng, H. (2015, november 24). *Kriterier for klassifisering – nye*.  
[https://ungsin.no/post\\_artikkel/klassifiseringskriterier-nye-kriterier/](https://ungsin.no/post_artikkel/klassifiseringskriterier-nye-kriterier/)
- Fauske, H., Vestby, G. M., & Carlsson, Y. (2009). *Ungdoms fritidsmiljø Ungdom, demokratisk deltakelse og innflytelse*. Barne- og likestillingsdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barn-og-ungdom/utredning-om-ungdoms-fritid/ungdoms-fritidsmiljo.pdf>
- Fekjær, H. O. (2016). *Rus: Bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historie*. Gyl. Akademisk.
- Flertallsmisforståelse. (2010). I M. Andreassen (Red.), *Ordbok, forebygging.no*.  
<https://www.forebygging.no/Ordbok/F-K/Flertallsmisforstaelse/>

- FN. (2020, desember 21). *FNs verdenserklæring om menneskerettigheter*.  
<https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/fns-verdenserklæring-om-menneskerettigheter>
- Garsjø, O. (2018). *Forebyggende og helsefremmende arbeid: Fra individ- til systemorientert tenkning og praksis*. Gyldendal.
- Glavin, K., & Erdal, B. (2018). *Tverrfaglig samarbeid i praksis til beste for barn og unge i Kommune-Norge* (4. utg). Kommuneforl.
- Helland, H., & Øia, T. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Fagbokforlaget.
- Helse- og omsorgstjenesteloven. (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.*  
Lovdata. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL\\_3#%C2%A73-4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL_3#%C2%A73-4)
- Helsedirektoratet. (2021). *Sektorrapport om folkehelse 2021*.  
<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/sektorrapport-om-folkehelse/sunnevalg/alkoholbruk>
- Helsedirektoratet, & Utdanningsdirektoratet. (2014). *Støttmateriell: Rusmiddelforebyggende arbeid i skolen-forslag til læringsaktiviteter*.  
<https://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/Stottmateriell-Rusmiddelforebyggende-arbeid-i-skolen/>
- Helse-og omsorgsdepartementet. (2021). *Nasjonal alkoholstrategi (2021–2025). En helsefremmende og solidarisk alkoholpolitikk*. [Plan]. regjeringen.no.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-alkoholstrategi-20212025/id2838096/>
- Hummelvoll, J. K., Andvig, E., & Lyberg, A. (2010). *Etiske utfordringer i praksisnær forskning*. Gyldendal akademisk.

- Høgskolen i Innlandet. (u.å.). *Datainnsamling og personvern i studentoppgaver*. Henta 12. september 2022, frå <https://www.inn.no/bibliotek/oppgaveskriving/datainnsamling-og-personvern/index.html>
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Damm akademisk.
- Jerndahl Fineide, M., & Bjørkquist, C. (2019). Introduksjon. I M. Jerndahl Fineide & C. Bjørkquist (Red.), *Organisasjonsperspektiv på samordning av helse- og velferdstjenester*. Cappelen Damm Akademisk NOASP.
- Killén, K. (2013). *Barndommen varer i generasjoner forebygging er alles ansvar* (3. utg). Kommuneforl.
- Kompetansesenter rus Region Midt-Norge. (2018). *Lokalt rusmiddelforebyggende arbeid i et folkehelseperspektiv* (IS-2784). Helsedirektoratet.  
[https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/lokalt-rusmiddelforebyggende-arbeid-i-et-folkehelseperspektiv/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf/\\_/attachment/inline/3511e97b-06df-4af6-91df-13ca9e9af3c5:fd22cefb2a070a8e7a411f6ce81f4538875c371e/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/lokalt-rusmiddelforebyggende-arbeid-i-et-folkehelseperspektiv/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf/_/attachment/inline/3511e97b-06df-4af6-91df-13ca9e9af3c5:fd22cefb2a070a8e7a411f6ce81f4538875c371e/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf)
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal akademisk.
- Kvello, Ø. (2008). Transaksjonsmodellen: Mennesker og miljø utvikler hverandre. I Ø. Kvello (Red.), *Oppvekst: Om barns og unges utvikling og oppvekstmiljø* (1.). Gyldendal Norsk forlag.
- Kvello, Ø. (2012). Transaksjonsmodellen. I Ø. Kvello (Red.), *Oppvekstmiljø og sosialisering*. Gyldendal akademisk.
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko skadelige omsorgssituasjoner*. Gyldendal akademisk.

- MOT. (u.å.). *MOT lokalt*. MOT Norge. Henta 12. september 2022, frå <https://www.mot.no/mot-lokalt/>
- Møller, G., & Bentsen, A. (2015). *Hva påvirker alkoholbruken gjennom ungdomstida?* KoRus-Sør. <https://www.forebygging.no/globalassets/hva-pavirker-ungdommens-alkoholbruk-endelig.pdf>
- Pedersen, W. (2015). *Bittersøtt: Nye perspektiver på rus og rusmidler*. Universitetsforlaget.
- Politidirektoratet. (2016). *En veilder for egenvurdering av politirådets arbeid*. POD publikasjon. <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/politirad-og-politikontakt/veileder-for-egenevaluering-av-politiradets-arbeid.pdf>
- Prop. 92 L (2020-2021). (2021). *Endringer i helse- og omsorgstjenesteloven og straffeloven m.m. (Rusreform—Opphevelse av straffansvar m.m.)*. Helse- og omsorgskomiteen. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=83557>
- Rossow, I. M. (2018, februar 12). *Alkohol, narkotika og folkehelse*. Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/artikler/alkohol-og-narkotika/>
- Rye, J. F. (2013). Mead, Berger & Luckmann og de signifikante andre. *Sosiologisk tidsskrift*, 21(2), 169–189. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2928-2013-02-04>
- Rye, M., Sabine, K., & Monica, M. (2021). *MOT-programmet Robust ungdom 12–16 (1. Utg)* (K. B. Breivik, Red.). Ungsinn.no. [https://ungsinn.no/post\\_tiltak\\_arkiv/mot-programmet-robust-ungdom-12-16-1-utg/](https://ungsinn.no/post_tiltak_arkiv/mot-programmet-robust-ungdom-12-16-1-utg/)
- Sekretariatet for konfliktrådene. (2021). *SLT-håndboken: Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsforebyggende Tiltak*. Sekretariatet for konfliktrådene. <https://konfliktraadet.no/wp-content/uploads/2021/06/SLT-handboken-juni-2021.pdf>
- Sosial- og helsedirektoratet. (2006). *Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan*.
- Stord kommune. (u.å.-a). *Om BTI - BTI*. Stord BTI. Henta 12. september 2022, frå <https://stord.betreinnsats.no/om-bti/>

- Stord kommune. (2020). *Rusmiddelpolitisk handlingsplan—Stord kommune*.  
<https://www.stord.kommune.no/rusmiddelpolitisk-handlingsplan.6081578-426929.html>
- Stord kommune. (2022, oktober). *Utekontakten*.  
<https://www.stord.kommune.no/utekontakten.440460.nn.html>
- Storvoll, E. E., & Pape, H. (2007). Ungdom, foreldre og rusmiddelbruk. I L. Wichstrøm & I. L. Kvaalem (Red.), *Ung i Norge: Psykososiale utfordringer*. Cappelen akademisk forlag.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse en innføring i kvalitative metoder*. Fagbokforl.
- Thomassen, M. (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal akademisk.
- Thornquist, E. (2018). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori: For helsefag*. Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Oslo.
- Ungdata junior. (u.å.). *Ungdata*. Henta 4. september 2022, frå <https://www.ungdata.no/hva-er-ungdata-junior/>
- Ungdata senteret. (2021a). *Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Stord kommune 2021 ungdomstrinnet*. [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Ungdomsskule\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Ungdomsskule_Kommune.pdf)
- Ungdata senteret. (2021b). *Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Stord kommune 2021 vidaregåande*. [https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland\\_Stord\\_2021\\_Videregående\\_Kommune.pdf](https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Vestland_Stord_2021_Videregående_Kommune.pdf)
- Van Der Vorst, H., Engels, R. C., Meeus, W., & Deković, M. (2006). The impact of alcohol-specific rules, parental norms about early drinking and parental alcohol use on adolescents' drinking behavior. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 47(12), 1299–1306. <https://doi.org/10.1111/j.1469-7610.2006.01680.x>

- Willumsen, E. (2016). Tverrprofesjonelt samarbeid i utdanning og praksis i helse- og velferdssektoren. I A. Ødegård (Red.), *Tverrprofesjonelt samarbeid: Et samfunnsoppdrag*. Universitetsforl.
- Willumsen, E., Ødegård, A., Sirnes, T., & Ødegård, A. (2016). Nye samarbeidsformer- et samfunnsoppdrag. I *Tverrprofesjonelt samarbeid: Et samfunnsoppdrag* (2. utg). Universitetsforl.
- Yin, R. K. (2018). *Case study research and applications: Design and methods* (Sixth edition). SAGE.
- Øia, T. (2013). *Ungdom, rus og marginalisering* (1.). Cappelen Damm akademisk.

## Vedlegg 1: Intervjuguide

# Intervjuguide

Spørsmål som vart stilt til alle respondentane:

1. Korleis arbeider dykk alkoholførebyggjande på din tenestestad?
2. Korleis vurderer du det alkoholførebyggjande arbeidet knytt til ungdom i Stord kommune?
3. Ein skil mellom universal, selektiv og indiktert førebygging. Kva nivå meiner du er viktigast?
4. Korleis vurderer du nytteverdien av den ruspolitiske handlingsplanen?

Spørsmål som vart stilt til SLT – koordinator og tidlegare tilsette i Utekontakten:

1. Korleis var arbeidet med å utarbeide handlingsplanen?
2. Korleis sikre dykk at tiltaka vert sette i gong/gjennomført?
3. På kva måte vert planen og tiltaka evaluert?
4. Korleis får ungdom medverke i utforminga av planen?
5. Korleis får foreldre medverke i utforming av planen?



## Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

### **Vil du delta i forskingsprosjektet Alkoholførebyggjande arbeid i Stord kommune?**

Dette er ein invitasjon til å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er kartleggje fagpersonar sine erfaringar med det alkoholførebyggjande arbeidet i Stord kommune. Me ynskjer å gjere greie for kva tilsette erfara som positivt og utfordrande med det alkoholførebyggjande arbeidet i kommunen, samt kva nytteverdi dei ser i den alkoholpolitiske handlingsplanen. I tillegg vil me også setje fokus på oppvekstreforma som trådte i kraft 01.01.22.

#### **Bakgrunn og føremål**

Føremålet med studien er å få innsikt i korleis dei tilsette som arbeider med førebygging og ungdommar erfara det alkoholførebyggjande arbeidet i kommunen. Me ynskjer å få betre kjennskap til korleis kommunen arbeider tverrfagleg, samt kva rolle den alkoholpolitiske handlingsplanen spelar i arbeidet. Samstundes vil me også belyse korleis dei tilsette erfara endringane oppvekstreforma førte med seg, og om dette eventuelt påverka dei i deira arbeid med førebygging.

#### **Problemstilling:**

Kva erfaring har tilsette på Stord med det alkoholførebyggjande arbeidet blant ungdom?

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Studien går føre seg ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap ved Høgskulen i Innlandet, der me tek master i tverrfagleg arbeid med born, unge og familiar.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

For å rekruttere informantar til prosjekt har me gjort eit bekvemleghetsutval. Me har teke kontakt med tilsette som arbeider førebyggjande med ungdom på Stord, som me har kjennskap til frå før og som me veit har lang fartstid i den aktuelle tenesta. I samtale har me presentert oss sjølv, vårt prosjekt og føremålet med prosjektet. Du har takka ja til å delta, og fyller difor utvalskriteriar våre.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Deltaking i prosjektet inneber deltaking i t individuelt intervju, som vil ta deg inntil to timar. Dersom me opplev behov for supplerande intervju, er det ynskjeleg om du også samtykker til dette. Me vil samle inn data om dine erfaringar med det alkoholførebyggjande arbeidet, kva nytteverdi du ser i den alkoholpolitiske handlingsplanen, samt i kva grad oppvekstreforma påverkar ditt arbeid. Informantar som har vore med å utarbeida den alkoholpolitiske handlingsplanen vil også verta stilt spørsmål knytt til utarbeiding og evaluering.

Me vil nytte lydopptak, som vil verta lagra elektronisk til seinast dato: 15.06.2023.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet og du kan trekkje samtykke ditt kva tid som helst, utan vidare grunngjeving. Alle personopplysingane dine vil då verta sletta. Det vil ikkje føre til

nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg. Deltaking i prosjektet vil ikkje påverke ditt arbeid.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Opplysingane vil verta handsama i samsvar med personregelverket. Datamateriale vert lagra på ein sikker server. Rettleiar Jan Andersen vil i tillegg til student Lise Ingebrigtsen og Jostein Øgård ha tilgang til innsamla data. Du vil verta anonymisert ved at kontaktinformasjonen din vert erstatta av ein kode, namneliste vert lagra skild frå resten av dataa. Som informant må du likevel vere medviten på at du kan verta kjend att grunna få tilsette i di teneste. Me vil nytte netteneste til å transkribere intervjuet.

### **Kva skjer med opplysingane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Personopplysingane vert lagra fram til 15.06.23 og haldt anonymt så lenge dei er lagra.

### **Kva gjev oss rett til å handsame personopplysingar om deg?**

Me vil handsame opplysingar om deg basert på samtykket ditt. På oppdrag frå Høgskulen på Innlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at handsaminga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar me handsamar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane.
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande.
- å få sletta personopplysingar om deg.
- å sende klage til datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

Høgskulen i innlandet ved Jan Andersen, tlf: 612 88 267, [jan.andersen@inn.no](mailto:jan.andersen@inn.no)

Student, Lise Ingebrigtsen, tlf. 959 72 839, [Lise.Ingebrigtsen@outlook.com](mailto:Lise.Ingebrigtsen@outlook.com)

Student, Jostein Øgård, tlf. 997 72 197, [Josteinogard@gmail.com](mailto:Josteinogard@gmail.com)

Vårt personvernombod: Usman Asghar, tlf. 61 28 74 83, [usman.asghar@inn.no](mailto:usman.asghar@inn.no),

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing

Jan Andersen  
Lise Ingebrigtsen  
Jostein Øgård

Sideskift

### **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet alkoholførebyggjande arbeid i Stord kommune, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- å delta i eventuelt oppfølgjande intervju
- at opplysingar om meg kan publiserast slik at eg kan kjennast att i form av mine erfaringar og synspunkt om undersøkinga sitt tema – dersom det er aktuelt

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

-----  
(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 3: Godkjenning av NSD

**Dato**

02.11.2021

**Type**

Standard

**Referansenummer**

821963

**Prosjektittel**

Alkoholførebygging i Stord kommune

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskolen i Innlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for sosialfag og veiledning

**Prosjektansvarlig**

Jan Andersen

**Student**

Lise Ingebrigtsen

**Prosjektperiode**

15.08.2021 - 15.06.2023

[Meldeskjema](#)**Kommentar**

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 02.11.2021, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

**DEL PROSJEKTET MED PROSJEKTANSVARLIG**

For studenter er det obligatorisk å dele prosjektet med prosjektansvarlig (veileder). Del ved å trykke på knappen «Del prosjekt» i menylinjen øverst i meldeskjemaet. Prosjektansvarlig bes akseptere invitasjonen innen en uke. Om invitasjonen utløper, må han/hun inviteres på nytt.

## TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.06.2023.

## LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

## PUBLISERING

Dere har opplyst at informantene vil kunne gjenkjennes i publikasjonen, og vi legger til grunn at dette er samtykket eksplisitt til. Vi anbefaler at informantene gis anledning til å lese igjennom egne opplysninger og godkjenne disse før publisering.

## PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet.

## DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

## FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Semantix er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Ved eventuell bruk av andre databehandlere (spørreskjemaleverandør, skylagring eller videosamtale) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-enderinger-i-meldeskjema>. Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Kontaktperson hos NSD: Silje Fjelberg Opsvik

Lykke til med prosjektet!

## Vedlegg 4: Databehandleravtale

### Databehandleravtale

I henhold til gjeldende norsk personopplysningslovgivning og forordning (EU) 2016/679 av 27. april 2016, Artikkel 28 og 29, jf. Artikkel 32-36, inngås følgende avtale

Mellom

Høgskulen i Innlandet

Og

Din Gruppen AS (databehandler)

08. mars 2022

Avtalens hensikt er å regulere rettigheter og plikter i henhold til gjeldende norsk personopplysningslovgivning og forordning (EU) 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger, samt om oppheving av direktiv 95/46/EF.

Avtalen skal sikre at personopplysninger ikke brukes ulovlig, urettmessig eller at opplysningene behandles på måter som fører til uautorisert tilgang, endring, sletting, skade, tap eller utilgjengelighet.

Avtalen regulerer databehandlers forvaltning av personopplysninger på vegne av den behandlingsansvarlige, herunder innsamling, registrering, sammenstilling, lagring og utlevering, eller kombinasjoner av disse, i forbindelse med bruk av/behandling i prosjektet alkoholforebyggende arbeid I Stord kommune.

Ved motstrid skal vilkårene i denne avtalen gå foran databehandlers personvernerklæring eller vilkår i andre avtaler inngått mellom behandlingsansvarlig og databehandler i forbindelse med bruk av/behandling I alkoholforebyggende arbeid I Stord kommune.

## 2. Formålsbegrensning

Formålet med databehandlers forvaltning av personopplysninger på vegne av behandlingsansvarlig, er transkribering fra lydopptak av intervjuer.

Personopplysninger som databehandler forvalter på vegne av behandlingsansvarlig kan ikke brukes til andre formål uten at dette på forhånd er godkjent av behandlingsansvarlig.

Databehandler kan ikke overføre personopplysninger som omfattes av denne avtalen til samarbeidspartnere eller andre tredjeparter uten at dette på forhånd er godkjent av behandlingsansvarlig, jf. punkt 10 i denne avtalen.

## 3. Instruksjer

Databehandler skal følge de skriftlige og dokumenterte instruksjer for forvaltning av personopplysninger I alkoholforebyggende arbeid I Stord kommune som behandlingsansvarlig har bestemt skal gjelde.

Din Transkribent forplikter seg til å overholde alle plikter i henhold til gjeldende norsk personopplysningslovgivning som gjelder ved bruk av lydfiler fra alkoholforebyggende arbeid I Stord kommune til behandling av personopplysninger.

Databehandler forplikter seg til å varsle behandlingsansvarlig dersom databehandler mottar instruksjer fra behandlingsansvarlig som er i strid med bestemmelsene i gjeldende norsk personopplysningslovgivning.

- **verbatim transkribering**

- **Det er åtte intervjuer som skal transkriberes.**

## 4. Opplysningstyper og registrerte

Databehandleren forvalter følgende personopplysninger på vegne av behandlingsansvarlig:



- Lydopptak av **åtte** intervjuer med deltagere i prosjektet. Det kan fremkomme navn på personer og institusjoner i intervjuene. Disse, og selve lydopptak av stemmer, er personopplysninger. Materialet består av følgende:
  - o t o intervjuer med lærere med varighet 0,5 – 1 time.
  - o Ett intervju med SLT med varighet 1 – 1,5 timer.
  - o Ett intervju med tidligere ansatt I Utekontakten med varighet 1 — **1,5 time.** o Ett intervju med tidligere ansatt fritidsklubb med varighet 1 – 1,5 time.
  - o Ett intervju med politikontakt med varighet 1 – 1,5 time.
  - o Ett intervju med helsepsyke pleier med varighet 0,5 – 1 time.
  - o Ett intervju med sosialrådgiver med varighet 0,5 – 1 time.
- Databehandler mottar lydfiler digitalt av disse intervjuene. Lise Ingebrigtsen beholder selv kopi av filene til analysen av de transkriberte intervjuene er ferdig. Databehandler bes slette filene når arbeidet med transkribering er ferdig.
- **Lise Ingebrigtsen** ønsker intervjuene transkribert **-Verbatim-**, inkludertnavn og andre personopplysninger som måtte komme frem. Derfor må databehandler sende tekst-filene tilbake til **Lise Ingebrigtsen** på en sikker måte.

Personopplysningene gjelder følgende registrerte:

- **SLT-koordinator, lærere, helsepsykepleier, tidligere ansatt I Utekontakten og fritidsklubb, politikontakt, sosialrådgiver.**

## 5. De registrertes rettigheter

Databehandler plikter å bistå behandlingsansvarlig ved ivaretagelse av den registrertes rettigheter i henhold til gjeldende norsk personopplysningslovgivning.

Den registrertes rettigheter inkluderer retten til informasjon om hvordan hans eller hennes personopplysninger behandles, retten til å kreve innsyn i egne personopplysninger, retten til å kreve retting eller sletting av egne personopplysninger og retten til å kreve at behandlingen av egne personopplysninger begrenses.

I den grad det er relevant, skal databehandler bistå behandlingsansvarlig med å ivareta de registrertes rett til dataportabilitet og retten til å motsette seg automatiske avgjørelser, inkludert profilering.

Databehandler er erstatningsansvarlig overfor de registrerte dersom feil eller forsømmelser hos databehandler påfører de registrerte økonomiske eller ikke-økonomiske tap som følge av at deres rettigheter eller personvern er krenket.

## 6. Tilfredsstillende informasjonssikkerhet

Databehandler skal iverksette tilfredsstillende tekniske, fysiske og organisatoriske

sikringstiltak for å beskytte personopplysninger som omfattes av denne avtalen mot uautorisert eller ulovlig tilgang, endring, sletting, skade, tap eller utilgjengelighet.

Databehandler skal dokumentere egen sikkerhetsorganisering, retningslinjer og rutiner for sikkerhetsarbeidet, risikovurderinger og etablerte tekniske, fysiske eller organisatoriske

sikringstiltak. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig for behandlingsansvarlig på forespørsel.

Databehandler skal etablere kontinuitets- og beredskapsplaner for effektiv håndtering av alvorlige sikkerhetshendelser. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig for behandlingsansvarlig på forespørsel.

Databehandler skal gi egne ansatte tilstrekkelig informasjon om og opplæring i informasjonssikkerhet slik at sikkerheten til personopplysninger som behandles på vegne av behandlingsansvarlig vert ivaretatt.

- Databehandler mottar lydfilene gjennom en kryptert fil-sender. De transkriberte intervjuene vil også potensielt inneholde personopplysninger og må oversendes kryptert.
- Databehandler plikter selv å oppbevare lydfilene og tekstfilene forsvarlig etter personvernregelverket, i kryptert form.

## 7. Taushetsplikt

Kun ansatte hos databehandler som har tjenstlige behov for tilgang til personopplysninger som forvaltes på vegne av behandlingsansvarlig, kan gis slik tilgang. Databehandler plikter å dokumentere retningslinjer og rutiner for tilgangsstyring. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig for behandlingsansvarlig på forespørsel.

Ansatte hos databehandler har taushetsplikt om dokumentasjon og personopplysninger som vedkommende får tilgang til i henhold til denne avtalen. Denne bestemmelsen gjelder også etter avtalens opphør. Taushetsplikten omfatter ansatte hos tredjeparter som utfører vedlikehold (eller liknende oppgaver) av systemer, utstyr, nettverk eller bygninger som databehandler anvender for å levere tjenesten.

Norsk lov vil kunne begrense omfanget av taushetsplikten for ansatte hos databehandler og tredjeparter.

## 8. Tilgang til sikkerhetsdokumentasjon

Databehandler plikter på forespørsel å gi behandlingsansvarlig tilgang til all sikkerhetsdokumentasjon som er nødvendig for at behandlingsansvarlig skal kunne ivareta sine forpliktelser i henhold til gjeldende norsk personopplysningslovgivning.

Databehandler plikter på forespørsel å gi behandlingsansvarlig tilgang til annen relevant dokumentasjon som gjør det mulig for behandlingsansvarlig å vurdere om databehandler

overholder vilkårene i denne avtalen.

Behandlingsansvarlig har taushetsplikt for konfidensiell sikkerhetsdokumentasjon som databehandler gjør tilgjengelig for behandlingsansvarlig.

## 9. Varslingsplikt ved sikkerhetsbrudd

Databehandler skal uten ugrunnet opphold varsle behandlingsansvarlig dersom personopplysninger som forvaltes på vegne av behandlingsansvarlig utsettes for sikkerhetsbrudd.

Varslet til behandlingsansvarlig skal som minimum inneholde informasjon som beskriver sikkerhetsbruddet, hvilke registrerte som er berørt av sikkerhetsbruddet, hvilke personopplysninger som er berørt av sikkerhetsbruddet, hvilke strakstiltak som er iverksatt for å håndtere sikkerhetsbruddet og hvilke forebyggende tiltak som eventuelt er etablert for å unngå liknende hendelser i fremtiden.

Behandlingsansvarlig er ansvarlig for at Datatilsynet vert varslet når dette er påkrevd. 10. Underleverandører

Databehandler plikter å inngå egne avtaler med underleverandører som regulerer underleverandørenes forvaltning av personopplysninger i forbindelse med denne avtalen.

I avtaler mellom databehandler og underleverandører skal underleverandørene pålegges å ivareta alle plikter som databehandleren selv er underlagt i henhold til denne avtalen og lovverket. Databehandler plikter å forelegge avtalene for behandlingsansvarlig på forespørsel.

Databehandler skal kontrollere at underleverandører overholder sine avtalemessige plikter, spesielt at informasjonssikkerheten er tilfredsstillende og at ansatte hos underleverandører er kjent med sine forpliktelser og oppfyller disse.

Behandlingsansvarlig godkjenner at databehandler engasjerer følgende underleverandører for å oppfylle denne avtalen:

(navn på underleverandører)

Databehandler kan ikke engasjere andre underleverandører enn de som er nevnt ovenfor uten at dette på forhånd er skriftlig godkjent av behandlingsansvarlig.

Databehandler er erstatningsansvarlig overfor behandlingsansvarlig for økonomiske tap som påføres behandlingsansvarlig og som skyldes ulovlig eller urettmessig behandling av personopplysninger eller mangelfull informasjonssikkerhet hos underleverandører.

## 11. Overføring til land utenfor EU/EØS

Det er ikke relevant å overføre data utenfor landets grenser, men det forutsetter at databehandler ikke benytter arbeidskraft etc. utenfor Norge.

Personopplysninger som databehandler forvalter i henhold til denne avtalen, vil bli overført til følgende mottakerland utenfor EU/EØS:

(navn på mottakerland)

Det rettslige grunnlaget for overføring av personopplysninger til de nevnte mottakerland utenfor EU/EØS er:

(kort redegjørelse for overføringsgrunnlaget)

## 12. Sikkerhetsrevisjoner og konsekvensutredninger

Databehandler skal jevnlig gjennomføre sikkerhetsrevisjoner av eget arbeid med sikring av personopplysninger mot uautorisert eller ulovlig tilgang, endring, sletting, skade, tap eller utilgjengelighet.

Sikkerhetsrevisjoner skal omfatte databehandlers sikkerhetsmål og sikkerhetsstrategi, sikkerhetsorganisering, retningslinjer og rutiner for sikkerhetsarbeidet, etablerte tekniske, fysiske og organisatoriske sikringstiltak og arbeidet med informasjonssikkerhet hos underleverandører til denne avtalen. Det skal i tillegg omfatte rutiner for varsling av behandlingsansvarlig ved sikkerhetsbrudd og rutiner for testing av beredskaps- og kontinuitetsplaner.

Databehandler skal dokumentere sikkerhetsrevisjonene. Behandlingsansvarlig skal gis tilgang til revisjonsrapportene på forespørsel.

Dersom en uavhengig tredjepart gjennomfører sikkerhetsrevisjoner hos databehandler, skal behandlingsansvarlig informeres om hvilken revisor som benyttes og få tilgang til oppsummeringer av revisjonsrapportene på forespørsel.

## 13. Tilbakelevering og sletting

Ved opphør av denne avtalen plikter databehandler å tilbakelevere og slette alle personopplysninger som forvaltes på vegne av behandlingsansvarlig i henhold til denne avtalen. Behandlingsansvarlig bestemmer hvordan tilbakelevering av personopplysningene skal skje, herunder hvilket format som skal benyttes.

Sletting skal skje ved at databehandler sletter personopplysninger innen (30) dager etter avtalens opphør. Dette gjelder også for sikkerhetskopier av personopplysningene.

Databehandler skal dokumentere at sletting av personopplysninger er foretatt i henhold til denne avtalen. Dokumentasjonen skal gjøres tilgjengelig for behandlingsansvarlig på forespørsel.

Databehandler dekker alle kostnader i forbindelse med tilbakelevering og sletting av de personopplysninger som omfattes av denne avtalen.

## 14. Mislighold

Ved mislighold av vilkårene i denne avtalen som skyldes feil eller forsømmelser fra databehandlers side, kan behandlingsansvarlig si opp avtalen med øyeblikkelig virkning. Databehandler vil fortsatt være pliktig til å tilbakelevere og slette personopplysninger som forvaltes på vegne av behandlingsansvarlig i henhold til bestemmelsene i punkt 13 ovenfor.

Behandlingsansvarlig kan kreve erstatning for økonomiske tap som feil eller forsømmelser fra databehandlers side, inkludert mislighold av vilkårene i denne avtalen, har påført behandlingsansvarlig, jf. også punkt 5 og 10 ovenfor.

## 15. Avtalens varighet

Denne avtalen gjelder så lenge databehandler forvalter personopplysninger på vegne av Behandlingsansvarlig. Avtalen kan sies opp av begge parter med en gjensidig frist på 30 dager.

#### 16. Kontaktpersoner

Kontaktperson hos databehandler for spørsmål knyttet til denne avtalen er: Daro Lahon.

Kontaktperson hos behandlingsansvarlig for spørsmål knyttet til denne avtalen er: Lise Ingebrigtsen.

#### 17a. Lovvalg og verneting

Avtalen er underlagt norsk rett og partene vedtar (fyll inn navn på tingrett) som verneting. Dette gjelder også etter opphør av avtalen.

\*\*\*

Denne avtalen er i 2 — to eksemplarer, hvorav partene har hvert sitt. Oslo [08. mars 2022](#)

På vegne av behandlingsansvarlig

[Lise Ingebrigtsen](#)

(Underskrift)

På vegne av databehandler

DARO LAHON (Underskrift)

*Daro Lahon*